



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 06.02.2018  
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 30.01.2018

Arnulf Goksøyr  
ordfører

## OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 18/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 19/18	Protokoll frå førre møte
PS 20/18	Referatsaker
PS 21/18	Kommunekompasset. Strategi for utvikling av lokaldemokratiet.
PS 22/18	Søknad om oppstart av privat regulering for Nedre Sørli, gnr. 36 bnr. 2.
PS 23/18	Kommunale kjerneverdier
PS 24/18	Språkbruksplan
PS 25/18	Kommunikasjonsplan
PS 26/18	Årsplan 2018
PS 27/18	Busetting av flyktningar 2018
PS 28/18	Kjøp av reinhaldsrobot til Herøy kulturhus og idrettshall
PS 29/18	Slutthandsaming: Fosnavåg hamn, ytre hamn, gnr. 35, bnr. 31 m. fl.
PS 30/18	Søknad om startlån - tilleggsfinansiering Referatsaker
RS 2/18	Informasjon om avvikling av trykte rutehefter



**PS 18/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 19/18 Protokoll frå førre møte**

**PS 20/18 Referatsaker**



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/1083
		Arkiv:	030

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
21/18	Formannskapet	06.02.2018

### KOMMUNEKOMPASSET. STRATEGI FOR UTVIKLING AV LOKALDEMOKRATIET.

#### Tilråding:

Formannskapet ynskjer å utarbeide ein eigen strategi for utvikling av lokaldemokratiet i Herøy kommune.

Særutskrift:

- Formannskapet,

**Vedlegg:**

- Strategi for nær demokrati og borgarinvolvering i Vanylven kommune.

**Saksopplysningar:**

I Kommunekompasset. Evaluering av Herøy kommune – 2016 heiter det under fokusområde 1 Offentlighet og demokratiske kontroll, som tek for seg kommunen sin kontakt med innbyggjarane i eit demokratiperspektiv:

«Herøy har ikke en eksplisitt demokratistrategi som klargjør hvordan lokaldemokratiet i Herøy skal forvaltes i årene som kommer.»

Vanylven kommune har utarbeidd eit dokument som er kalla Strategi for nær demokrati og borgarinvolvering, jfr vedlegg.

Eg ber formannskapet vurdere om det skal utarbeidas ein Strategi for nær demokrati og borgarinvolvering i Herøy kommune.

Fosnavåg, 25.01.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

# Strategi for nærdemokrati og borgarinvolvering



## **Innhald**

· <i>Innleiing</i>	<i>03</i>
· <i>Politikkformulering – mål med strategien</i>	<i>06</i>
· <i>Prinsipp og prosedyrar</i>	<i>07</i>
· <i>Grunnlag for strategien</i>	<i>10</i>



# Innleiing

Vanylven kommune er innbyggjarane. At vi som lever her har høve til å påverke, er sentralt i vårt lokaldemokrati. Det er god samfunnsbygging når innbyggjarane får påverke forhold rundt eige liv og kvardag, og når innbyggjarane kan bidra med lokal kunnskap. Det gjeld ikkje berre i samband med lovpålagde høyringar, men generelt når vi gjer små og store vegval. Slik står vi betre rusta til å skape gode lokalsamfunn saman!

Engasjement frå innbyggjarane kan vere både eit mål og eit middel :

- Eit mål, fordi aktive innbyggjarar som tek ansvar, bidreg og utfordrar skaper sunne og vitale lokaldemokrati med deltaking og engasjement.
- Eit middel, når formålet med deltaking er å dra nytte av den kunnskap og innsikt innbyggjarane har, og dermed kunne ta betre avgjerder

Begge deler er viktig.

Strategien skal sikre nødvendig politisk merksemd og tilstrekkeleg ressursar for å involvere innbyggjarane. Slik blir strategien ein naturleg del av den demokratiske styringa, der representativt demokrati er førsetnaden.

På kommunalt nivå er det kommunestyret som har det endelege ansvaret i avgjerdsprosessane. God borgarinvolvering er heilt sentralt for å gje eit betre grunnlag for avgjerslene.

Dersom vi allereie involverer innbyggjarane, kvifor er det eit behov for ein strategi for nærmedokrati?

Det er fleire grunnar:

- Utviklinga i samfunnet og auka endringstakt gjer oppgåvene til kommunane både fleire og meir komplekse. Mange kommunale oppgaver påverkar direkte innbyggjarane sitt daglegliv. Gjennom medverknad kan innretning og prioritering påverkast
- Over tid er det ei pågåande utskifting av både politikarar og kommunalt tilsette. Ein strategi for nærmedokrati kan vere eitt av fleire verkøy for å sikre kontinuitet, der ein tradisjon med dialog og deltaking blir vidareført og utvikla over tid.
- Innbyggjarane sitt ønskje om og vilje til å vise engasjement, samt å delta i den lokale samfunnsdebatten og ta ansvar, er ein føresetnad for sunn utvikling av demokratiet.

## DELAKTIGHETSTRAPPEN



### Delaktighetstrappa (KS folkevalgthefte)

**Informasjon:** For å kunne delta trengst informasjon. Det inneber å gje innbyggjarane lett tilgjengeleg, balansert og objektiv informasjon som kan hjelpe dei med å forstå problemet og sjå alternati, mulegheiter og eller loysingar.

**Konsultasjon:** Konsultasjon handlar om å få innbyggjarane sin respons på analysar, forslag, alternativ, eller å ta imot og handsame innbyggjarane sine synspunkt, forespurnader og klager.

**Dialog:** Innbyggjarane får høve til på ulike måtar å møte andre for å drøfte sporsmål som handlar om samfunnet si utvikling. Alle skal ha mulegheit til å kome til orde, og innspela vert tekne med i den vidare politiske prosessen.

**Innflytelse/medverknad:** Innbyggjarane får høve til å delta i ei sak over ei lengre periode, og i denne prosessen får dei medverke når det gjeld å identifisere behov, utvikle alternativ og velje forslag loysing, som grunnlag for politiske avgjerder.

**Medbestemmelse:** Det representative demokratiet kan delegerare ansvar til nemnder, styre, utvalg, m.v..

### Kva er borgarinvolvering

Borgarinvolvering handlar om å skape engasjement ved utforming av politikk, planar, strategiar og prosjekt, der folk får høve til å fremje sine synspunkt og dermed påverke innhaldet i avgjerder kommunen skal ta.



### Døme på dialog og involvering i Vanylven kommune:

- Brukarpanel
- Dialogmøte
- Digital kontakt
- Opne brukarkonferansar

Som det går fram av namnet, handlar denne strategien om nærdemokrati forstått som **involvering** av **innbyggjaren** som medborgar med tanke på heilskapen – ikkje borgaren som enkeltperson eller som brukar av kommunale tenester.

#### Brukar eller borgar?

Som samfunnsborgarar er vi alle i ulike samanhengar brukarar av samfunnet sitt tenestetilbod. Likevel kan vi skilje mellom borgar som handlar som medborgar, og borgar som handlar ut i frå eit brukarperspektiv. Og det er nettopp perspektivet som er forskjellen.

Ein **medborgar** opptrer som ein medlem av (lokal) samfunnet og held seg til samfunnsproblem ut frå overordna haldningar, verdiar og ideal. Når ein borgar til dømes går inn i eit brukarutval, skuleutval eller liknande ut frå eit generelt engasjement i kva verdiar som skal **gjelde for dette området**, tek borgaren på seg eit ansvar som medborgar.

Ein **brukar** opptrer som forbrukar av samfunnet sine velferdsytningar og har fokus på kva sørvisytningar samfunnet **kan** tilby. Det kan til dømes vere ein forelder i ein skule eller ein bibliotek-lånar, som fokuserer på korleis ytinga tilgodeser **konkrete behov** for vedkommande, ikkje på skulen eller biblioteket generelle forhold og rolle i samfunnet.

**Strategien skal vere knytt til overordna strategiar, politikk, planar og prosjekt, som har innverknad på heile kommunen, større deler av kommunen eller for eit lokalområde si generelle utvikling – ikkje saker som berre har interesse for få personar.**

Kommunen har sjølv sagt eit mål om eit godt samarbeid med lag, organisasjonar, foreiningar, næringsliv med meir, og det samarbeidet må kommunen naturlegvis vidareutvikle. Dette er imidlertid ikkje emne for denne strategien, der fokus er å ta med den enkelte borgaren som medborgar.

Vanylven kommune har ein nærdemokratiportal: [www.vanylven.kommune.no/naerdemokrati](http://www.vanylven.kommune.no/naerdemokrati) – ein felles inngang til alt som skjer innanfor områda borgarinvolvering og nærdemokrati i Vanylven kommune. Dette er eitt av fleire kanalar for å legge til rette for involvering og medverknad.

#### Kommunens digitale fleirkanalstrategi hjelper oss å nå måla for dialog og involvering



Borgarinvolvering kan føregå i mange former, alt avhengig av tema og målgruppe. Difor er det utarbeidd ein fleirkanalstrategi som del av handlingsdelen til denne planen, der ulike prosessar og kanalar er skildra, både fysiske og virtuelle.

# Politikkformulering - mål med strategien

1. Borgarane skal ha høve til å bli høyrde og bli tekne med i forkant av dei politiske avgjerdene

**Borgarane skal ha reelle høve til å delta, og det betyr at:**

- Kommunen skal leggje til rette for involveringsprosessar i samband med alle overordna strategiar, politikk, planar og prosjekt.
- Spelerommet for medverknad til borgarane skal vere klart frå starten.
- Kommunikasjonen i samband med involveringsprosessane skal tilpassast målgruppe og emne.
- Det skal alltid skje ei oppfølging og tilbakemelding om den vidare saksgangen til deltakarane i ein involveringsprosess.

2. Borgerane sin kunnskap om lokale forhold skal medverke til å kvalifisere politikarane sitt avgjerdsgrunnlag.

**Politikarane har behov for å få tilgang til kunnskap og synspunkt frå ein brei krets av borgarar og aktørar. Det betyr at:**

- Alle interessentane skal ha høve til å seie si meining med tanke på eit breitt vedtaksgrunnlag.
- Kommunen skal strekkje seg for å få alle relevante partar med – også frå dei gruppene som sjølv ikkje tek kontakt med kommunen.

3. Involvering av borgarane skal føre til større forståing for og medeigarskap til dei politiske avgjerdene

**Målet er, gjennom tilrettelagde involveringsprosessar, å skape grunnlag for en høgare grad av forståing når vedtak er fatta, som vil seie at:**

- Det skal arbeidast med – gjennom dialog og involvering – å gje borgarane medansvar og medeigarskap i høve til den kommunale oppgaveløysinga.
- Borgarane sitt bidrag til debatten skal så langt mogleg vere avleseleg og gjenkjenneleg, enten direkte i vedtaket sitt innhald eller i eit forord eller liknande, der det skal gjerast greie for dei politiske val og prioriteringar som ligg til grunn for den endelege avgjerda.

4. Borgarane sitt engasjement og interesse for medborgarskap skal løftast og det skal arbeidast for å gje borgarane auka innverknad og medansvar.

**Det ligg eit viktig dannelsasppekt i å fremje borgarane sitt engasjement i utviklinga av kommunen og kjensla av medansvar for fellesskapet. Brei representasjon er ein viktig del av demokratiet, og det betyr at:**

- Kommunen skal – gjennom å leggje til rette for involveringsprosessane, søkje å få borgarane til å engasjere seg breitt og tenkje som medborgarar, ikkje berre som brukarar
- Det skal jobbast med å ta med alle befolkningsgruppene, uansett kjønn, alder, etnisitet og borgarleg nivå.
- Vanylven kommune ser lokaldemokratiet som ein samfunnsskapande aktivitet, der borgarane sine ressursar blir mobilisert til gagn for fellesskapet.
- Dei politiske partia har eit særleg ansvar for å delta, engasjere seg og fungere som formidlarar.

## Lovgjevinga sine krav til involvering

Generelt har kommunestyret den heile avgjerdskompetanse i høve til kommunelova. Dei lovgjevingsmessige krava til borgar- og brukarinvolvering finn ein særleg innanfor bestemte sektorområde.

Krav til involvering av borgarane eksisterer primært i lovgjevinga på plan- og miljøområdet i samband med vedtak av kommuneplanar og lokalplanar. Resultatet av høyringar er ikkje rettsleg bindande for kommunestyret.

Krav til involvering av brukarane er kjent mellom anna frå NAV-lova og frå grunnskulelova, der brukarane, foreldre og andre parorande blir tekne med i drifta av den enkelte eininga via val av representantar til eininga sitt råd.

Kommunen er forpliktia til å setje ned brukar- og paroranderåd med rådgjevande og innstillande funksjonar i høve til kommunestyret. Det same gjeld med til domes eldreråd og råd for funksjonshemma.

# Prinsipp og prosedyrar – visjonær utøving i praksis

**A. Borgarinvolvering skal vere ei obligatorisk vurdering i startfasen av ei oppgåve – der kommunen alltid tek politisk stilling til korleis og i kva omfang borgarane skal takast med.**

Ein av føresetnadene for at borgarane med fordel kan mobiliserast til deltaking, er at kommunestyret vurderer kva prosessar som på dei ulike områda kan sikre ei optimal involvering.

Det skal fastsetjast ei prosedyre, som kan sikre at vurderinga finn stad i kvart enkelt tilfelle – både på politisk nivå og i administrasjonen.

Karakteren av borgarinvolvering skal avgjerast i startfasen for kvar enkelt oppgåve. Politikarane sine innleiande vurderingar skal såleis vere med til å avklare:

- korleis forma for borgarinvolvering skal vere
- kva aktørar som er relevant å ta med på det aktuelle område
- kva omfang borgarinvolvering skal ha

Spelerommet for borgarane si påverknad skal alltid **tydeleggjerast**. Det skal gå fram kvar ein kan **påverke** og kvar det er avgrensingar på borgarpåverknad, eksempelvis p.g.a. lovgjeving, økonomi eller liknande. Det er avgjerande at det i kvart enkelt tilfelle frå starten av blir **gjort tydeleg** for alle kva som er til diskusjon, og kva som ikkje er det.

Det skal arbeidast med krav om bruk av høyringsprosess (i kva saker og i kva form) – og innarbeidast som ein fast del av det politiske avgjerdsgrunnlaget. Høyringsresultata skal inngå som del av det politiske avgjerdsgrunnlag.

**B. Borgarane har rett til å bli høyrde, og dei skal ha reelle høve til å delta**

Retten til å bli høyrte omfattar politikk, strategiar, planar og prosjekt, som har brei interesse for innbyggjarane.

Kommuneadministrasjonen har ansvaret for å prioritere på tvers og vege særinteresser mot kvarandre, når eit spørsmål eller ein plan har vore diskutert. Det er difor viktig, at det ved involvering blir sikra at alle interessentar har hatt **høve til å bli høyrde**.

Det er grupper av borgarar som av ulike årsaker ikkje kan delta i den politiske debatten, der eksempelvis møteform, tidspunkt eller stad kan vere ein barriere for deltaking. Rammene for borgardeltaking må difor tilpassast i **høve** til dei ulike gruppene sine behov, moglegheiter og lyst til å delta.

Det skal bli gitt nødvendig tid til høyringar, slik at politiske organ får nok tid til ei grunding sakshandsaming.

## Sitat fra KS sin idékatalog:

Kommunen skal gjenspegle alle folkegrupper, uansett alder, kjønn, etnisitet og bustad. Folk er ulike. Folk har ulike interesser. Også dei som ikkje brukar å tale i ei sak, skal høyrast.

### C. Borgarane skal takast med i prosessen så tidleg som mogleg.

Borgarane skal – der det let seg gjere – ha høve til å prege ei "sak" frå start. Grunnlaget for debatten skal naturlegvis vere tilstrekkeleg utgreidd frå kommunen si side før involvering finn stad. Ved store prosjekt skal det leggjast vekt på at borgaren i startfasen blir invitert til dialog.

Det er generelt viktig at borgaren blir teken med allereie på det tidspunktet i prosessen, der det er mogleg for borgaren både å komme med merknader og å legge fram alternativ til kommunen sitt forslag.

#### Sitat frå KS sitt idéhefte

Borgaren skal bli teken med både før, under og etter ei avgjerd er teken. Det gjev borgaren høve til å følgje heile prosessen, få reell påverknad undervegs, samt betre å forstå den endelege avgjerda. Borgaren vil i høgare grad føle eigarskap for saka.

#### [sitat frå arbeidsmøte]

Politikarane og administrasjonen er begge partar, ambassadørar og kulturberarar av borgarinvolvering.

### D. Det skal setjast fokus på formidling og kommunikasjon. Nøkkelord: målretta, nødvendig og tilstrekkeleg.

Ein føresetnad for at borgaren skal kunne bidra, er at ein har kjennskap til dei aktuelle tema, prosjekt og saker som kommunestyret ønskjer å få til debatt – det vil seie at ein som minimum veit at prosessen finn stad.

Det skal tenkjast kommunikasjon i heile borgarinvolveringsprosessen. Borgarane skal ha **nødvendig** og tilstrekkeleg informasjonen ved involveringa. Til dette høyrer tilbakemeldingar om prosessen si utvikling. Informasjonen skal vere målretta, forståeleg og lett tilgjengeleg.

Kommunikasjonen skal vere open og profesjonell. Kommunikationsforma skal tilpassast formålet og vil vere ulike, alt etter om formålet eksempelvis er å informere eller å gå i dialog med borgarane.

I kommunikasjonen skal det alltid vurderast korleis ein når målgruppa, kva kanalar er mest effektive? Skal det kommuniserast via særlege media, via kontaktpersonar eller andre kanalar.

Vanylven kommune har utarbeidd ein fleirkanalstrategi for nærdemokrati og borgarinvolvering i Vanylven kommune. I dette ligg det at ein vurderer ei rekke kanalar, både virtuelle og meir klassiske kanalar i møte med innbygarane.

Nærdemokrati-portalen skal utviklast og nyttast til kommunikasjon når det gjeld borgarinvolvering og nærdemokrati.

Informasjon om aktuelle debattar, høyringar, dialogmøte m.v. skal samlast på [www.vanylven.kommune.no](http://www.vanylven.kommune.no)

#### Sitat fra KS idéhefte

Utan god informasjon, ingen engasjement. Alle borgarar får mykje informasjon frå mange forskjellige stadar – vi skal fram til den vesentlege informasjonen og den gode formuleringa.

### **E. Kommunen sine politikarar og tilsette er ambassadørar og kulturberarar av borgarinvolvering**

Strategien skal sikre at involvering av borgarane er ein naturleg og integrert del, både av det politiske og administrative arbeidet i kommunen.

Det skal arbeidast med ei brei implementering av borgarinvolvering i administrasjonen. Utfordringa for forvaltinga er å setje rammene for god involvering og dialog: å gjere det innbydande, lett tilgjengeleg og spennande for den enkelte borgar å kunne delta med nettopp deira erfaringar og føresetnader.

Dei tilsette skal hjelpe prosessen når det gjeld borgarinvolvering og nærdemokrati, og vere med på å utvikle nye demokratiformer, enten det er snakk om å yte hjelp til å setje i gang borgarinitierte prosessar i lokalområdet eller generelt å yte konsulentbistand når det gjeld emne innanfor demokrati og borgarinvolvering.

### **F. Prosessar, metodar og fagleg kompetanse skal fortløpande evaluerast med tanke på justeringar og forbetringar**

Formålet med evalueringa er å etterprøve i kor stor grad, korleis og i kva samanhengar kommunen lever opp til strategien sitt mål.

Evalueringa skal vere retta mot hovudaktørane: borgarane, politikarane og kommunen sine tilsette.

Målet med evalueringa er å følge utviklinga i arbeidet med eit styrka nærdemokrati. Til dette høyrer også å avklare behovet for eventuelle justeringar og forbetringar undervegs via dokumentasjon og kunnskap for å skape eit overblikk, som formidlast til borgerane, politikarane og den kommunale organisasjonen.

Første fase vil vere ei evaluering av om organisasjonen arbeider som føreset i strategien. Derneft vil det i løpet av valperioden 2018–2019 bli gjennomført ei evaluering av borgarane og politikarane sine opplevingar når det gjeld involvering, påverknad og medansvar.



#### **[sitat frå arbeidsmøte]**

Politikarane og administrasjonen er begge partar, ambassadørar og kulturberarar av borgarinvolvering.

Både KS sitt idéhefte og referat fra workshops til politikarane kan ein finne på kommunen si webside for nærdemokrati: [www.vanylven.kommune.no/naerdemokrati](http://www.vanylven.kommune.no/naerdemokrati)

#### Hovudbodskapen frå KS sitt idéhefte

- Kommunikasjon må vere meir målretta
- Det bør vere eit spesielt fokus på involvering /mobilisering av grupper som elles kan vere vanskeleg å få i tale
- Unge menneske bør ha særleg fokus for å auke interessa for lokaldemokratiet
- Innbyggjarane sitt engasjement bør skje tidleg i prosessen og vere ekte og det må vere klart at innspel frå innbyggjarane blir teke omsyn til når avgjerder blir tekne.







HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/1449
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/18	Formannskapet	06.02.2018

**SØKNAD OM OPPSTART AV PRIVAT REGULERING FOR NEDRE SØRLIA,  
GNR. 36 BNR. 2.**

**Tilråding:**

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av privat reguleringsarbeid for Nedre Sørli, del av gnr. 36 bnr. 2, i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8.

Særutskrift:  
B. Tarberg AS

**Vedlegg:**

- 1 Søknad om oppstart av privat planarbeid - bestilling av oppstartsmøte.
- 2 Referat fra oppstartsmøte 22.11.17

**Samandrag av saka:**


Plankonsulent B. Tarberg AS har på vegne av BT utbygging søkt om løyve til oppstart av privat planarbeid for nytt bustadfelt i nedre Sørliia. Føremålet er todelt:

- 1) å legge til rette for bustader i område som er avsett til bustader i kommuneplanen.
- 2) å nytte eit tilliggande landbruks-, natur- og friområde (LNF) til føremål bustader og naust. Punkt 2 er ikkje i samsvar med føremål i kommuneplanen sin arealdel.

Innanfor planområdet ligg ein naturleg terrengformasjon, ein kulle med 19 meter høgde. Denne ligg inne i planområdet, på grensa mellom dei to føremåla bustader/LNF. Plankonsulent har i oppstartsmøte den 22.11.17 gjort greie for at det er ynskjeleg med terrassering inn mot denne kullen frå begge sider, frå sørvest med naust og frå nordaust med bustader. Det vert to hovudspørsmål i søknaden: 1) Bør ein tillate naust i LNF-område? Og 2) Bør ein tillate at kullen vert terrassert som omsøkt. Er kullen eit viktig landskapselement? Fungerer den som skydd mot vind? Er den nytta som leikeområde for barna i bustadfeltet? Vi ynskjer tilbakemelding om synspunkt på dette spørsmålet, for å kunne avgjere grad av terrengbearbeiding og avgrensing av reguleringsplanområdet.

Det går ein sti gjennom planområdet frå naustområdet/Toftestøvegen og opp til byggefeltet/nedre Sørliia-vegen. Denne bør ivaretakast som snarveg for gåande. Stien er markert på våre kart med stipla linje.





Figur 2: Omsøkt planområde ligg innanfor raud ellipse. Det gule B69 er avsett til bustadområde med krav om regulering. Grønt område (LNF) innanfor svart stiplinje i sørvest er søkt nytta til naust. Toppunktet på kollen (19 meter) viser med raud prikk.

### Vurdering og konklusjon:

Det synest greitt å regulere til bustader i avsett område. Spørsmåla om ein skal gi løyve til å nytte LNF-område til naust og om ein bør terrassere kollen er ein meir i tvil om. Difor ynskjer vi å formidle denne tvilen og be om synspunkt frå overordna planmynde, naboar, grendelag og naustlag før ein tek endeleg standpunkt i saka.

Vi foreslår at det vert varsla oppstart for heile det omsøkte området og at ein varslar breitt om oppstart og problemstillinga. Så tek vi ei nærere vurdering av planavgrensing og utnytting av området (terrassering av kollen) når uttalane til oppstartsvarslinga ligg føre.

Det blir eit krav at det vert regulert for fortau eller gang- og sykkelveg langs Toftestøvegen i same utstrekning som storleiken på planområdet.

Fosnavåg, 18.01.2018


Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth




Det er ikkje gjennomført oppstartsmøte med Utviklingsavdelinga og vi ynskjer her å bestille eit slikt møte for vidare framlegging av sak til Formannskapet om oppstart av planarbeid.



Formålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for nye bustadtomter innanfor eit avgrensa område B69 i Sørliia. Forslagsstillar ynskjer å utvikle området (A) til bustadområde i samsvar med overordna kommuneplan.

Denne reguleringsplanen vil grense til eksisterande reguleringsplan for Sørliia. Vidare er den avgrensa til Toftestøvegen. Intensjonane med planarbeidet er i hovudsak bustadføremål, men tiltakshavar ynskjer også å innlemme bustader og naust i sørlege delen av planområdet (B) som soknar til Toftestøvegen.



Planområde sett i 3D perspektiv frå sør vest




Planområde sett i 3D perspektiv frå sør aust

Planinitiativet vil vere i samsvar med kommunens overordna planar og ønske om satsing på nye bustader sentralt på Bergsøya og det maritime med nye naust i Herøy kommune. Forslag til planavgrensing er vist på vedlagt kartskisse og omfattar eit areal på omlag 10,2 daa. Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for bustadformål B69, men planområdet omfattar også ein mindre del som er avsett til LNF-formål i kommuneplanen.

**B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG**  
**TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026**  
**post@tarberg.no**  
[www.btarberg.no](http://www.btarberg.no)



Vi meiner at det planfagleg og med omsyn til eksisterande terreng og utnytting av bustadområdet vil vere fornuftig at også denne delen blir ein del av reguleringsplan og omdisponert til bustadføremål. Dagens grense mellom bustad og LNF-for dette området oppfattar vi som «grov» og tek ikkje omsyn til ei heilskapleg utnytting av området. Her vil vi oppmode planutvalet til å sjå positivt på at også denne delen kjem med i planen.



Utsnitt av gjeldande arealstatus for området

Hovudprinsipp for utnytting av området

Forslagsstillar ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for:

- Veg
- Bustader (frittliggjande småhusbebyggelse)
- Leikeplass
- Naust
- Grønstruktur

**B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG**

**TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026**

**post@tarberg.no**

[www.btarberg.no](http://www.btarberg.no)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.

#### Skissert utnytting av området:

Forslagsstillar ynskjer å legge til rette for bustader gjennom regulering av området B69 i kommuneplanens arealdel, der ein ser føre seg ein tilkomstveg inn i området frå Toftestøvegen med eit heilskapleg system med tomter som soknar til vegen på begge sider. Det blir lagt til rette for ein nærleikeplass på 200 kvadratmeter i samsvar med krava i kommuneplanen. Leikeplassen er tenkt lokalisert inntil eksisterande regulert leikeplass, slik at denne vil bli utvida. Det vil då vere gangavstand inntil 50 meter frå alle tomtene.

Planinitiativet vil vere i samsvar med kommunens overordna planar og ønske om satsing på bustader og det maritime med naust, og forslagsstillar forventar difor at kommunen vil vere positive til den utviklinga som det her blir lagt opp til med reguleringsplanen.

Vi håper kommunen kan finne tid til oppstartsmøte og at ein kan forvente ei snarleg vidare handsaming i formannskapet.

Med vennleg helsing



Aleksander Zahl Tarberg

Daglig leder / planlegger

**B.TARBERG AS**

Mobil: 46674461

E-post: [aleksander@btarberg.no](mailto:aleksander@btarberg.no)

#### Vedlegg:

1. Kart med planavgrensing M 1:500
2. SOSI-fil plangrense
2. Referatskjema for oppstartsmøte (delvis utfylt)

Kopi: BT Utbygging AS c/o Bjørn Tarberg

**B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG**

**TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026**

**post@tarberg.no**

**[www.btarberg.no](http://www.btarberg.no)**

# REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang).

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet..

<b>Sak:</b>	
<b>Møtestad:</b> Herøy rådhus	<b>Møtedato:</b>
<b>Deltakarar:</b>	
Frå forslagsstillar	Frå kommunen
Aleksander Zahl Tarberg	
	Andre:

<b>1. Planføresetnader</b>
<b>Plantype</b>
<input type="checkbox"/> Områderegulering
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering
<input type="checkbox"/> Endring av reguleringsplan
<b>Området er omfatta av følgjande planar</b> (informasjon finn ein her <a href="http://www.sunnmorskart.no">www.sunnmorskart.no</a> )
Kommuneplanen sin arealdel <small>B69 bustadområde, LNF-område</small> .....
Kommunedelplan.....
Reguleringsplan.....
Bebyggelsesplan.....
Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....
<input type="checkbox"/> Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit: .....
<input type="checkbox"/> Planen vil erstatte delar av følgjande planar: .....
<b>Avgrensing av planområdet</b> ( <a href="http://www.sunnmorskart.no">www.sunnmorskart.no</a> )
Tiltakshavar kjem med framlegg til avgrensing av planområdet. Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet.

**Mål for planarbeidet:**

Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål

Regulering av bustadområde i samsvar med overordna formål i kommuneplanens arealdel. Tilrettelegging av nye naust i sørlege delen av planområde

**Namn på planen:**

Forslagsstillar sitt forslag til namn: "Detaljreguleringsplan for nedre Sørliå bustadfelt gnr. 36 bnr. 2"

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

Planforslaget er i samsvar med overordna plan.

Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad:.....

**Pågåande planarbeid**

Det pågår ikkje anna planarbeid i området

Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:.....

**Planprogram**

Utløyser planen krav om planprogram ?(jf. § 4-1 i planlova) ?

Merknad: <sup>Nei</sup>.....

**Konsekvensutgreiing**

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad: <sup>Nei</sup>.....

**Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak**

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad: <sup>Nei</sup>.....

**2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:**

Kommunale vedtekter/forskrift

- parkeringsvedtekt
- forskrift om gebyrregulativ

Kommunale retningslinjer

- kommuneplanen sine retningslinjer
- krav til leikeplassar

Bestemmelsar i arealdel av k-plan

Merknad:

Parkering vil bli tatt omsyn til i plankart og føresegner, samt skildra/illustrert i planomtalen.

<b>3. Viktige vurderingar</b>	
3.1 Planfaglege vurderingar (utnytingsgrad, krav til stigning m.m.)	Spesielle forhold – tilleggsopplysningar: Bustader frittliggjande - BYA 35 % Nausttomter (60 m2) i sørlige del av område
3.2. Strandsona til sjø og vassdrag	Ikkje aktuelt pga lokalisering og kotehøgde
3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Ikkje aktuelt. Tynt vegetasjonsdekke og fjell
3.4 Miljøvern faglege vurderingar	Det vil bli skildra og vurdert i planomtalen
3.5 Kulturlandskap og kulturminne	Ikkje kjende registreringar i området merka i kart. Vil bli omtalt i planomtalen.
3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	Havnivå og bølgepåverknad vil bli tema i planomtalen og ROS-analyse. Ikkje naudsynt med vurderinga pga kotehøgde
3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser	Bruk av data frå barnetrakk. Punkt vil bli vurdert i planomtalen. Ny leikeplass
3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafiksikkerheit, støy	Ny vegløyseing til området vil bli grundig vurdert og omtalt i planomtalen.
3.9 Kommunaltekniske anlegg	Dette vil bli vurdert i planomtalen og utarbeidd ein VA-plan, IN-plan
3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen	Nei. Ikkje så ein kjenner til på noverande tidspunkt.
<input type="checkbox"/> Anna:	Naudsynt med bearbeiding av terreng for å oppnå utnytting av byggeområda. Innlemming av LNF-område til bustadformål, samt nye nausttomter i sør.
<b>4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:</b>	
Forslagsstillar skal følgje kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan	Merknad:
Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg	
<b>5. Kommunalteknisk anlegg</b>	
Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.	Merknad: Veg vil bli planlagt etter kommunen sine krav i "Rettleiar for dimensjonering av vegar i Herøy kommune"

<input type="checkbox"/> Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget  <input type="checkbox"/> Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	
--	--

**6. Kommunen sine råd og vurderingar**

Er planforslaget i samsvar med overordna plan?  
  
Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng?  
  
Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan?  
  
Skal forslaget leggjast fram for formannskapet?  
  
Vidare saksgang:  
  
Anna:

**7. Stadfesting**

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Stad, dato.....

Representantar frå kommunen:.....

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar.....

## REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang).

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet..

<b>Sak:</b>	
<b>Møtestad:</b> Herøy rådhus	<b>Møtedato:</b> 22.11.2017
<b>Deltakarar:</b>	
Frå forslagsstillar	Frå kommunen
Aleksander Zahl Tarberg	Tanja Røfteseth (plan)
	Fred Arnesen (anlegg)
	Andre:

### 1. Planføresetnader

#### Plantype

- Områderegulering
- Detaljregulering
- Endring av reguleringsplan

**Området er omfatta av følgjande planar** (informasjon finn ein her [www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no))

Kommuneplanen sin arealdel B09 bustadområde, LNF-område .....

Kommunedelplan.....

Reguleringsplan.....

Bebyggelsesplan.....

Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

**Avgrensing av planområdet** ([www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no))

Tiltakshavar kjem med framlegg til avgrensing av planområdet. Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet.

**Mål for planarbeidet:**

Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål

Regulering av bustadområde i samsvar med overordna formål i kommuneplanens arealdel. Tilrettelegging av nye naust i særlege delen av planområde

**Namn på planen:**

Forslagsstillar sitt forslag til namn: "Detailreguleringsplan for nedre Særlia bustadfelt gnr. 36 bnr. 2"

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

Planforslaget er i samsvar med overordna plan. *Delvis*

Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad: *Særleg del ligg i LNF-område i kommuneplanen.*

**Pågåande planarbeid**

Det pågår ikkje anna planarbeid i området

Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad: .....

**Planprogram**

Utløyser planen krav om planprogram (jf. § 4-1 i planlova)?

Merknad: *Nei* .....

**Konsekvensutgreiing**

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad: *Nei* .....

**Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak**

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad: *Nei* .....

**2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:**

Kommunale vedtekter/forskrift

- parkeringsvedtekt
- forskrift om gebyrregulativ

Kommunale retningslinjer

- kommuneplanen sine retningslinjer
- krav til leikeplassar

Bestemmelsar i arealdel av k-plan

Merknad:

Parkering vil bli tatt omsyn til i plankart og føresegner, samt skildra/illustrert i planomtalen.



### 3. Viktige vurderingar

3.1 Planfaglege vurderingar (utnytingsgrad, krav til stigning m.m.)	Spesielle forhold – tilleggsopplysningar: Bustader frittliggjande - BYA 35 % <b>OK</b> Nausttomter (60 m <sup>2</sup> ) i sørlige del av område
3.2. Strandsona til sjø og vassdrag	Ikkje aktuelt pga lokalisering og kotehøgde
3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Ikkje aktuelt. Tynt vegetasjonsdekke og fjell
3.4 Miljøvern faglege vurderingar	Det vil bli skildra og vurdert i planomtalen
3.5 Kulturlandskap og kulturminne <i>Sti i området bør ivaretaast</i>	Ikkje kjende registreringar i området merka i kart. Vil bli omtalt i planomtalen.
3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	Havnivå og bølgepåverknad vil bli tema i planomtalen og ROS-analysa. Ikkje naudsynt med vurderinga pga kotehøgde
3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser <i>Sti.</i>	Bruk av data frå barnetrakk. Punkt vil bli vurdert i planomtalen. Ny leikeplass <i>oppgiast Anslå</i>
3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafikksikkerheit, støy <i>God sikt i kryss</i>	Ny vegløyasing til området vil bli grundig vurdert og omtalt i planomtalen. <i>Privat?</i>
3.9 Kommunaltekniske anlegg <i>Privat vatn, kommunalt avløp</i>	Dette vil bli vurdert i planomtalen og utarbeidd ein VA-plan, IN-plan
3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen	Nei. Ikkje så ein kjenner til på noverande tidspunkt.
<input type="checkbox"/> Anna: <i>AVfall. Vurdere fellesløyasing? Tilskrive SSR i høyringa.</i>	Naudsynt med bearbeiding av terreng for å oppnå utnytting av byggeområda. Innlemming av LNF-område til bustadformål, samt nye nausttomter i sør.

### 4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:

Forslagsstillar skal følgje kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan	Merknad:
Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg	<i>→ All planinformasjon skal leverast i redigerbart format, evt i tillegg til PDF sosi-versjon 4.5 p.t.</i>

### 5. Kommunalteknisk anlegg

Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.	Merknad: Veg vil bli planlagt etter kommunen sine krav i "Rettleiar for dimensjonering av vegar i Herøy kommune"
---	---

<input type="checkbox"/> Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget	Må koble på kommunalt avløp, eksist.
<input type="checkbox"/> Tiltaket utløyer krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Må vurderast nærare i plnt, tiltaket sin storleik. Nemne i planomtalen. Innarbeide G/s-veg langs planområdet / Tofte stavegen Tiltaket utløyer ikkje krav. Veg blir bygd som felles privat veg.

### 6. Kommunen sine råd og vurderingar

Er planforslaget i samsvar med overordna plan? *Delvis*

Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng? *Krev evt. noko terrengbearbeiding*

Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan? *Ja, med forbehold om aksept for terrengbearbeiding*

Skal forslaget leggjast fram for formannskapet? *Ja*

Vidare saksgang:

*Sak om oppstart i fsk.*

Anna:

### 7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Stad, dato..... *22/11/17* .....

Representantar frå kommunen: *Fred Amnesen* ..... *Sanja Røfteseth* .....

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar..... *Alvino Tully* .....



Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/1547
		Arkiv:	030

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/18	Arbeidsmiljøutvalet	06.02.2018
23/18	Formannskapet	06.02.2018
	Kommunestyret	15.02.2018

### KOMMUNALE KJERNEVERDIAR

#### Tilråding:

Kommunestyret vedtek at det vert sett eit sterkare fokus på å byggje kjerneverdiane respekt, tillit og samhandling for at kommunen skal kunne leve opp til visjonen sin om å vere ei båtlangd føre og kunne kallast ein «kvalitetskommune».

Desse verdiane må forankrast i heile organisasjonen, politisk og administrativt. Dette er eit leiaransvar. Slik forankring er ikkje gjort ein gong for alle, men må skje kontinuerleg, og det må nyttast ulike verkemiddel.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudtillitsvalde

### **Samandrag av saka:**

Rådmannen rår til at det vert sett eit sterkare fokus på å byggje kjerneverdiane respekt, tillit og samhandling for at kommunen skal kunne leve opp til visjonen sin om å vere ei båtlangd føre og kalle seg ein «kvalitetskommune».

### **Saksopplysningar:**

Herøy kommune sin visjon er «Herøy – ei båtlangd føre». Misjonen (oppdraget) er formulert slik «Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i».

Undersøkingane som er gjennomførde i 2017 viser at kommunen er ein gjennomsnittskommune på dei fleste områda. Kommunen må score klart over gjennomsnittet på ulike kvalitetsindikatorar som brukarundersøkingar, innbyggjarundersøkingar, Kommunekompasset, Kommunebarometeret m.m. for å kunne leve opp til visjonen om å vere ei båtlangd føre og kunne kalle seg ein kvalitetskommune.

I K-sak 92/17 Innbyggjarundersøking 2017 vart det gjort slikt vedtak:

*«Kommunestyret er glad for at innbyggjarane i kommunen er meir fornøgde med tenestene enn landsgjennomsnittet. Her er likevel potensial for vidare utvikling.*

*Kommunestyret er ikkje tilfreds med resultatata for områda transport og tilgjenge (3,1), møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8). I det vidare arbeidet med organisasjonsutvikling må service og tiltak for å bygge tillit vere sentrale tema.»*

Det er utarbeidd ein Serviceplakat som ei første oppfølging av innbyggjarundersøkinga.

I K-sak 106/17 Lokaldemokratiundersøking 2017 vart det gjort slikt vedtak:

*«Kommunestyret merkar seg at Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati og at det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.*

*Kommunestyret merkar seg vidare at vi har størst avvik på fylgjande spørsmål:*

*3. Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4)*

*4. Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5)*

*17. I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med respekt (-0,7)*

*Kommunestyret vil drøfte tiltak for å møte utfordringane, som har kome fram i undersøkinga, og ønskjer at KS Folkevaltprogram bistår med dette.*

Kan fokus på nokre kjerneverdier over tid bidra til at kommunen går frå å vere ein gjennomsnittskommunen til å verte ei båtlangd før, ein kvalitetskommune?

**Kjerneverdier vert gjerne definerte som verdier som organisasjonen offisielt forpliktar seg til og som skildrar organisasjonen slik han sjølv ynskjer å uttrykke seg. Kortfatta kan slike kjerneverdier oppsummere det organisasjonen ynskjer å handle ut i frå.**

Kjerneverdiane må vere forpliktande for heile organisasjonen, både tilsette og folkevalde.

Innbyggjarundersøking og folkevaldundersøkinga viser at kommunen har ein veg å gå i forhold til respekt og tillit.

Bakgrunnen for den administrative omorganiseringa var å få til betre koordinering eller samhandlinga mellom dei kommunale avdelingane og meir effektiv utnytting av ressursane.

Herøy kommune har fått til fleire store prosjekt i samarbeid med næringsliv og frivillige organisasjonar. Feire saker viser at kommunen har eit forbetningspotensial når det gjeld å samhandle inn mot stat og fylkeskommune.

Innbyggjarundersøkinga, folkevaldundersøkinga og dei administrative utfordringane m.m. tilseier altså at dersom kommunen skal verte ei båt lengd føre og ein kvalitetskommune, slik som vi ynskjer, må det settast eit sterkare fokus på å byggje verdiane «**respekt**» og «**tillit**» og det må leggjast sterkare vekt på **samhandling** mellom kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar, mellom politikk og administrasjon, innad i administrasjonen og mellom partia i kommunestyret. På denne måten kan det som synest å vere svake sider ved organisasjonen i dag over tid endrast til å verte vår styrke.

**Kva betyr så respekt?** Wikipedia har slik definisjon:

*«**Respekt** eller **aktelse** er et begrep for vår holdning overfor andre mennesker som kan vise at vi anerkjenner at den andre er verdig en aktelse enten som vår likemann eller som en vi setter høyere enn oss selv. Ærbødighet og anseelse er andre begrep som kan nyttes [synonymt](#). Tilsvarende kan anerkjennelse for en annen persons handling eller prestasjon gis i form av en uttalt respekt. Eksempelvis, «Det står respekt av det valget hun tok.» Begrepet respekt er et positivt ladet ord. Motsetningen til respekt er [forakt](#). Å vise mangel på respekt vil gjerne bli oppfattet som å være uforskammet. Fra engelsk er begrepet disrespect adaptert til muntlig norsk gjennom [slanguttrykket](#) å disse.»*

Mange personkonfliktar kjem av at nokon «føler seg trakka på». I møte med kommunen kan innbyggjarane oppleve mangel på respekt dersom dei t.d. møter «arroganse og ovanfrå og ned haldning», dersom tilsette ikkje er tilgjengelege og imøtekomande og dei ikkje får svar på førespurnader.

**Kva betyr tillit?**

Å ha tillit til nokon betyr å stole på nokon.

I samband med KS Folkevalgtprogram 2015-2019 er det laga ei bok med tittelen «**Tillit**». Eg tek med fylgjande frå boka:

*«Lokaldemokratiet står sterkt i det norske folk. Folkevalgte i kommuner og fylkeskommuner har stor tillit. Gjennom det å være folkevalgt har du fått lokalsamfunnets tillit til å ivareta deres interesser på en åpen og etisk god måte. Tillit mellom lokalsamfunnet og dere som folkevalgte er en grunnleggende forutsetning i vårt demokrati. Men det er også viktig med tillit mellom dere som folkevalgte og de ansatte i kommunen eller fylkeskommunen. Sist er det også viktig med tillit folkevalgte mellom... Tillit kan ikke kreves, det må fortjenest. Tillit kan raskt rives ned, men er møysommelig å bygge opp. Tusenvis av folkevalgte før deg har møysommelig bygget opp en tillit hos innbyggerne i landets kommuner og fylkeskommuner. Denne tilliten må du forvalte på en klok måte.»*

Ordføreren si rolle er viktig når det gjeld å bygge tillit mellom dei folkevalde og mellom dei folkevalde og administrasjonen.

Rådmannen har ansvar for at vedtak i folkevalde organer blir fylgt opp. Rådmannen må bidra til å bygge tillit. Han må legge til rette for ein god dialog, framskaffe heilskapleg og god styringsinformasjon til dei folkevalde og presentere informasjonen på ein open og pedagogisk måte.

Eit system med utstrakt delegering må bygge på tillit, openheit og vere føreseieleg. Tillit i eit system med mykje delegering føreset at folkevalde har innsikt og føler seg trygge på dei vurderingane administrasjonen gjer.

Grete Johansen har gjennom organisasjonen Great place to Work i ei årrekkje jobba med dei beste arbeidsplassane i Noreg. Ho fortel at alle som kvart år vert kåra til beste arbeidsplassen i Noreg, opplever stoltheit og fellesskap, men det som skil dei aller beste frå dei nest beste, er nettopp høgare tillit (henta frå boka Ledergruppen s. 131).

### **Kva betyr samhandling?**

Samhandling er eit omgrep som vert nytta om koordinering og gjennomføring av aktivitetar i ein prosess der ingen enkeltperson eller institusjon har totalansvar, (Wikipedia). Andre overlappende omgrep kan vere samarbeid, samspel, involvering og medverknad .

Eit folkevalt leiarskap er avhengig av eit godt samspel med sin eigen administrasjon. Og skal forholdet mellom dei folkevalde bli godt, krev det respekt og aksept for dei ulike rollene. Tillit er helt sentralt i dette samspelet

Samhandling og involvering med innbyggjarane, næringsliv og frivillig sektor er sentralt for utviklinga av lokalsamfunnet (s. 103).

Heile boka finn du her:

<http://www.ks.no/globalassets/folkevalgtprogrammet-2015-2019-digital.pdf?id=20279>

### **Vurdering og konklusjon:**

Dersom kommunen skal verte ei båt lengd føre, må det settast eit sterkare fokus på å byggje verdiane «**respekt**» og «**tillit**» og det må leggjast sterkare vekt på **samhandling** mellom kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar, mellom politikk og administrasjon, innad i administrasjonen og mellom partia i kommunestyret. Det må også skje ei sterkare samhandling inn mot fylkeskommunale og statlege organ.

Desse verdiane må forankrast i heile organisasjonen, politisk og administrativt. Dette er eit leiaransvar og eit individuelt ansvar. Slik forankring er ikkje gjort ein gong for alle, men må skje kontinuerleg, og det må nyttast ulike verkemiddel. Verdiane må takast opp med jamne mellomrom i leiar møte, leiaropplæring, folkevalttopplæring og i eigne temamøte. I tillegg kan det t.d. lagast ein video, som vert lagt på web, der forskjellige personar seier noko om kva dei legg i dei tre orda og at dette vert ein del av forankringa av verdiane i organisasjonen.

Kjerneverdier er drøfta ute i organisasjonen med tilsette og tillitsvalde i samband med 10-faktor-opplæringa, i arbeidsgruppa for arbeidsgjevarpolitikk og rådmannen si leiargruppe.

Fosnavåg, 11.12.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Servicetorget

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ISEØVR	Arkivsaknr:	2018/106
		Arkiv:	431

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
24/18	Formannskapet	06.02.2018
	Kommunestyret	15.02.2018

### SPRÅKBRUKSPLAN

#### Tilråding:

Planen vert teken til vitende. Revidering vil skje innan 31. mars 2021.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Servicetorget



## **Vedlegg:**

### 1 Språkbruksplan

## **Saksopplysningar:**

Nynorsk er administrasjonsspråket i Herøy kommune. Dette omfattar sakshandsaming, rettleiing, informasjon og skjema på alle tenesteområde. Alle tilsette i den kommunale verksemda pliktar å bruke nynorsk i tenesta. Språkbruksplanen tek for seg språkpolitiske mål, retningslinjer og tiltak. I tillegg til utarbeiding av språkbruksplanen, har ein i 2017, arrangert kurs i klart språk for å gjere dei tilsette medvitne om bruk av språk i det daglege arbeidet.

## **Vurdering og konklusjon:**

Med språkbruksplanen meiner ein at Herøy kommune vil sikre at ein har ein medviten språkbruk i tenesta.

Språkbruksplanen er eit levande dokument og skal evaluerast og reviderast etter tre år.

Konsekvensar for folkehelse: Ingen.

Konsekvensar for beredskap: Språket vert klarare og tydelegare for mottakar i ein krisesituasjon.

Konsekvensar for drift: Språkbruksplanen vil trygge tilsette språkleg.

Fosnavåg, 23.01.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
Kommunalsjef stab

Sakshandsamar: Iselin Øvrelid

Språkbruksplan  
for  
Herøy kommune

## 1. Skriftspråk

Nynorsk er administrasjonsspråket i Herøy kommune. Dette omfattar sakshandsaming, rettleiing, informasjon og skjema på alle tenesteområde. Alle tilsette i den kommunale verksemda pliktar å bruke nynorsk i tenesta.

Skriftspråket skal vere klart og lett å forstå. Vi skal følgje den vedtekne nynorskrettskrivinga. Såleis skal vi strekkje oss etter å stove og bøye orda rett.

## 2. Språkpolitiske mål

Dialekten (målføret) er ein svært viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt styrkjer identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det difor som viktig å verne om språket vårt.

Grunnlaget for talemålet og skriftspråket til borna vert i dag lagt i barnehagane og i skulane. Difor er det viktig at vi har språkmedvitne medarbeidarar der. Nynorsk og dialekt må nyttast i størst mogleg utstrekning i songar og lesing med meir.

Skuleadministrasjon og rektorar har eit særleg ansvar for å gjere dei tilsette kjende med § 40 i lov om grunnskulen. Der heiter det at læraren i ordtilfang og uttrykksmåte skal ta omsyn til talemålet til elevane. Dei tilsette i barnehagane må også ta desse omsyna.

Norskopplæringa for innvandrar skal vere på nynorsk.

Biblioteket skal syte for å ha eit variert og godt tilbod av litteratur på nynorsk.

## 3. Retningslinjer for skriftspråket i kommuneadministrasjonen

Vi skal kommunisere på ein måte som er open og tydeleg. Tekstane vi skriv, skal vere lette å forstå.

Vi bør bruke norske ord i staden for framandord så sant det let seg gjere. Ei ordliste og ei synonymordbok er gode hjelparar.

Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk. Det kan vere lurt å førestille seg ein konkret person som mottakar i teksten din. Døme:

- **Skriv aktiv, ikkje passiv:**

*Ordføraren tok opp saka til avrøysting, ikkje*

*Saka vart teken opp til avrøysting av ordføraren.*

- **Bruk helst personleg pronomen, også når vi omtalar kommunen eller kommunetilsette:**

*Vi viser til søknaden din/dykkar, ikkje*

*Ein viser til Dykkar søknad.*

- **Bruk heller verb enn substantiv der det er naturleg:**

*Det er viktig at kommunen er med på å utforme søknaden, ikkje*

*Kommunens medverknad er viktig ved utforminga av søknaden.*

- **Unngå typiske moteuttrykk eller skoddespråk:**

*Ordføraren sa til pressa, ikkje...uttalte i forhold til pressa.*

- **Unngå særskrivingsfeil:**

Det er skilnad på sær skriving og særskrivning, røyk fritt og røykfritt, koke bøker og kokebøker.

Andre gode ressursar er:

- Nettsidene til Språkrådet. Sjå særleg Klarspråk-sidene:  
<http://www.sprakradet.no/Klarsprak/>.
- For nynorsk: Fretland (2015): *På saklista: Språk og saksbehandling på papir og nett*. Fagbokforlaget 2016
- For rettskriving og teiknsetjing, sjå [www.korrekturavdelingen.no](http://www.korrekturavdelingen.no) og Søyland og Fretland. (2015): *Norske skrivereglar*. Samlaget 2015.
- Godt språk: <http://www.lnk.no/images/lnkgodtsprak.pdf>

## **4. Tiltak**

### **Opplæring**

Herøy kommune tek sikte på å gi alle kommunetilsette tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. For sakshandsamarar skal slike kurs vere obligatoriske. Tilsette i skular og i barnehagar skal gjerast kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialekt og lokal kultur.

I utlysingar av ledige stillingar skal det stå at administrasjonsspråket er nynorsk.

Når kommunen lyser etter anbod, og der produktet som skal leverast inneheld tekst, skal føresetnaden for å få anbudet vere at produktet kan leverast på nynorsk.

## **Hjelpemiddel**

I alle avdelingar i kommunen skal det vere nynorsk ordliste av nyare dato. Dei tilsette må søkje sakkunnig hjelp i språkspørsmål dersom dei treng det. Om det er behov for andre språklege hjelpemiddel som fornorskingsordbok eller synonymordbok, skal dette takast opp med nærmaste leiar som skal skaffe slike.

I kommuneadministrasjonen bør det vere ein person som kan stå til rådvelde som rådgjevar i språkspørsmål. Dei einskilde avdelingane skal gjere seg kjende med den nynorske terminologien på sine fagfelt.

## **Materiell**

Kommunen skal syte for at alle skjema, blankettar og liknande som vert brukt i kommunen er på nynorsk. Alt skriftleg tilfang som vert nytta i skular og i barnehagar, skal vere på nynorsk så langt råd er.

Alle tilsette skal følgje med på at departement og statsorgan (både lokale, regionale og sentrale) tek omsyn til dei språklege rettane kommunen har, og følgjer mållova om bruk av nynorsk. Saker der dette ikkje vert gjort, skal takast opp.

Herøy kommune skal også vere ein pådrivar for å få meir nynorskmateriell frå KS og andre private samarbeidspartnarar/leverandørar. Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) er ein naturleg samarbeidspartnar i dette arbeidet.

Herøy kommune er medlem av LNK som er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har til føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

## **Samarbeid med næringslivet**

Herøy kommune vil arbeide for å få til eit samarbeid med dei næringsdrivande i kommunen om å drive god nynorsk språkrøkt i utlysingar, skilting og anna marknadsføring.

## **Stadnamn**

Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggje på lokal namnetradisjon. Alle slike namn må skrivast rett, og uttalen må vere i samsvar med målføret. Sjå også lov om stadnamn som gir reglar for fastsetjing av skrivemåten for stadnamn.



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Servicetorget

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ISEØVR	Arkivsaknr:	2018/107
		Arkiv:	431

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/18	Formannskapet	06.02.2018
	Kommunestyret	15.02.2018

## KOMMUNIKASJONSPLAN

### Tilråding:

Planen vert teken til vitende. Revidering vil skje innan 31. mars 2021.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Servicetorget

## **Vedlegg:**

### 1 Kommunikasjonsplan

#### **Saksopplysningar:**

Kommunikasjonsplanen skal leggje føringane for kommunikasjonsarbeidet i Herøy kommune. Planen inneheld strategiar og tiltak som omfattar heile den kommunale verksemda, og krev at alle tilsette, leiarar og folkevalde tek eigarskap i den.

God intern kommunikasjon gir dei beste føresetnader for god ekstern kommunikasjon, og det vil verke omdømebyggjande.

Viktige mål for den nasjonale informasjons- og kommunikasjonspolitikken er at alle skal ha lik tilgang til å delta aktivt i den demokratiske prosessen.

Alle skal få informasjon om rettar, plikter og ha reell tilgang til informasjon om den offentlege verksemda. Informasjon er ikkje eit mål i seg sjølv, men er eitt av fleire verkemiddel for at kommunen skal nå måla sine.

Dei fire ulike sektorane i Herøy kommune; sektor for samfunnsutvikling, sektor for stab, sektor for oppvekst og sektor for helse og omsorg, vil fram mot neste revidering ha spesielt fokus desse områda:

- Vi-kjensla i Herøy kommune skal styrkast.
- Klart og godt språk internt og eksternt skal arbeidast med i alle kommunikasjonskanalar.
- Verktøy for digitalisering skal i større grad kartleggjast og nyttast i arbeidskvardagen.
- Innarbeide klare rutinar for kommunikasjonsarbeidet og strategiar for bruken av sosiale media.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Med den nye kommunikasjonsplanen meiner ein at Herøy kommune vil sikre at tilsette og folkevalde arbeider aktivt med å gjere informasjonen enklare og meir tilgjengeleg for både sine eigne medarbeidarar og publikum. Tiltaka i planen har vidare som mål å styrke tilliten til innbyggjarane og lokaldemokratiet, og gjere kommunen meir effektiv.

Kommunikasjonsplanen er eit levande dokument og skal evaluerast og reviderast etter tre år.

Konsekvensar for folkehelse: Ingen.

Konsekvensar for beredskap: Kommunikasjonen vert klarare og dei tilsette vil ha nytte av kommunikasjonsplanen i ein beredskapssituasjon.

Konsekvensar for drift: Kommunikasjonen vert klarare både internt i den kommunale verksemda, og eksternt til publikum.

Fosnavåg, 23.01.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmseth  
Kommunalsjef stab

Sakshandsamar: Iselin Øvrelid





## SAMANDRAG

Kommunikasjonsplanen skal leggje føringane for kommunikasjonsarbeidet i Herøy kommune. Planen inneheld strategiar og tiltak som omfattar heile den kommunale verksemda, og krev at alle tilsette, leiarar og folkevalde tek eigarskap i den.

God intern kommunikasjon gir dei beste føresetnader for god ekstern kommunikasjon, og det vil verke omdømebyggjande.

Viktige mål for den nasjonale informasjons- og kommunikasjonspolitikken er at alle skal ha lik tilgang til å delta aktivt i den demokratiske prosessen.

Alle skal få informasjon om rettar, plikter og ha reell tilgang til informasjon om den offentlege verksemda. Informasjon er ikkje eit mål i seg sjølv, men er eitt av fleire verkemiddel for at kommunen skal nå måla sine.

Dei fire ulike sektorane i Herøy kommune; sektor for samfunnsutvikling, sektor for stab, sektor for oppvekst og sektor for helse og omsorg, vil fram mot neste revidering ha spesielt fokus desse områda:

- Vi-kjensla i Herøy kommune skal styrkast.
- Klart og godt språk internt og eksternt skal arbeidast med i alle kommunikasjonskanalar.
- Verktøy for digitalisering skal i større grad kartleggjast og nyttast i arbeidskvardagen.
- Innarbeide klare rutinar for kommunikasjonsarbeidet og strategiar for bruken av sosiale media.

Med den nye kommunikasjonsplanen vil Herøy kommune sikre at tilsette og folkevalde arbeider aktivt med å gjere informasjonen enklare og meir tilgjengeleg for både sine eigne medarbeidarar og publikum. Tiltaka i planen har vidare som mål å styrke tilliten til innbyggjarane og lokaldemokratiet, og gjere kommunen meir effektiv.

Kommunikasjonsplanen er eit levande dokument og bør evaluerast og reviderast etter tre år. Revidering vil skje innan 31. mars 2021.

# INNHALD

SAMANDRAG .....	2
INNHALD .....	3
1. INNLEIING .....	4
1.1 Kommunikasjonsplan i kommunen – korleis og kvifor? .....	4
1.2. Kva er informasjon og kommunikasjon? .....	4
1.3. Kva er denne planen bygd på? .....	4
2. HOVUDMÅL .....	5
3. MÅLGRUPPER .....	6
4. FOKUSOMRÅDE .....	6
4.1 Vi-kjensla i Herøy kommune .....	6
4.1.1 Hovudkanal for intern informasjon .....	6
4.1.2 Rapportering ved tilsetjing .....	7
4.1.3 Presentasjon på intranett .....	7
4.1.4 Auka forståing .....	7
4.1.5 Hald kvarandre oppdaterte .....	7
4.1.6 Profilering .....	8
4.1.7 Målsetjing for kommunikasjonsarbeidet .....	8
4.2 Klart og godt språk .....	9
4.2.1 Klarspråk-fokus fram mot 2020 .....	9
4.2.2 Korrekturlesing før politisk vedtak .....	10
4.2.3 Språkbruksplanen .....	10
4.3 Digitalisering .....	10
4.3.1 Planverk og skjema .....	11
4.4 Kommunikasjonsstrategi og bruken av sosiale media .....	11
4.4.1 Kvifor skal vi bruke sosiale media? .....	11
4.4.2 Form og språk .....	12
4.4.3 Samlande strategi .....	12
4.4.4 Nettstaden er hovudkanal .....	12
4.4.5 Kommunikasjon som møtepunkt .....	13
4.4.6 Planlegging av informasjon .....	14
4.4.7 Informasjonsprosessen .....	14
4.4.8 Oppbygning av artikkel – journalistisk metode .....	15
4.4.9 Samarbeid - effektivisering .....	16
4.4.10 Bruk av bilete .....	17
4.4.11 Kva mediekanal skal vi vende oss til? .....	17
5. KOMMUNIKASJONSUTFORDRINGAR OPPSUMMERT .....	18
6. RESULTAT .....	18

# 1. INNLEIING

## 1.1 Kommunikasjonsplan i kommunen – korleis og kvifor?

Kommunikasjonsplanen presenterer no-situasjonen, mål, strategiar og tiltak for korleis kommunen skal informere og kommunisere med innbyggjarane, tilsette, folkevalde og andre interessentar både internt og eksternt.

Informasjons- og kommunikasjonsarbeid skal nyttast som eit strategisk verkemiddel innan planlegging og utføring i Herøy kommune.

Kommunikasjonsplanen vart første gong utforma i 2006, med krav om fornying, noko denne planen er eit resultat av.

Planen er eit levande dokument som bør evaluerast og reviderast innan tre år. Det vil seie innan utgangen av 2020. Før revidering av planen bør ein måle effekten av tiltaka, og evaluere arbeidet som har blitt gjort.

## 1.2. Kva er informasjon og kommunikasjon?

Omgrepa kommunikasjon og informasjon vert nytta om kvarandre. Vi kan skilje dei frå kvarandre ved å seie at kommunikasjon fortel noko om prosessen, medan informasjon er sjølv produktet eller budskapen.

Informasjon er det som vert formidla når vi kommuniserer.

Kommunikasjon kan definerast som budskapsformidling tilpassa målgruppa.

## 1.3. Kva er denne planen bygd på?

Kommunikasjonsplanen til Herøy kommune byggjer på den tidlegare kommunikasjonsplanen, arbeidsgjevpolitikken og kommunelova.

Kommuneplanen – samfunnsdel er overordna denne planen.

I kommunelovas paragraf 4 står det at kommunane skal drive aktiv informasjon om verksemda si. Offentleglova blei innført 1. januar 2009. Bakgrunnen for lova var eit behov for større openheit og meir innsyn i forvaltninga.

Herøy kommune skal gjennom openheit sikre at innbyggjarar, media og andre, få innsikt i og kunnskap om den kommunale tenesteytinga og forvaltninga.

Viktige prinsipp som kommunikasjonsplanen vidare er bygd opp på er:

- **Tilgjenge:** All informasjon skal vere klar, forståeleg og raskt tilgjengeleg for alle.
- **Ansvar:** Alle har eit informasjonsansvar, men leiarane skal vere pådrivarar og har hovudansvar.
- **Kommunikasjon:** All kommunikasjon skal byggje på respekt, likeverd, openheit, ærlegdom, ansvar og kvalitet. Innbyggjarane og andre skal oppleve at deira synspunkt vert høyrde og tekne på alvor.
- **Meiroffentleg informasjon:** Offentleglova og lov om meiroffentlegheit skal praktiserast slik lov- og regelverk legg til grunn. Vi skal strekkje oss etter mest mogleg openheit.
- **Heilskapleg og eintydig:** Informasjon skal vere samordna og koordinert, slik at ein uttalar seg heilskapleg og eintydig overfor publikum.
- **Profesjonell kriseinformasjon:** Kriseinformasjon skal vere profesjonell, rask, tilgjengeleg, samordna og dokumenterast. Jamfør *Beredskapsplanen*.

## 2. HOVUDMÅL

Hovudmålet med god informasjonsflyt i kommunen er å styrkje deltakardemokratiet og sørge for god dialog mellom styresmakter og innbyggjarar. Kommunens omdøme og legitimitet er avhengig av kva informasjon mottakar får, og kor godt denne informasjonen når ut til kvar enkelt.

Likevel er det ikkje kommunens behov for å informere innbyggjarane som er det aller viktigaste, men derimot innbyggjarane og publikum sitt behov for å få informasjon når dei treng det.

God kommunikasjon må uansett femne om begge delar. Herøy kommune skal gi alle innbyggjarane god innsikt i kommunen sine tilbod, aktivitetar og tenester ved å informere på ein profesjonell og forsvarleg måte. Jamfør *Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde*.

Like viktig er det at innbyggjarane har høve til å informere kommunen, skaffe seg informasjon og kommunisere på eigne premisser.

Vidare skal ein strategisk og god kommunikasjon i Herøy kommune:

- Sikre god arbeidskultur og gode interne arbeidsprosessar. Skape større forståing for kvarandre sin arbeidskvardag, og styrke vi-kjensla på tvers av dei ulike sektorane.
- Motivere både tilsette og innbyggjarar til deltaking.
- Rekruttere framtidig arbeidskraft.
- Sikre stabil og god folketalsutvikling.

### **3. MÅLGRUPPER**

I tillegg til eigne tilsette og folkevalde, skal Herøy kommune kommunisere med:

- Innbyggjarane, besøkande, moglege tilflyttarar
- Media
- Næringsliv
- Lag, foreiningar og organisasjonar
- Kommunane i det regionale samarbeidet, andre kommunar, fylkeskommunen, stat og regjering, øvre styresmakter

### **4. FOKUSOMRÅDE**

Dei fire sektorane i Herøy kommune; sektor for samfunnsutvikling, sektor for stab, sektor for oppvekst og sektor for helse og omsorg, har saman avgjort at hovudfokuset for dei neste tre åra bør ligge på desse tre felt:

- Vi-kjensla i Herøy kommune skal styrkast.
- Klart og godt språk internt og eksternt skal arbeidast med i alle kommunikasjonskanalar.
- Verktøy for digitalisering skal i større grad kartleggjast og nyttast i arbeidskvardagen.
- Innarbeide klare rutinar for kommunikasjonsarbeidet og strategiar for bruken av sosiale media.

Vi gjer greie for korleis vi skal arbeide med dette vidare i dei ulike punkta nedanfor:

#### **4.1 Vi-kjensla i Herøy kommune**

Herøy kommune er ei stor kommunal verksemd med mange ulike type stillingar og ansvarsområde. Det må arbeidast aktivt med å styrke vi-kjensla i Herøy kommune på tvers av sektorar, avdelingar og funksjonar slik at vi styrkar fellesskapskjensla som arbeidstakarar i kommunen.

##### **4.1.1 Hovudkanal for intern informasjon**

Ny, funksjonell intranett-løysing vart teken i bruk 28.09.17, og skal fungerer som hovudkanal for skriftleg, intern informasjon for alle tilsette i kommunen.

Kvar enkelt sektor, avdeling og seksjon skal ta eigarskap og bruke intranettet aktivt.

Alle tilsette skal sikrast tilgang. Avdelingsleiarane har ansvar for å leggje til rette for tilgang og søkje hjelp med IKT-avdelinga for å få dette på plass.

Fellesinformasjon skal ikkje sendast ut på e-post anna enn til å vise til oppdatert informasjon på intranett. Unntaket er viktige driftsmeldingar.

Kvar einskild arbeidstakar har sjølv plikt til å halde seg informert ved å bruke intranettet aktivt.

#### **4.1.2 Rapportering ved tilsetjing**

Nærmaste leiar for den nye tilsette har ansvar for å rapportere til informasjonskonsulent om arbeidsforholdet. Servicetorg som er første instans publikum treffer, og IKT som legg til rette for at det tekniske er på plass i god tid, skal ha tilstrekkeleg og kvalitetssikra informasjon i høveleg tid, før vedkomande har første arbeidsdag.

Like viktig er det å tenkje over at kvar enkelt medarbeidar i Herøy kommune også skal halde seg oppdatert på kven som har starta å arbeide i kommunen.

Nytilsette skal gjerast trygge på telefoni- og fråværsystemet, og nærmaste leiar er ansvarleg for at dette vert gjort. Om leiar sjølv har behov for meir opplæring, må han/ho søkje informasjon om dette med IKT-avdelinga. Både tilsette og publikum vil få rette tilbakemeldingar og unngå dårleg kommunikasjon om systemet vert brukt på rett måte.

#### **4.1.3 Presentasjon på intranett**

Kvar einskild arbeidstakar skal presenterast ved tilsetjing på intranett.

Leiar skal informere om tilsetjingar til informasjonsansvarleg i forkant av tilsetjingar. Nye rutinar mellom personalavdelinga og servicetorg skal vere med på å sikre at alle nye tilsette vert presenterte på intranett, og i ein del tilfelle også eksternt på nettstaden til Herøy kommune. Kva som skal publiserast på nettstaden vert ei vurdering mellom leiar og informasjonskonsulent,

#### **4.1.4 Auka forståing**

Minst ein gong i månaden, men helst fleire, skal personar frå ulike arbeidsplassar i Herøy kommune presenterast på intranett med tema «Min arbeidsdag».

Bakgrunnen for dette er at tilsette i Herøy kommune skal få betre kjennskap til kvarandre sin arbeidssituasjon og kvardag. Det skal vere ein presentasjon av den enkelte medarbeidar sine arbeidsoppgåver og kva han/ho gjer i løpet av ein arbeidskvardag.

#### **4.1.5 Hald kvarandre oppdaterte**

Informasjon skal i større grad planleggast. Leiarar har ansvar for å dele informasjon med medarbeidarar, og informasjon skal sjølvstilt vere open og gjensidig. Alle tilsette har vidare eit ansvar for å dele informasjon om eige arbeidsfelt med kollegaer og nærmaste leiar, og søkje tilgjengeleg informasjon for å halde seg oppdatert.

Det er eit godt prinsipp at dei tilsette, så langt det er råd, skal verte kjende med viktige saker før det kjem i media.

Viktige prosessar som til dømes omfattar den kommunale drifta er også viktig å informere dei tilsette om. Det vil skape større forståing for dei større prosessane i ein kommune. Ta til dømes den økonomiske situasjonen.

- Driv ein med underskot eller overskot?
- Er det finanssituasjonen som spelar inn eller driv vi for dyrt?
- Er det noko eg kan påverke?

Godt informerte medarbeidarar er i større grad i stand til å oppnå ønskja mål, løyse utfordringar og gi god informasjon og service til publikum. God intern informasjonsformidling, legg grunnlaget for god ekstern kommunikasjon. Dessutan vil eit godt arbeidsmiljø som er prega av samhald og god informasjon medarbeidarane imellom, skape større forståing for kvarandre sin arbeidssituasjon.

#### **4.1.6 Profilering**

Ein skal profilere seg klart og tydeleg med Herøy kommune sin visuelle profil med logo og fargar. Dermed vil publikum lettare sjå kvar informasjonen kjem ifrå, og den vil verte oppfatta som meir heilskapleg frå heile den kommunale verksemda.

Vellukka profilering vil skape positivitet rundt Herøy kommune, som igjen bidrar til auka identitetskjenne og vil verke omdømebyggjande.

Ein skal nytte seg av fellesannonsering i media. Det tyder at dersom fleire skal ha ulike tekster annonsert i ei avis, så skal ein samle dette slik det vert ein annonse, og ikkje fleire.

Fredagsavisa til Vestlandsnytt vert hyppigast brukt til fellesannonsering, men når annonsar vert utarbeidde skal ein også samle annonsane så langt råd er i andre media.

Bruk den vedtekne *Profileringsmanualen* aktivt.

#### **4.1.7 Målsetjing for kommunikasjonsarbeidet**

Som målsetjing bør kvar sektor bidra med 25 % av alle saker på intranett og nettstaden til kommunen i løpet av eit år. Ved slutten av året vert det gjort ei kartlegging, som resulterer i heider, ære og ein premie til ei spesifikk avdeling/seksjon/skule/barnehage eller liknande arbeidsplass, som har teke spesielt stort ansvar det føregåande året.

Premien for «årets intern-kommunikatør» og «årets ekstern-kommunikatør» bør gå til trivselretta tiltak for den spesifikke arbeidsplass.

Her er det ikkje berre kvantitet på artikkelar som som tel, men også kvalitet både i innhald og språk.



## **4.2 Klart og godt språk**

Klart og godt språk internt og eksternt skal arbeidast med i alle kommunikasjonskanalar. Herøy kommune skal vere ei klarspråk-kommune fordi:

### ***1. Klarspråk fremmar demokratiet og rettstryggleiken***

Styresmaktene gir informasjon om mellom anna rettar og plikter. Derfor bør forvaltningsspråket vere klart og lettfatteleg. Tungt og uklart språk i tekstar frå kommunen kan gjere at mange ikkje får høve til å delta i saker som vedkjem dei.

### ***2. Klarspråk skapar tillit***

Tungt og uklart språk kan skape avstand mellom sendaren og mottakaren. Ein mottakar som får eit uforståeleg brev, kan lett kome til å tru at avsendaren skjuler noko. Klarspråk gjer avstanden mindre og skapar tillit til avsendaren.

### ***3. Med klarspråk sparar vi tid og pengar***

Klart og brukartilpassa språk minskar faren for mistyding. Færre spørsmål frå mottakarane gir kortare sakshandsamingstid. Ein sparar med andre ord tid og pengar dersom ein skriv klart og forståeleg.

### ***4. Klarspråk fremmar kommunikasjon***

Tungt og uklart språk skapar ugreie i kommunikasjonen. Klarspråk gjer at mottakaren lettare oppfattar budskapet frå avsendaren.

### ***5. Kommunen skal vere eit føredøme***

Kommunen skal gå føre med eit godt eksempel, også språkleg. Skrivefeil skjemmer teksten og gir eit dårleg inntrykk av den som har skrive han. Oppstylta og uklart språk kan få folk til å tru at skribenten har noko å skjule. Klarspråk skal derfor vere eit ideal for språkbruk i kommunen.

#### **4.2.1 Klarspråk-fokus fram mot 2020**

Alle dei ulike tenesteområda på nettstaden skal vere oppdaterte og utbetra til ei kvar tid. Innhaldet for dei ulike tenesteområda skal ligge lett tilgjengeleg for publikum, og gjerne vere lette å søkje opp ved at artiklar får relevante søkeord. Språket skal vere klart og forståeleg. Publikum skal forstå innhaldet utan å lese det fleire gongar. Kontaktinformasjon skal vere rett og sidene skal ha gode, skildrande bilete.

Informasjonskonsulentene skal arbeide tett med dei ulike avdelingane for å utbetre nettstaden og dei ulike tenesteområda. Om nettstaden inneheld rett, detaljert informasjon, vil dette avlaste heile administrasjonen ved at ein får færre førespurnader på e-post, telefon og ved personleg oppmøte.

Ein skal fram mot neste revidering av planen ha spesielt fokus på nettstaden til Herøy kommune, og arbeide parallelt med å sjå på skjema som kan gjerast betre og enklare for brukarane.

#### **4.2.2 Korrekturlesing før politisk vedtak**

Planar og andre dokument må korrekturlesast før dei går vidare til politisk handsaming. Dette for at språk, rettskriving og innhald skal kome klarare fram. Den enkelte medarbeidar som førebur ei sak er sjølv ansvarleg for å søkje hjelp og rådføre seg med informasjonsansvarleg i kommunen. Eit godt, lettfatta språk vil skape større interesse hos ålmenta i politiske saker. Etter politisk handsaming er det vanskeleg å få gjort noko med språk og dårlege formuleringar.

Artiklar og andre saker som skal publiserast må korrekturlesast før det vert lagt ut på nettstaden og i sosiale media. Alle avdelingar skal ha tilgang til oppdaterte ordlister.

#### **4.2.3 Språkbruksplanen**

*Språkbruksplanen* legg elles føringar for eit klart og godt språk i kommunen. Det offisielle administrasjonsspråket i kommunen er nynorsk og det skal brukast på alle felt i den kommunale verksemda. Ein klar språkprofil legg grunnlaget for gode kommunikasjonsprosessar og forståing mellom den kommunale verksemda og publikum.

### **4.3 Digitalisering**

Digitalisering handlar om å bruke teknologi til å fornye, forenkle og forbetre. Ein føresetnad for digitalisering er at tenestane skal vere enkle å bruke, meir effektive og pålitelege. Digitalisering legg til rette for auka verdiskaping og innovasjon, og kan bidra til effektivisering.

Verktøy for digitalisering skal i større grad kartleggast og nyttast i arbeidskvardagen. Det betyr å få betre oversikt over allereie tilgjengelege verktøy, men også oppdatere gamle og utdaterte løysingar som allereie er digitale.

Herøy kommune skal vere ein pådrivar for digitalisering og aktivt oppmode til bruk av elektronisk kommunikasjon. Innbyggjarar og publikum forventar å kunne nå kommunen digitalt og at vi finn nye, enkle løysingar for kommunikasjon for samhandling. Samstundes skal kommunen også leggje til rette for at informasjon er tilgjengeleg for målgrupper og tenestemottakarar som ikkje kan nås elektronisk.

Herøy skal vere ein kommune som ikkje er redde for å utvikle og vere med på ny teknologi. Å forsøke å finne fellesløysingar med andre kommunar og samarbeidspartnarar på lokalt og nasjonalt nivå er hensiktsmessig. Ein bør leggje til rette for digitalisering, og finne ut kva ein skal digitalisere, når, og avgjere kor fort det skal gå.

### 4.3.1 Planverk og skjema

Planar i Herøy kommune bør i større grad gjerast tilgjengelege og lesarvenlege for publikum. Vurder kortversjonar, presentasjonsform, bladbar PDF og om planen kan gjerast digital på nett. Fleire kan med dette få betre kjennskap til planverket i kommunen.

Herøy kommune skal også aktivt oppmode til bruk av digitale søknadsskjema via nettstaden vår.

## 4.4 Kommunikasjonsstrategi og bruken av sosiale media

Herøy kommune skal innarbeide klare rutinar for kommunikasjonsarbeidet og strategiar for bruken av sosiale media.

Vi skal til ei kvar tid halde oss oppdaterte på sosiale media og korleis vi skal bruke dei.

### 4.4.1 Kvifor skal vi bruke sosiale media?

- 1) For å skape engasjement og entusiasme knytt til politiske møter, saker og prosessar, ulike aktivitetar og kunngjeringar i kommunen.
- 2) For å drive trafikk til Herøy kommune sin nettstad.
- 3) For å auke innbyggjardialogen. Vi skal aktivt bruke sosiale media til å invitere innbyggjarane til å kommentere og stille spørsmål. Like viktig skal vi svare raskt (innan 24 timar), anten ved å gi ei fullstendig tilbakemelding eller opplyse om korleis førespurnaden vert handtert vidare. Auka tilgjenge og lågare barrierar for å ta kontakt med kommunen, gir oss ein tettare kontakt med innbyggjarane og omvendt.
- 4) For å arbeide med omdømebygging. Gladsakene i kommunen skal dyrkast aktivt. Vi skal bruke eit personleg, klart språk og ein uformell tone for å skape engasjement. Bruk du-form i kommunikasjon i sosiale media.
- 5) For å kommunisere store og små hendingar raskt og effektivt i ein krise- og beredskapssituasjon eller ved driftsavbrot og anna praktisk informasjon. Ei krise er ein situasjon som kjem brått og uventa (eksternt eller internt). Herøy kommune har eigne rutinar for krisehandtering. Jamfør *Beredskapsplanen*. Når ei krise oppstår skal nettstaden settast i krisemodus. Herøy kommune skal gi kriseinformasjon som er korrekt, samordna, profesjonell og rask. Innbyggjarane har klare forventingar om å verte oppdaterte på hendingar når dei vel å følgje kommunen i sosiale media.
- 6) For å nå ut til framtidige arbeidstakarar og aktivt bruke sosiale media i utlysingsprosessane.
- 7) For å skape større aktivitet i lokalsamfunnet og byggje oppunder lokalpatriotismen. Brukar ein sosiale media rett skapar det engasjement og medverknad. Når innbyggjarane oppdagar i større grad kva tenestar kommunen tilbyr, kva som går føre seg og kva kommunen arbeidar med, vil det skape nærleik og større aktivitet der dei bur.

#### **4.4.2 Form og språk**

For å lukkast i sosiale media, må ein mestre forma og språket. Komplekse saksforhold må arbeidast med for å spisse budskapen og bruke verkemiddel som er tilpassa dei ulike kanalen. Vi skal i størst mogleg grad bruke bilete og video for å formidle informasjon. Biletpostar når fleire, og videopostar har enda større rekkevidde.

Både positive og kritiske kommentarar er velkomne i sosiale media. Vi skal strekkje oss langt for å gi eit godt svar dersom det er direkte spørsmål til oss som er venta oppfølgingskommentar på. Dersom vi har gjort noko feil som vi bør gå ut med skal vi også ha låg terskel for å orsake dette. Innbyggjarane vil dermed kjenne at dei vert tekne på alvor, og det vil verke omdømebyggjande for kommunen.

#### **4.4.3 Samlande strategi**

Vi skal i størst mogleg grad profilere oss som ei samla kommunal verksemd gjennom ein felles profil i alle ulike typar sosiale media. Unntaksvis kan det opprettast grupper eller sider. Dette skal i kvart enkelt tilfelle drøftast og godkjennast av informasjonskonsulent før oppretting av nye profiler/sider/grupper i sosiale media.

Sider som ikkje er aktive skal fjernast og leggest ned. Det bør vere fleire administratorar på sidene/profilane/gruppene slik at ein ikkje mister tilgangane på dei dersom nokon av ulike årsaker fell i frå.

Ein samlande strategi vil gjere det oversiktlege for publikum å orientere seg om kva ulike kommunikasjonskanalar dei finn i sosiale media tilknytt Herøy kommune, og kvar dei kan sende førespurnadane sine.

Informasjonskonsulenten i kommunen skal til ei kvar tid ha ei samla oversikt over kva hovudsider, undersider og grupper som eksisterer i den kommunale verksemda. Ikkje berre på Facebook, men i sosiale media generelt.

#### **4.4.4 Nettstaden er hovudkanal**

Nettstaden vår er hovudkanal for informasjon, men for å gjere denne informasjonen kjend der folk får den med seg, må vi bruke sosiale media. Informasjon frå nettsida skal lenkjast til Facebook, oppdaterast på Twitter og om bileta er berande og gode, bruk også Instagram.

Herøy kommune skal utfordre seg i bruk av video, og i større grad planleggje prosjekt med multimedialt innhald.


Herøy kommune publiserer også videoar på Youtube og brukar det aktivt i nettpubliseringsløysinga til nettstaden.

Jamfør kapittel 4.1 skal alle tilsette i kommunen bidra med nyhende og rett informasjon til nettstaden til ei kvar tid.

Nokon frå alle avdelingar bør tileigne seg kunnskap om å publisere nyhendesaker på nettstaden. Jamfør *Rettleiing til nettpublisering* i Compilo. Informasjonskonsulent står for opplæring ved behov.

#### 4.4.5 Kommunikasjon som møtepunkt

Nøkkelen til å oppnå ein vedvarande god kommunikasjon er å få informasjonsflyten til å fungere slik at den går vekselvis frå topp til botn og frå botn til topp blant alle tilsette i dei ulike sektorane. Deretter må informasjonen flyte godt mellom dei ulike sektorane. Bruk organisasjonskartet for å vere sikker på kven som skal ha kva informasjon.



Døme:

*Dersom til dømes kommunalsjef for helse og omsorg ønskjer å arbeide i større grad for å få fram det positive frå kvardagen ved omsorgssentera i kommunen, må dei tilsette ved omsorgssentera ha tilsvarande forståing for kor viktig det er å dele desse historiene med andre. For å få det til å fungere må ein få det til å flyte mellom avdelingane i eininga og mellom einingane.*

Tiltak:

Innfør kommunikasjon som eit eige punkt ved kvart leiarmøte i dei ulike einingane stab, oppvekst, helse og omsorg, og samfunnsutvikling. Kvar avdelings- og seksjonsleiar må også ta ansvar for at dette er eit møtepunkt på møte med sine tilsette.

Spør dykk:

- 1) Kva har vi klart å formidle denne månaden? Både internt og eksternt.
- 2) Kva skjer fram mot neste møte av stort og smått?
- 3) Får vi nytilsette i den komande perioden? Skal nokon slutte/pensjonere seg?
- 4) Kven er ansvarleg for å sende denne informasjonen til dei som skal ha den – ta eigarskap!
- 5) Er nokon flinkare til å dele informasjon enn andre? Kan ein dra nytte av kvarandre? Kva kan vi gjere for å få det til å fungere?

Det må settast fokus på og snakkast om blant alle leiarar, og alle må ta eigarskap i informasjonsflyten og ta den vidare til sine tilsette. Om ikkje den interne informasjonen flyter godt i den kommunale verksemda, skapar det ringverkander for den eksterne informasjonsflyten.

#### 4.4.6 Planlegging av informasjon

Herøy kommune skal vere først ute med informasjon på nettstaden før eller samstundes med at det kjem i media. Berre unntaksvis skal saker i media først. Det gjeld saker som Herøy kommune finn det positivt at media får for å kunne slå større opp.

Informasjon bør planleggast og vere strategisk gjennomtenkt. Klare mål for korleis vi vil formidle nyhende gir betre kontroll på informasjonen, at informasjonen er klar, rett og når dei som bør få den.

#### 4.4.7 Informasjonsprosessen

Korleis ein informerer, kjem an på kva slags informasjon som skal delast. Vurder utifrå kva som skal formidlast. Både i planlegging og når ein utarbeidar ein artikkel, anten det er til pressemelding eller til nettstaden, bør ein ha som hugseregul at ein har svar på desse spørsmåla:

- 1) Korleis skal eg informere? - Skriftleg? Bilete? Video?
- 2) Kven vil eg nå? - Ei særskild målgruppe i kommunen? Alle innbyggjarar? Kven kan vere informasjonsberarar, og kven er direkte informasjonsmottakarar. Informasjonsberarar er dei som hjelper oss med å transportere informasjonen fram til mottakarane. Ikkje alle som kan fungere som berarar vil hjelpe oss. Dette gjeld spesielt for media. Skal vi nå dei, må vi gjere det på deira premisser og utifrå deira funksjon.
- 3) Kva verktøy skal eg nytte? – Skal det sendast pressemelding? Sosiale media? Nettstaden? Bør eg lage brosjyre?
- 4) Når skal eg publisere?

Når er emnet mest aktuelt?	Tidspunkt for vedtak? Når det trer i kraft? Søknadsfristar? Avviklingsfristar? Eller er det alltid like aktuelt?
Når er målgruppa lettast å nå?	Spesielle tider?
Tidspunkt som ein bør unngå?	Påske, desember (julehøgtida), ferietid, ved spesielle arrangement og hendingar?
Går det føre seg større informasjonstiltak i den offentlege verksemda som konkurrerer om merksemda?	Sørg for å avvike frå desse tiltaka.
Føregår det/har føregått liknande informasjonstiltak ein kan dra nytte av?	Kombinasjon i tid.
Har vi god nok tid på å førebu ønskja tiltak?	Vurdere utsetjing.


- 5) Kvifor skal eg informere, og kvifor er dette beste måte å gjere det på? - Tenk igjennom. Kva er hensikta, kva vil vi oppnå? Er det for å gi publikum rettar og yte service, for å lette forvaltninga på eit saksområde, for å oppnå medverknad – eller for å påverke haldningar og handlingar?
- 6) Kvar skal eg informere? – Lokalavisa? Er det interesse for dette i større regionale media? Er det nok med nettsida vår? Berre intranett? Instagram? Facebook?

Tenk, diskuter saman og legg ein plan. Kanskje er dette ein følgjetong (noko som vil føre til fleire saker). Dermed endå viktigare med ein god plan.

Det er ikkje ei sjølvfølgje at all informasjon skal presenterast som ein artikkel, sjølv om det i hovudsak skjer på den måten. Kreativitet er ei bragd. Video er det kommunikasjonsverktøyet som når flest mogleg i sosiale media og moglegheitene er mange.

#### **4.4.8 Oppbygning av artikkel – journalistisk metode**

Tenk deg ein omvendt trekant.



Det viktigaste skal kome først, utan at du gjentek deg sjølv. Deretter skal du byggje den opp nedover med informasjon. Trikket er likevel å klare å gjere den spanande til siste slutt, men mange lesarar fell av lenge før slutten på dei fleste artiklar. Derfor skal ein ha fått med seg det viktigaste utan å ha lest heile saka. Ved å følgje denne journalistiske metoden, kan ein i prinsippet kutte bakfrå om saka er for lang.

Bruk det vi kallar dei seks tenerane:

- 1) *Kva?*
- 2) *Kvifor?*
- 3) *Korleis?*
- 4) *Kvar?*
- 5) *Kven?*
- 6) *Når?*

Ein artikkel er bygd opp av tre ulike element:

- 1) **TITTEL:** Det viktigaste saman med biletet. Ikkje bruk for lang tittel. Den skal vere skildrande. Bruk gjerne eit verb i tittelen.

Døme på dårlege titlar:

DÅRLEG: *Rusomsorg 2017 – (Kva er nytt?)*

GOD: *Startar lågterskeltilbod i rusomsorga – (Verbet startar viser til noko nytt og positivt og hentar fram det som bør vere fokuset)*

DÅRLEG: *Ledig stilling – 100 % (Fortel ikkje kva stilling som vert lyst ut)*

GOD: *Vil du verte leiar i herøyskulen? Eller: Lyser ut rektorstilling - Lesarane vert nyfikne og vil lese kva stilling det er snakk om og kvar.*

DÅRLEG: *Kulturminneplan 2017-2025*

GOD: *Startar arbeidet med kulturminneplan*

- 2) **INGRESS:** Skal vere informativ med dei viktigaste opplysningane. Ingressen skal lokke lesaren vidare til brødteksten. Ingressen skal ikkje vere lang, og bestå av ei eller to setningar. Skal fungere som ein «teaser» for å skape interesse vidare.
- 3) **BRØDTEKST:** Resten av teksten. Veksle mellom forklarande informasjon og sitat. Bruk gjerne fleire kjelder. Lag mellomtitlar som gjer det meir lesarvenleg. Spe på med relevante bilete i saka. Er personar intervjuja, illustrer gjerne med bilete av dei i saka, og hugs bildetekst.

Og hugs:

- Ikkje gjenta deg sjølv.
- Bruk gjerne fleire kjelder. Det gjer saka betre.

#### 4.4.9 Samarbeid - effektivisering

Samarbeid om informasjonsflyt mellom nabokommunane bør vere ein prioritet ved dei ulike avdelingane. At avdelingar på tvers av kommunane arbeider saman for å sende ut ei pressemelding om alt frå interkommunale prosjekt til byggereglar, er å skape grunnlag for vidare samarbeid. Samstundes vert resultatet felles informasjon som alle kommunane kan nytte seg av å publisere til innbyggjarane sine. Saman når vi fleire.

Ein artikkel som vert skriven av ein sakshandsamar høyrer ofte til ei gruppe av fleire artiklar knytt til ei overordna sak. Klarer vi å starte planlegginga av korleis vi skal presentere desse sakene på eit tidlegare tidspunkt, og gjer det, har vi kome langt i arbeidet.



#### **4.4.10 Bruk av bilete**

Eit godt bilete seier ofte meir enn ord. Krydre gjerne artikkelen med fleire bilete enn berre eitt toppbilete øvst i saka. Det finst mange reglar for bildebruk. Ta kontakt med informasjonskonsulent for hjelp og rettleiing.

Hugs ein skildrande bildetekst.

#### **4.4.11 Kva mediekkanalar skal vi vende oss til?**

Kommunen skal ha eit godt og ope forhold til media, og ein skal med jamne mellomrom kontakte media med pressemeldingar når det er høve til det. Ein bør også gjere media kjende med saker som vert publiserte på nettstaden.

Diskuter gjerne saker som skal planleggast med leiar og informasjonskonsulent tidleg i prosessen.

Tilsette og folkevalde som er i forkant med informasjon, får betre kontroll og eigarskap til saka før den kjem i media.

Aktuelle mediekkanalar for vår region med ulikt dekningsområde:

- Vestlandsnytt
- Herøynytt
- Vikebladet Vestposten
- Møre
- Møre-Nytt
- Regionavisa
- Sunnmørsposten
- NRK Møre og Romsdal
- Nytt i Uka
- Synste Møre
- Nett.no

I tillegg har vi riksdekkande media i spesielle saker.

Ved mediekontakt er det viktig å vere medviten om:

- Korleis ein opptrer i media.
- Du har rett på å få sjekka sitata dine, men respekter samstundes journalistane sine deadlines. Dei er ofte under hardt tidspress, så ver rask å svare på avtalt tidspunkt for oversending av teksten.
- Kjenn til Ver varsam-plakaten.
- Tenk over kva du skriv og publiserer i sosiale media. Media kan plukke det opp.
- Avklar med din nærmaste leiar kven som svarer på kva i media. Om du får telefon frå media og er usikker på om det er du eller leiar som skal uttale seg,

bruk nokre ekstra minutt til avklaring før du ringer tilbake. Ingen kan krevje at du svarar på sekundet.

## 5. KOMMUNIKASJONSUTFORDRINGAR OPPSUMMERT

Herøy kommune sine viktigaste kommunikasjonsutfordringar fram mot neste revidering av planen, vert å:

- Nytte eit klart og godt språk både ekstern og intern, og i alle kommunikasjonskanalar.
- Nytte kommunikasjon som verkemiddel tidleg i arbeidsprosessane.
- Møte media og andre interessentar opent, aktivt og meir planlagd.
- Byggje vidare på ein felles og samlande internkultur for heile kommunen.
- Motivere til dialog og medverknad til alle målgrupper. Sikre tilbakemeldingar frå brukarane gjennom undersøkingar i enda større grad.
- Utvikle kommunikasjonskanalane i tråd med den teknologiske utviklinga.
- Verte betre på å nytte dei digitale verktøy vi har, og få ei god oversikt på kva vi har tilgjengeleg.
- Nytte oss av strategiane i sosiale media for å få best mogleg effekt av arbeidet vårt.

## 6. RESULTAT

Med fokus på dei fire hovudmåla, skal Herøy kommune arbeide for å styrke lokaldemokratiet og oppnå eit godt omdøme, både politisk og organisatorisk. Omdøme er summen av omgjevnadane si oppfatning av organisasjonen over tid.

### Politiske omdømedrivarar:

- Vi skapar diskusjonar om framtida.
- Vi utviklar Herøy kommune.
- Vi skapar gode.
- Vi gir ei stemme ut og inn av organisasjonen.

### Politiske omdømedemparar:

- Innbyggjarane meiner at vi ikkje skapar noko.
- Innbyggjarane meiner vi gir for dårleg informasjon.

### Organisatoriske omdømedrivarar:

- Vi yter høg service ut til innbyggjarane.
- Vi har gode og trygge relasjonar.
- Vi held det vi lovar.
- Vi nyttar tida på å skape eit godt forhold til publikum.
- Vi skapar tillit.

### Organisatoriske omdømedemparar:

- Publikum får ikkje kontakt med tilsette.
- Vi svarar ikkje til rett tid.
- Vi informerer ikkje om tenester som lova.

- Nokon snakkar negativt om arbeidsplassen sin, i til dømes sosiale media.

Målet er at innbyggjarane oppnår gode relasjonar med kommunen, både med folkevalte og administrasjon.

*«... Demokrati er mer enn valgdeltakelse. Det er også tillit og legitimitet til kommunen og de folkevalgte, dialog mellom folkevalgte og innbyggere mellom valg, innflytelse på tilbudene vi bruker og muligheter til å bidra i lokalsamfunnet»*

Rapport frå Kommunal- og Regionaldepartementet 2011



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/136
		Arkiv:	146

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/18	Formannskapet	06.02.2018
	Kommunestyret	15.02.2018

### ÅRSPLAN 2018

#### Tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsplanen for 2018.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe.

**Vedlegg:**

- Årsplan 2018

**Saksopplysninger:**

Årsplanen for 2018 er utarbeidd på grunnlag av vedteke budsjett for 2018. Måla for dei ulike fokusområde går fram av budsjettdokumentet og investeringane er i samsvar med vedteke investeringsbudsjett for 2018.

Tertialrapporteringa vil byggje på årsrapporten og skal seie noko om status og framdrift for dei ulike tiltaka.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår til at årsplanen for 2018 vert godkjend.

Fosnavåg, 29.01.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

# ÅRSPLAN 2018

Sist oppdatert 25.01.18

## Fokusområde Økonomi

Økonomisk HANDLINGSREGEL:

- Netto dr. res. 1,75 % av skatt + rammetilskott. (om lag 11,7 mill.)
- Driftsfond 5 % av skatt + rammetilskot. (om lag 25 mill.)
- 20 % egenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i høve til inntektene.
- Lånegjelda er høg.
- Disposisjonsfondet er for lite.

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av skatt + rammetilskott innan 2020.	Disposisjonsfondet skal vere på minimum 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2016	3,70 % eks RDA	17.492.000
Ambisjon 2021	1,75 %	30.000.000
Resultatmål 2018	1,00 %	30.000.000
Tiltak 2018		
<b>Rammekutt 1,75 %</b>		
<b>Alle</b>	God budsjett disiplin på drift.	Tiltaka for god budsjett disiplin, skal medføre eit mindreforbruk på årsbasis.
	Vikarutgifter kun når anna er uforsvarleg.	
	Søkje tilskot til utviklingstiltak der det er muleg.	
	Redusere overtidsbruk	
	Hente ut inntekspotensialet	
	Restriktiv på innkjøp	
<b>Driftsreduksjon 10 mill</b>		
	Tiltaksplan innan 31.03.2018.	

# Fokusområde Tenester

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landsnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar, Kommunebarometeret.	Avvik og klager. Tilsyn.
Status 2017		23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2021	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2018	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
<b>Tiltak 2018</b>		
<b>Alle sektorar</b>		Sektorvis oppfølging og rapportering av avvik i Compilo kvart tertial.
		Implementering av nytt personvernreglement, med dei oppgåvene som ligg til det. Samarbeid med SSIKT.
<b>Stab</b>	Betre digital plattform for publikum, tilpassa mobil og nettbrett.	Kontinuerleg oppdatering av nettside som gir betre søk og informasjon. T.d. ved: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samle alt planverk på ei side</li> <li>- Samle resultat av brukarundersøkingar på ei side</li> </ul>
	Digitalisering og kvalitetssikring av reinhaldsplan for kommunale bygg. Dette betyr: <ul style="list-style-type: none"> <li>- digitalisering av planteikningar</li> <li>- revisjon av romnummerering</li> <li>- kvalitetssikring av reinhaldsnivå og standard.</li> </ul>	Kassasjon og arkivering hos IKA (fjernarkiv).
	Intern brukarundersøking for Stabs-tenestene.	Arbeide med å auke del EHF-faktura frå 62% i 2017 til 75% i 2018.
	Etablere forslagskasse for innbyggerane til politikarane.	Oppretting av avvikskanal for innbyggjarar.
		Eablering av rutinar og handsaming av kommunal borgarleg vigsel.
<b>Helse og omsorg</b>	Gjere undersøkinga så tilgjengeleg (brukarvenleg) som mogleg, og betre annonseringa i forkant, for å auke deltakingsprosenten	Kompetanseheving for alle sakshandsamarar, med fokus på heilskapleg og lik sakshandsaming i heile sektoren
	Deltaking i læringsnettverket, heilskaplege pasientforløp, men	Gjennomgang av praksis for å sikre at

	tanke på å auke i kvalitet og koordinering	«like tilfelle handsamas likt»
	Deltaking i velferdsteknologiens ABC. Ulike velferdsteknologiske tiltak vil kunne gi auka oppleving av kvalitet og dermed bidra til betre resultat på brukarundersøking eller resultatmålingar.	Utvikling og oppdatering av prosedyrar i Compilo. Prioritere særleg prosedyrar kor ulike fagfolk har ulike roller men må samarbeide for å utvikle ei god teneste overfor den einskilde brukar
	Enda større fokus på fagleg utvikling og samhandling mellom ulike fagområder til beste for den einskilde brukar	Klarspråksatsing – brukarvenleg søknadsskjema med enkel brosjyre, i tillegg til oppdatert nettside om helse og omsorgstenester med folkeleg språk
<b>Oppvekst</b>	Revidere strategi- og handlingsplanar	Sikre god kompetanse på lov- og regelverk
	Kompetansebygging i barnehagane, fokus på kvalitet, vaksenrolla, læring og utvikling	Kvalitetssikre malar og prosedyrer
	Beredskapsteam og innsatsteam for trygge elev- og læringsmiljø	
	Tiltaksplan for auka leseferdigheiter	
	Implementere nytt digitalt adm.program	
<b>Samfunnsutvikling</b>	Gjennomføre brukarundersøking på utvalgte tenester i alle avdelingar i sektoren. Minimum 1 brukarundersøking pr.avdeling	
	Gjennomføre samarbeidsprosjekt på tvers avdelingar i sektoren, minimum 3 prosjekt.	



# Fokusområde Organisasjon

Kommunen har gjennomført ei evaluering etter Kommunekompasset og Kommunebarometeret. I tillegg er det gjennomført endringar i den administrative organiseringa i kommunen.

Kommunen gjennomførte Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompasser sidan 2010. Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast med økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi. Til dømes: digitalisering og velferdsteknologi.

<b>Mål</b>	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommunekompasset.	Oppfølging arbeidsgjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommunekompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2021	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2018	400 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
<b>Tiltak 2018</b>				
<b>Alle sektorar</b>	Gjennomføre Kommunekompasset	Medarbeidardag	Implementering av nytt HMS-regime i heile organisasjonen, med dei oppgåvene som ligg til det.	
	Gjennomføre samarbeidsprosjekt med			

	Vanylven/Sande kommune.			
<b>Stab</b>	Opplæring av leiarar i løn- og personalarbeid.  (Ansvar: Personal- og organisasjons-avdelinga)	Obligatorisk HMS-opplæring av leiarar, tillitsvalde og verneombod.  (Ansvar: Personal- og organisasjons-avdelinga)	Rapporter på sjukefråvær kvart tertial.  (Ansvar: Personal- og organisasjons-avdelinga)	Revidere og oppfølging av medarbeidarar i tråd med seniorpolitikken og senioravtale.  (Ansvar: Stabsleiing og personal- og organisasjons-avdelinga)
	Korrigere og vedlikehalde system (Compilo og tidBANK m.m.) i høve ny organisering.  Ansvar: Personal- og organisasjons-avdelinga)	Framleis arbeid med revidering av arbeidsgjevar-politikk og personalrutinar m.m.  (Ansvar: Stabsleiinga)	Gjennomføre regelmessige IA-møter.  (Ansvar: Personal- og organisasjons-avdelinga)	
	Konkludere på organisasjonsform (KF) og behov for delegeringar m.m. for Egedoms-avdelinga. Politisk vedtak.  (Ansvar: Egedoms-avdelinga)			
	Kartlegging og samla oversyn over fagsystem.  (Ansvar: Dokumentsenteret)			
<b>Helse og omsorg</b>	Rullering av helse og omsorgsplanen.			

# Fokusområde samfunnsutvikling

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga:

<b>Mål</b>	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking.
Status 2017	8 957 innbyggjarar.	Innbyggjarundersøkinga 2017.	Innbyggjarundersøkinga 2017.
Ambisjon 2021	10 000 innbyggjarar	Betre enn landssnittet.	Betre enn landssnittet.
Resultatmål 2018	9 000 innbyggjarar	Betre enn landssnittet.	Betre enn landssnittet.
<b>Tiltak 2018</b>			
	Masterplan for reiseliv	Fokus på trafikksikringstiltak	Forankre serviceplakat
	Tilrettelegge for bustadbygging(felt)	Trygg og forsvarleg beredskap på sentrale og viktige område i kommunen	Forankre etiske retningsliner
	Tiltak knytt til byutviklingsprosjektet	Aktiv satsing på kulturtiltak	Forankre kjerneverdiane til organisasjonen
	Vidareføre kultursatsing i kommunen	Ta initiativ til samarbeid med næringsliv og lokale organisasjonar	Følgje opp kommunikasjonsplanen
	Revidere arbeidsgjevarpolitikken	Gjennomføre næringslivsundersøking	
	Tilrettelegge for næringsetablering		
	Delta på næringslivet sine møteplassar		
	Bedriftsbesøk		

# Prosjektplan – lokale IKT-investeringar

Prosjekt som går over lokalt investeringsbudsjett i Herøy kommune er påført estimert kostnad. Økonomiske rammer IKT-investeringar i Herøy 2018 er på 1 500 000, i tillegg til 500 000 som er øyremerka velferdsteknologi.

Infrastruktur	Tal	Kroner
Kabling velferdsteknologi eRom Myrvåg omsorgssenter		250 000
Kabling velferdsteknologi og utbygging av trådlusdekning PO/BuHab		250 000
Utbygging av trådlusdekning skule		250 000
Utbygging 10G nettverk mellom kommunale bygg		200 000
<b>Maskinrullering</b>		
Herøy legesenter	25	250 000
Myrvåg Legekontor	13	130 000
Herøy og Sande legevakt	3	30 000
Herøy kyrkjelege fellesråd	14	140 000
Stokksund skule klassesett	30	200 000
Tynnklientar administrasjon		100 000
Lånepc/kurstralle rhu og po	25	200 000
<b>Andre prosjekt</b>		
Meiroke/sjølvetent bibliotek		Felle/eige budsjett
Nytt skuleadministrativt system		SSIKT
Oppdatering Agresso, elektronisk reiserekning		SSIKT
<b>Totalt</b>	<b>110</b>	<b>2 000 000</b>

# Prosjektplan - Egedomsinvesteringar

Egedomsavdelinga skal i 2018 gjennomføre ei rekke investeringar i kommunale bygg.

Generelle postar	Aktivitet
<b>Asbestsanering</b>	1. Kartlegging av asbest.
	2. Sanering av asbest
	3. Naudsynte fylgjetiltak
<b>Asfaltering</b>	Asfaltering av uteområde.
<b>Brannsikring</b>	Prioritering mellom meldte avvik
	Gjennomføring av tiltak
<b>Desentralisert ventilasjon</b>	Etablering av desentralisert vent.
<b>EPC</b>	Ferdigstilling av analysefase.
<b>Leikeplassar</b>	Oppgradering av uteområde.

Stab	Prosjekt	Aktivitet
<b>Herøy rådhus</b>	Mindre ombygging og oppgradering	1. Ombygging av hovudinngang
		2. Bygging av rullestolrampe
		3. Sanering av trappeheis
		4. Nye ytterdører og skalsikring.
		5. Nye branndører og soneinndeling
<b>Nedre Dragsund 2</b>	Mindre ombygging og oppgradering	Tilrettelegging for vidare utleige.
Oppvekst	Prosjekt	Aktivitet
<b>Bergsøy skule Borga</b>	Mindre ombygging og oppgradering	1. Klargjering for asbestsanering
		2. Asbestsanering

		3. Etablering av desentralisert ventilasjon
		4. Rehabilitering fasade sør-aust
		5. Ombygging av varmesystem
<b>Bergsøy skule Blåhaugen</b>	Tilbygg	1. Utarbeiding av skisseprosjekt
		2. Utarbeiding av kostnadskalkyle
<b>Einedalen skule</b>	Nybygg	Fleirbrukshall
<b>Leikanger skule og grendahus</b>	Mindre ombygging og oppgradering	1. Asfaltering
	Nybygg, tilbygg og rehabilitering	2. Økonomisk avslutning
<b>Moltu skule</b>	Mindre ombygging og oppgradering	Solskjerming
<b>Stokksund skule</b>	Mindre ombygging og oppgradering	Nye vindu - byggetrinn 1
<b>Helse og omsorg</b>	<b>Prosjekt</b>	<b>Aktivitet</b>
<b>Herøy omsorgssenter – blå</b>	Mindre ombygging og oppgradering	Bygging av uteplass ved Dagsenteret. Finansiert med private midlar
<b>Herøy omsorgssenter – gul</b>	Riving	Miljøkartlegging
		Miljøsanering og riving
<b>Herøy omsorgssenter - raud/grøn</b>	Brannsikring	Prosjektering av fullsprinkling
<b>Myrvåg omsorgssenter</b>	Mindre ombygging og oppgradering	Planlegging av ombygging
<b>Sjukeheimsvegen 14</b>	Mindre ombygging og oppgradering	1. Nytt yttertak
		2. Nye ytterdører
		3. Nytt verendarekkverk
<b>Storenesvegen 30-36</b>	Mindre ombygging og oppgradering	1. Nytt yttertak
		2. Ny fasadekledning

Samfunnsutvikling	Prosjekt	Aktivitet
<b>Herøy kulturhus og idrettshall</b>	Mindre ombygging og oppgradering	1. Nye ytterdører og skalsikring.
		2. Nye branndører og soneinndeling
		3. Fasaderehabilitering
		4. Rehabilitering av elevtoalett
		5. Andre naudsynte tiltak
<b>Herøy gard</b>	Brannsikring	Prosjektering av brannsikring
<b>Herøy brannstasjon</b>	Nybygg	Kjøp av tomt
		Klargjering av tomt
		Nybygg

## Investeringsprosjekt Samfunnsutvikling

Nummer/namn	Status*	Planlagt ferdigstilt
Avlaupsplan	Delt i fleire prosjekt	løpande
Trafikktrygging	Delt i fleire prosjekt	løpande
Prosjekt 51405 - Almenningen	Arbeida delvis ferdig	2018
Prosjekt 70029 - Infrastruktur Nørvågen	Prosjekteringsfase	2018
Prosjekt 51211 - Bru til Vågsholmen	Prosjekteringsfase	2018
Prosjekt 51702 - Mjølstadneset	Prosjekteringsfase	2018
Prosjekt 51701 - Mindre prosjekt i bustadfelt	Delt i fleire prosjekt	2018
Prosjekt - Leine hamn heving av veg	Ikkje oppstarta	2018
Prosjekt 51704 - Slamavskiljar Nykrem	Avklaringsfase	2018
Prosjekt - 51703 Solparken	Avklaringsfase	2018
Kiwi til Automarin	Avklaringsfase	2018
Byutvikling	Delt i fleire prosjekt	løpande
Grøft for overvatn Huldalsvegen	Ikkje oppstarta	2018
Infrastruktur Bø/Arhaug	Avklaringsfase	2019
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	Ikkje oppstarta	2018
Oppgradering av veg Kleppeåsen	Ikkje oppstarta	2019
Telenor basestasjon på Runde	Avklaringsfase	2018
Lisjevatnet i Dragsund	Ikkje oppstarta	





Helse og omsorg

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	MAYERT	Arkivsaknr:	2017/1321
		Arkiv:	F31

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
4/18	Komite for helse og omsorg	01.02.2018
27/18	Formannskapet	06.02.2018
	Kommunestyret	15.02.2018

### **BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2018**

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i Komite for helse og omsorg - 01.02.2018**

Herøy kommune kan busette inntil 10 flyktningar i 2018.

#### **Tilråding:**

Herøy kommune kan busette inntil 10 flyktningar i 2018.

Særutskrift:  
Helse og omsorg  
Oppvekst  
Eigedomsavdelinga

## Vedlegg:

### 1 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2018

#### Saksopplysningar

Herøy kommune vedtok i 2017 å busette 23 flyktningar. Av desse 23 har vi tatt i mot og busett 4 flyktningar. I tillegg har vi ei familie på 4 som sit i mottak og ventar på at husværet skal bli ferdigstilla. Dei vil mest sansynleg verte busette i januar 2018, og er ikkje rekna inn blant dei det vert gjort vedtak på i denne saka. På tampen av året, 2017, takka Herøy kommune nei til å ta i mot 2 store familiar på tilsaman 15 stk. Dette vart gjort då kommunen ikkje kunne skaffe bustad til dei.

IMDI har kome med oppmoding om busetting for 2018, og Herøy kommune vert då bedt om å ta i mot 10 flyktningar. Kommunen vert oppmoda om å gjere eit presist vedtak på kor mange vi kan ta imot.

#### Integreringstilskot

Det vert utbetalt integreringstilskot i 5 år etter at ein flyktning har kome til kommunen. Beløpet er høgst 1. og 2 året.

For å få forventa Integreringstilskot i 2018 er det ei føresetnad at kommunen klarar å busette det vi har fatta vedtak på.

Satsane på integreringstilskotet for 2018 er ikkje ferdighandsama, men satsane for 2017 vert lagt ved, og forslag til satsar i 2018.

Tilskudd	Sats 2017 (kr)	Sats 2018 (kr)
	235 000 (enslige voksne bosatt i 2017)	237 000 (enslige voksne bosatt i 2018)
Integreringstilskudd år 1	185 000 (voksne bosatt i 2017) 185 000 (enslige mindreårige bosatt i 2017) 185 000 (barn bosatt i 2017)	187 000 (voksne bosatt i 2018) 187 000 (enslige mindreårige bosatt i 2018) 187 000 (barn bosatt i 2018)
Integreringstilskudd år 2	230 000 (alle bosatt i 2016)	239 000 (alle bosatt i 2017)
Integreringstilskudd år 3	167 000 (alle bosatt i 2015)	171 000 (alle bosatt i 2016)
Integreringstilskudd år 4	84 000 (alle bosatt i 2014)	85 500 (alle bosatt i 2015)
Integreringstilskudd år 5	70 500 (alle bosatt i 2013)	71 600 (alle bosatt i 2014)
Barnehagetilskudd	25 100 (barn under 5 år bosatt i 2017)	25 800 (barn under 5 år bosatt i 2017)
Eldretilskudd	164 200 (voksne som har fylt 60 bosatt i 2017)	167 600 (voksne som har fylt 60 bosatt i 2018)

## **Bustad**

Det er ein føresetnad for å busetje flyktingar at kommunen klarer å skaffe/har ledige bustader.

## **Sektor Oppvekst, barnehage**

Kommunane mottok eige barnehagetilskot. Dette er eit eingongstilskot for år 1. Dette er eit tilskot som går til barnehagen direkte, og er variabelt etter kor mange barn som treng barnehageplass. Om barnehagen treng meir ressursar til oppfølging, også utover 1. året, skal ekstrautgiftene til det dekkast av det ordinære tilskotet kommunen mottok så langt det let seg gjere.

Leiar for dei kommunale barnehagane uttaler at det truleg er kapasitet til å ta imot barn i 2018. Det har ikkje vore undersøkt med dei private barnehagane om dei har ledig kapasitet.

## **Sektor Oppvekst, grunnskule**

Skuleavdelinga får ikkje statlege tilskot til norskopplæring av minoritetsspråklege barn, og opplyser at dei er avhengig av å få del i integreringstilskotet for å klare å yte forsvarlege tenester.

## **Flyktingtenesta**

Flyktingtenesta har personellressursar til å busetje 10 flyktingar i 2018.

## **NAV**

Mange av flyktingane har behov for supplerande økonomisk sosialhjelp både medan dei er i Introduksjonsprogrammet og etterpå. NAV har også plikt etter rundskriv Q – 27/2015 til å delta aktivt i høve Introduksjonsprogrammet. Dette kan krevje ekstra ressursar frå NAV, både økonomisk og i form av auka personellressurs.

## **Helsestasjon**

Helsestasjonen har kapasitet til å ta imot 10 flyktingar i 2018.

## **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen konkluderer med at Herøy kommune kan imøtekomme ynskje frå IMDI om å busetje 10 flyktingar i 2018. IMDI ber om at det vert gjort presise vedtak, men utfrå situasjonen i bustadmarkedet, både i kommunal sektor og med private utleigarar må ein ta atterhald om at Herøy kommune klarer å skaffe eigna bustad.

Konsekvensar for folkehelse:

Det er positivt for flyktingane som får busetje seg i kommunen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjente.

Konsekvensar for drift:

Ingen kjente.

Fosnavåg, 07.12.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol  
Kommunalsjef Helse og omsorg

Sakshandsamar: May Gunn Ertesvåg



Ta kontakt med IMDi Midt-Norge dersom dykk ynskjer dialog om oppmodinga og busetting av flyktningar. Vi deltar gjerne på møte med kommunen, i samarbeid med andre statlege aktørar på feltet.

Med helsing  
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Marit Elin Eide  
regiondirektør IMDi Midt-Norge

*Dokumentet er godkjend elektronisk og treng difor ikkje signatur.*



Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2018/15
		Arkiv:	153

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
28/18	Formannskapet	06.02.2018
	Kommunestyret	15.02.2018

### KJØP AV REINHALDSROBOT TIL HERØY KULTURHUS OG IDRETTSHALL

#### Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner kjøp av reinhaldsrobot til reinhald av Herøy kulturhus og idrettshall til ein kostnad av kr. 350 000 eks. mva.
2. Investeringa vert finansiert ved låneopptak.
3. Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02000 / ansvar 6051 / funksjon 386 / prosjekt x – opp kr. 350 000,- eks. mva.

Konto 09100 / ansvar 9011 / funksjon 880 / prosjekt x – opp kr. 350 000,- eks. mva.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga / eigedomsleiar  
Økonomiavdelinga v/ økonomileiar



## Vedlegg:

1. Rapportasje i Sogn avis 17.10.2017
2. Eksempel på reinhaldsrobot frå Lilleborg
3. Årskostnadsanalyse

## Samandrag av saka:

Saka gjeld kjøp av reinhaldsrobot til Herøy kulturhus – Herøyhallen.

## Saksopplysningar:

Saka gjeld kjøp av reinhaldsrobot til Herøy kulturhus – Herøyhallen.

### Bakgrunn

Eigedomsavdelinga overtok ansvaret for reinhaldet av Herøyhallen den 01.01.2018. Dette etter avtale med Kulturavdelinga som hadde ansvaret for reinhald av hallen før denne tid. Eigedomsavdelinga har etter denne endringa hovudansvaret for alt reinhald av Herøy kulturhus og Herøyhall.

I tida etter overtakelse har eigedomsavdelinga gjennomført hovudreingjering av hallen, noko som var naudsynt for å halde reinhaldet på forsvarleg nivå. Samstundes er det behov for å investere i nytt reinhaldsutstyr ved bygget for å kunne gjennomføre reinhaldet på effektivt og forsvarleg vis.

### Reinhaldsutstyr

Ved overtakinga av reinhaldsansvaret i Herøyhallen, overtok eigedomsavdelinga også den reinhaldsmaskina som har vore nytta til reinhald av hallen fram til no.



**Maskina er om lag 20 år gamal og klar for utskifting. Maskina er pt. ikkje brukandes fordi ulike delkomponentar er øydelagde og krev reparasjon.**

Eigedomsavdelinga har i fleire år nytta ein mindre og nyare reinhaldsmaskin til reinhald av bygget elles.



**Maskina er i god stand og fungerer godt til dagens bruk, men er ikkje eigna til reinhald av hallen. Vi har testa dette i perioda med hovudreingjering. Maskina er for liten og inneber at vi bruker 2 til 3 timar på dagleg reinhald av hallen.**

#### Kjøp av reinhaldsmaskin eller reinhaldsrobot?

Aktivitetsnivået i Herøyhallen er omfattande og inneber dagleg bruk av hallen frå kl. 08:25 – til kl. 22:00 måndag til fredag. I tillegg er hallen mykje brukt i helgene til handballkampar og andre arrangement.

Med arbeidstid for reinhaldarane frå kl. 07:30 inneber ovannemnde at det er vanskeleg å gjennomføre reinhald av hallen med dagens utstyr. I utgangspunktet kan eigedomsavdelinga løyse utstyrsbehovet gjennom kjøp av ei ny og meir effektiv reinhaldsmaskin over eksisterande driftsbudsjett. Ei slik maskin legg beslag på ei 20 % stilling til dagleg bruk. Samstundes går utviklinga framover også på reinhaldsfronten, herunder gjennom utvikling av reinhaldsrobotar som kan overta reinhaldet for ulike typar areal. Vi legg ved eit avisoppslag frå Sogn og Fjordane som illustrerer dette, sjå prenta vedlegg 1.

Vi vurderer ein reinhaldsrobot som svært interessant og ynskjer difor å teste ut ein reinhaldsrobot ved Herøyhallen. Dette er også nyttig med tenke på framtidig reinhald av fleirbrukshallen ved Einedalen skule. Ein reinhaldsrobot vil lette arbeidet for reinhaldarane, som kan starte roboten for så å prioritere reinhald av andre området som roboten ikkje kan ta. Eksempel på robot fyl som prenta vedlegg 2.

#### Kostnad

Ei tradisjonell reinhaldsmaskin har ein estimert innkjøpskostnad på om lag kr. 150 000. Reinhaldsmaskina krev 20 % dagleg bemanning.

Ein reinhaldsrobot har ein estimert innkjøpskostnad på om lag kr. 350 000. Reinhaldsroboten krev tilsyn ved oppstart og avslutning men utover det kan reinhaldar prioritere andre oppgåver.

**Samanliknar vi årskostaden for ei reinhaldsmaskin og ein reinhaldsrobot, inneber reinhaldsroboten ein samla driftskostnad over 10 år på om lag kr. 750 000. Driftskostnaden for ei reinhaldsmaskin er til samanlikning på om lag kr. 1 360 000, sjå prenta vedlegg 3.**

#### Finansiering

Kjøp av reinhaldsmaskin finansierast over eigedomsavdelinga sitt driftsbudsjett med anslagsvis kr. 150 000. Kjøp av reinhaldsrobot bør finansierast over investeringsbudsjettet. I samråd med økonomiavdelinga, rår vi til at dette vert finansiert gjennom låneopptak med ein årleg kapitalkostnad på om lag kr. 25 000.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne innkjøp av reinhaldsrobot til Herøy kulturhus og Herøyhall.

Reinhald av Herøyhallen er tidkrevjande og omfattande, men også viktig med tanke på det aktivitetsnivå som er i bygget generelt og hallen spesielt. Dersom eigedomsavdelinga skal gjennomføre reinhaldet med tradisjonell reinhaldsmaskin, vil reinhaldet innebere om lag 2 timar pr dag. Med ein reinhaldsrobot kan dette arbeidet gjennomførast automatisk medan reinhaldarane prioriterer andre oppgåver ved bygget som ein robot ikkje kan gjennomføre.

Ein reinhaldsrobot reduserer såleis belastninga for reinhaldarane sjølve, frigjer tid til andre oppgåver og bidre til å sikre reinhaldet også ved redusert bemanning hos reinhaldarane.

#### **Konsekvensar for folkehelse**

Ingen særskilt konsekvens.

#### **Konsekvensar for beredskap**

Ingen særskilt konsekvens.

#### **Konsekvensar for drift**

Kjøp av reinhaldsmaskin er naudsynt for å kunne gjennomføre forsvarleg reinhald av Herøyhallen. Kjøp av reinhaldsrobot er effektiviserande og kostnadsbesparande på lang sikt. Låneopptak på om lag kr. 350 000 medfører ein årleg kapitalkostnad på om lag kr. 25 000 som kostnadsførast på eigedomsavdelinga sitt driftsbudsjett. Alternativkostnaden er ei eingangsinvestering over driftsbudsjettet på om lag kr. 150 000, som eventuelt kostnadsførast på same vis.

Fosnavåg, 19.01.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

## Vil styrkja barn sitt rettsvern

**LEIKANGER:** Regjeringa foreslår endringar i barnelova og straffelova for å styrkja barn sitt rettsvern i saker som gjeld vald og overgrep. Forslaga er sendt til Stortinget for behandling der. Lovforslaga vil gje det offentlege eit større ansvar for å verja barna, og setja foreldra betre i stand til å verja eigne barn. Departementet foreslår å gje

domstolane plikt til å vurdere om den dømde i valds- og overgrepssaker skal få kontaktforbod overfor barn. Vidare er det foreslege endringar i barnelova som gjer det tydelegare at det ikkje skal vera samvær, og at det ikkje skal vere mogleg å avtala samvær når domstolen har fastsett kontaktforbod eller besøksforbod overfor barnet.

## Kan søkja kompensasjon for unyttta mottaksplass

**LEIKANGER:** Kommunar som busette færre einsleg mindreårige enn dei gjorde vedtak om for 2016 kan søkja om kompensasjon for kommunen sine utgifter knytt til forebuingsarbeidet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har fått tildelt 407.000 kr som skal fordelast mellom dei kommunane i fylket som vart bedne

om å busetja fleire einslege flyktningar enn kommunen gjorde vedtak om for 2016. Satsar som er lagde til grunn per unyttta plass: om lag 24.400 kr i kommunar med mindre enn 5.000 innbyggjarar om lag 16.600 kr i kommunar med meir enn 5.000 innbyggjarar, skriv Fylkesmannen på sine nettsider.

# Robot vaskar hallen

■ ■ Først i Sogn og Fjordane ■ ■ – Dette er framtida



**TESTING:** Roboten måtte testast for den kunne takast i bruk.

**Vik:** Intellibot har teke over vaskinga i Blixhalli.

– Den fungerer veldig bra, seier reinhaldsleiar i Vik kommune, May Britt Lunde.

Førre veke var vaskeroboten Intellibot på plass i Blixhalli. Frå no av er det den som skal vaska golvet i den store idrettshallen.

### Fleire tiltak

– Dette er ein kombinasjon av eit effektivisering og moderniseringstiltak, og eit HMS-tiltak som skal vera både arbeids- og belastningssparande, seier teknisk sjef i Vik kommune, Ole Petter Ramberg.

Initiativtakaren til å få vaskeroboten til Vik, var reinhaldsleiar Lunde.

– Robotstøvsugarar har vore mykje framme i media den siste tida. Eg fekk ein idé om at me skulle ha noko slikt her i Vik, seier ho.

### – Fornuftig

Etter politisk behandling vedtok kommunestyret i Vik å investera i vaskeroboten til 350.000 kroner.

– Det er mykje pengar, men det er ei fornuftig investering. Det kostar å ha folk i arbeid. På sikt kan dette sjølvsgagt vera sparande. Samstundes er det heile tida krav om effektivisering i arbeidslivet. Målet er at dette kan vera med å skapa betre og meir effektive tenester, seier Ramberg.

### Erstattar ikkje folk

Førebels erstattar ikkje roboten menneskehender i Vik.

– Tanken er at dei skal gjera andre ting medan roboten går, som til dømes å vaska gardero-bane der roboten ikkje kjem til. Så er ikkje roboten heilt sjølvhjelpen heller. Nokon må



**NY KOLLEGA:** Frå no av er det vaskeroboten, Intellibot som skal vaska golva i Blixhalli.

(Begge foto: Ole Petter Ramberg)

fylla på vatn, køyra roboten inn i hallen, og starta den. Når den er ferdig må den tømast og spylast, seier Lunde.

Ho ser fleire fordelar med den nye vaskehjelpa.

– Me blir meir effektive og

sparer slitasje på reinhaldsinn, seier Lunde.

### – Framtida

Vik kommune er første kommune i Sogn og Fjordane som tek i bruk vaskerobot. Dei er

øg blant dei første på landsbasis. Lunde håpar og trur andre vil koma etter.

– Robotar er framtida, dei vil ta meir og meir over. Eg håpar mange kan sjå nytten av å bruka dei. Eg håpar òg dette

kan vera med å få meir fokus på reinhald, seier ho.

Sigrd Nese  
sigrd.nese@sognavis.no

# Taski Swingobot 2000

– *smartere renhold*

Dette er en vaskerobot som effektivt vasker din idrettshall mens du kan bruke dine ressurser på andre oppgaver. Roboten kan vaske over 1000 m<sup>2</sup> i timen og vaskeresultatet er fantastisk!

Swingobot 2000 kan også kjøres manuelt når det skulle være ønskelig. Batterikapasitet er på over fire timer og denne tiden kan dobles om man bruker doble batterisett. Maskinen er enkel i bruk og lett å vedlikeholde



## Anbefalte maskiner for idrettshaller



Taski Swingo  
XP-R



Taski Swingo  
4000



Taski Swingo  
2100 micro



Taski Swingobot  
2000

	Taski Swingo XP-R	Taski Swingo 4000	Taski Swingo 2100 micro	Taski Swingobot 2000
Tankkapasitet	113 L	200 L	75 L	90 L
Driftstid	3,5 t	4 t	4 t	4 t
Padstørrelse	15"	17"	11"	14"
Børstetrykk	40–80 kg	56–112 kg	45 kg	42,5 kg

## DAGLIG RENGJØRING

Produkter til daglig rengjøring av sportsgulv/gulv og andre overflater. Brukes i combimatmaskiner



Taski Jontec 300 free ID  
Taski Jontec 300 free SD  
Taski Twister-pad, grønn

## KLISTERFJERNING

Produkter til klisterfjerning/grovrengjøring av sportsgulv



Taski Jontec Resin Remover (klisterfjerner)  
Taski Sprint Spitfire  
Taski Twister-pad, grønn eller gul (Bruk gul ved ekstra mye klister)  
Taski lavtrykksprøyte 7,5 L

## BRUKERVEILEDNING KLISTERFJERNING

1

### Dosering av Taski Jontec Resin Remover (klisterfjerner) i lavtrykksprøyte

Bland Taski Jontec Resin Remover (klisterfjerner) i Taski Lavtrykksprøyte (10 % dosering / 1 dl per liter)  
Påfør direkte på områder med ekstra mye klister (la virke 5–10 minutter).

2

### Dosering av Taski Jontec Resin Remover (klisterfjerner) i gulvvaskemaskin

Bland Taski Jontec Resin Remover (klisterfjerner) i gulvvaskemaskin (3 % dosering / 0,3 dl per liter)  
Rengjør hele overflaten med grønn eller gul Twister Pad (gul for ekstra tilsmusset gulv).

3

### Fjerning av vanskelige flekker

For fjerning av klister fra håndballmål o.l. bruk Taski Jontec Resin Remover (klisterfjerner) i lavtrykksprøyte eller Taski Sprint Spitfire.

Lilleborg tilbyr også løsninger for dine garderobes!



### Små flater

For små flater kommer du enkelt til med våre små maskiner Taski Swingo 150 Li-Ion og Taski Swingo 350 Li-Ion.



### Renhold av interiør

For inventar anbefales Taski Sprint 200 Free eller Taski Sani 100 Free. Glass og speil rengjøres med Taski Sprint Glass Pur-Eco. Om man er plaget med vond lukt vil Sactif Ren & Luktfri være en utmerket problemløser mot dette.



### Sanitær

Til daglig rengjøring anbefales Taski Sani 100 Free og for periodisk renhold vil Sactif Sanigel være en glimrende løsning. For toalett er Lilleborgs anbefaling Taski Sani Clonet Free.



### Rekvisita

Lilleborgs anbefalte mopp for gulv i garderobeområdet er Uniq Duotex Fukt HD. Ved ujevne flater vil Pro Skurmopp være et godt alternativ.

For inventar anbefales Uniq Duotex Tavle- og Interiørmopp og for rengjøring av glass og metallflater er løsningen Uniq Duotex Glass/metallmopp.

For de mindre flatene vil Ultra Free Mikrofiberklut gjøre effektivt rent.



## Norges nye idrettsstjerne

*En helt annen idrett med  
Lilleborgs løsninger for din hall*



## Reinholdsmaskin Herøyhallen

År 1			
	Robot	350 000.-	
	Behov 6,66 % stilling 400 000.-	35 964.-	385 964.-
År 2	6,66 % stilling + 2,5% lønsauke	36 863.-	422 827.-
År 3	6,66 % stilling + 2,5% lønsauke	37 784.-	460 611.-
År 4	6,66 % stilling + 2,5% lønsauke	38 729,-	499 340.-
År 5	6,66 % stilling + 2,5% lønsauke	39 697.-	539 037.-
År 6	6,66 % stilling + 2,5% lønsauke	40690.-	597 727.-
År 7	6,66 % stilling + 2,5% lønsauke	41 707.-	621 434.-
År 8	6,66 % stilling + 2,5% lønsauke	42 750.-	664 184.-
År 9	6,66 % stilling + 2,5% lønsauke	43 818,-	708 002.-
År 10	6,66 % stilling + 2,5% lønsauke	44 914.-	752 916.-
<b>Sum</b>		<b>752 916.-</b>	

År 1	Reinholdsmaskin	150 000.-	
	20 % stilling 400 000.-	108 000.-	258 000.-
År 2	20 % stilling + 2,5% lønsauke	110 700.-	368 700.-
År 3	20 % stilling + 2,5% lønsauke	113 468.-	482 168.-
År 4	20 % stilling + 2,5% lønsauke	116 304	598 472.-
År 5	20 % stilling + 2,5% lønsauke	119 211.-	717 683.-
År 6	20 % stilling + 2,5% lønsauke	122 193.-	839 876.-
År 7	20 % stilling + 2,5% lønsauke	125 247.-	965 123.-
År 8	20 % stilling + 2,5% lønsauke	128 379.-	1 093 502.-
År 9	20 % stilling + 2,5% lønsauke	131 588.-	1 225 090.-
År 10	20 % stilling + 2,5% lønsauke	134 877.-	1 359 967.-
<b>Sum</b>		<b>1 359 967.-</b>	





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2015/1763
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/18	Formannskapet	06.02.2018
	Kommunestyret	15.02.2018

**SLUTTHANDSAMING: FOSNAVÅG HAMN, YTRE HAMN, GNR. 35, BNR. 31 M. FL.**

### Tilråding:

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 *detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, ytre hamn, gnr. 35, bnr. 31 m. fl.* med plankart datert 14.12.2017 og føresegner datert 12.01.2018.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stillast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal Fylkeskommune  
Kystverket, region midt  
NVE  
Statens Vegvesen  
Fiskeridirektoratet  
Herøy Fiskarlag  
Eggesbø Eigedom AS

Måløy Havneservice AS  
Moen Eiendom AS  
Sjøsida Eigedom SA  
Fosnavåg Rederipark AS

### **Vedlegg:**

- 1 15-1763 Plankart\_14122017
- 2 15-1763 Føresegner 12012018
- 3 15-1763 Planomtale\_ ytre hamn
- 4 15-1763 Samla innspel ytre
- 5 15-1763 Kommenterar til innkomne merknader
- 6 15-1763 ROS \_ ytre hamn
- 7 15-1763 Konsekvensutgreiing
- 8 15-1763 Støyrapport for indre og ytre havn i Fosnavåg Herøy kommune med vedlegg (002)
- 9 15-1763 Planprogram stadfesta 02.02.2016

### **Samandrag av saka:**

Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, ytre hamn er ein offentleg detaljreguleringsplan utarbeidd av Asplan Viak AS for Herøy kommune. Planen er revidert av Asplan Viak på oppdrag frå Herøy kommune. Planen erstattar del av reguleringsplan “*Fosnavåg Sentrum*” (Planid 198701) og reguleringsplanen “*Sjøsida Eigedom*” (Planid 201289). Formålet med planen er først og fremst å legge til rette for etablering av massedeponi for ureine massar (strandkantdeponi). Vidare vert det lagt til rette for ein heilt ny bydel for Fosnavåg, med eit nytt område for høghus, parkeringsareal og areal for sentrumsformål. Ytst mot sjøen er det lagt til rette for eit stort grøntareal med promenade langs sjøkanten. Planen er nært relatert til detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn og er begge sentrale ledd i “deponisaka” for Fosnavåg hamn.

Rådmannen rår no til at kommunestyret eigengodkjenner *detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn* med kart, planomtale og føresegner slik dei ligg føre.

### **Bakgrunn:**

Herøy kommunestyre vedtok oppstart av reguleringsarbeid for planområdet i K-sak 195/15 (10.12.2015) og påfølgjande stadfesting av planprogram 25.05.2016. Planen sitt hovudføre mål er å legge til rette for etablering av massedeponi for forureina massar. Planområdet er lokalisert i ytre del av Fosnavåg hamn, eit område med lange tradisjonar for fiskeri og sjøfartsnæring. Delar av planområdet er utbygd frå før og husar i dag mellom anna Igesund Eigedom AS sine kontorlokaler, samt gamle “*Sunnmørsfisk*” for å nemne nokre døme. Store delar av planområdet består av ei unyttta steinfylling og sjøareal som i dag fungerer som hamn.

### **Oppsummering av kva detaljreguleringa vil omfatte:**

- Tilrettelegging for etablering av massedeponi (forrureina massar) med tilhøyrande toppdekke.
- Tilrettelegging for etablering av ny næring, bustadblokker, sentrumsareal m.m.
- Etablering av hamn, kai, køyreveggar og fortau.
- Omsynssoner for stormflod.

### **Saksopplysningar:**

Etter at planforslaget låg ute til offentleg ettersyn i perioden 16.07.2017-15.08.2017 har planmaterialet vore justert noko i kart og føresegner. Det er mellom anna lagt inn to leikeplassar i plankartet, samt lagt inn rekkefølgekrav på utbetring av tilkomstvegen mellom planområdet og Igesundvegen. Det er utarbeidd ein støyfagleg rapport som syner at det ikkje vil vere støyproblem i planområdet frå skipstrafikk.

### ***Planforslaget***

#### **Føresegningsområde – deponi:**

Areal for etablering av deponi og tilhøyrande deponering av forrureina og-/ eller reine massar.

#### **Sentrumsformål (BS1-3):**

Store delar av planområdet vert sett av til føremålet Sentrumsformål. Det er tiltenkt både bruk av eksisterande bygningsmasse, men også nybygging. 1. etg er tiltenkt næringsformål, medan øvrige etasjar kan brukast som bustader eller kontor.

#### **Bustadar – Blokker (BBB1):**

Gjeld området over dagens steinfylling, vest for planlagt massedeponi. Legg til rette for etablering av bustader i blokkbygg (4 etasjer) med tilhøyrande parkeringskjellar i tillegg. Området skal ha leikeplass og uteareal ihht. føresegner.

#### **Leikeplassar (BLK1-2):**

Felles nærleikeplassar. BLK1 er felles for område BBB1. BLK 2 er felles for både BS1 og 2. Leikeplassar skal vere ferdig opparbeidd i samsvar med §2 i føresegnene før det kan gjevast bruksløyve for bustadene dei høyrer saman med.

#### **Kai (o\_SK1):**

SK1 vert sett av til etablering av kai i front av deponiet i ytre hamn. Kaia skal vere tilgjengeleg for større køyrety for transport.

#### **Grøntareal (o\_GF1) og tursti (o\_GTV1):**

Område for friareal og rekreasjon (allmenn tilgjengeleg) mellom sjø og bustadområdet. Tursti skal vere universelt utforma.

**Offentleg parkeringsplass (o\_SPA1):**

Etablering av parkeringsplassar over planlagt massedeponi.

**Avløpsanlegg (o\_BAV1):**

Kommunalt avløpsanlegg. Det er sikra areal til framtidig utviding av anlegget.

**Konsekvensutgreiing (KU):**

Konsekvensutgreiinga er delt i to delar: Anleggsfase og varig situasjon. Tema for KU anleggsfase er naturmangfald, grunntilhøve, støy, støv, lukt og trafikktryggleik. Når det gjeld grunntilhøve viser KU til grunnundersøkingane som er utført av Multiconsult og Rambøll. Det er påvist ein høg konsentrasjon av ei rekke miljøgifter i hamnebasenget til Fosnavåg hamn som utgjer ein risiko for økosystemet. Når det gjeld støy, konkluderer KU med at den einaste kjelda til grenseoverskridande støy pr. i dag er båttrafikk og båtar til land for overnatting. Ein reknar med vesentleg støy frå anleggsbåtar i anleggsperioden. Når det gjeld støv og lukt forureining rapporterast det om at det til tider er sjenerande lukt kring hamnebasenget i indre hamn. Det er ikkje meldt om lukt frå ytre hamn. Luktforureining er venta å bli eit problem under anleggsfasen, men ikkje som ein del av varig situasjon. Når det gjeld trafikktryggleik er det meste av arbeidet venta å gå føre seg på sjøen ved bruk av båt/lekter. Det er venta relativt låg aktivitet på land og langs vegane kring ytre hamn.

I del to, varig situasjon, er det særskild endringar i landskapet og risiko for utslepp av mudringsmassar frå ferdige deponi som er omhandla. Deponiet med tilhøyrande utbygging av bustadfelt, sentrumsareal og parkering vil ha stor verknad på landskapet i nærområdet. På sikt er området tenkt som ein ny bydel for Fosnavåg. Det vert elles presisert at tiltaket ikkje kjem i direkte konflikt med kulturminner i området. Havnivåstigning og stormflo er også eit tema for konsekvensutgreiinga.

**Merknader ved offentlig ettersyn:**

Sjå eige dokument (vedlegg).

**Vurdering:**

Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, ytre hamn skal saman med reguleringsplanen for indre hamn danne viktige rammer for “deponisaka” i Fosnavåg hamn. Planmaterialet er omfattande og dei to planane har mellom anna felles konsekvensutgreiing (KU) som tek føre seg ei rekkje ulike tema. Reguleringsplanen for ytre hamn legg opp til etablering av eit massedeponi for ureine massar bak ein steinmolo som skal danne grunnlaget for ny kai i ytre hamn

**Vurderingar etter Naturmangfaldslova**

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Prøvetaking (417839-RIG-RAP-001), syner sær sars varierende lausmassemektigheit i botnen til hamna. Prøvene syner at sedimenta er forureina av miljøgifter, inntil tilstandsklasse 5 for nokre prøver, men ikkje like konsentrert og omfattande som i indre hamn. Grunntilhøva og miljøtilstand er ikkje nærare undersøkt for landområda. Landareala i ytre planområde er utfylte (med reine masser), nakne flater med få naturverdiar. For hamna er det naturleg å anta at botnfauna er naturleg artsrik og mangfaldig, men det er ikkje utført nærmare undersøkingar på dette.

#### §9 Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

#### §10 Økosystemtilnærming og samla belastning

For ytre hamn vert endringa dramatisk negativ for naturmangfald i sjø og sediment i hamna, men omfanget av skade vil vere relativt lite. Det vil vere potensiale for å betre situasjonen for naturmangfald på landareala. Heile ytre hamn vert fylt att og fjerna som landskapselement. Verknaden av dette er sett til “middels negativt omfang” i konsekvensutgreiinga (kapittel 4.2 landskap). Etablering av ny busetting i planområdet vert i utgangspunktet vurdert som positivt for landskapsbildet (under føresetnad av god struktur og utforming). Forslag til avbøtande tiltak er at ein legg til rette for variasjon og opplevingsverdi i nye tiltak og tilpassar dette til lokal skala.

#### §11 *“Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver”*

#### §12 *“Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder”*

*“For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidlige, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater”.*

Det framgår av forprosjektet, og seinare hovudprosjektet til Kystverket kva metodar som vert valt for etablering av deponi og val av metode for mudring og dumping av forureina massar.

#### **Støy**

Asplan Viak AS har på vegne av Herøy kommune levert ein støyfagleg rapport på bakgrunn av motsegn fremja av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i brev datert 15.08.2017. Støyrapporten (vedlagt) syner at planområdet ligg utanfor gul og raud støysone for skipstrafikk inn og ut av Fosnavåg hamn.

#### **Konklusjon:**

Rådmannen vurderer planforslaget som godt gjennomarbeida og viktig for vidare utvikling av Fosnavåg som by. Planforslaget går ut over grunnforma til ytre delar av Fosnavåg hamn, men gir samstundes store gevinstar for byutvikling, næring og miljø. Ein stor positiv verknad av planforslaget er ein heilt ny ytre bydel for Fosnavåg. Massedeponiet vil gjere det mogleg å utdjupe Fosnavåg hamn slik at ein

også i framtida kan ha ei tryggare og reinare hamn. Dette er viktig for fiskerinæringa sin eksistens og Fosnavåg sin identitet.


Rådmannen rår til at kommunestyret eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, ytre hamn gnr. 35, bnr. 31 m. fl. med plankart datert 14.12.2017 og føresegner datert 12.01.2018.

Fosnavåg, 19.01.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand



**TEIKNFORKLARING**

Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)

- BBB** Bustader - blokker
- BS** Sentrumsformål
- BAV** Avlopsanlegg
- BLK** Leikeplass
- SKV** Køyreveg
- SF** Fortau
- SGG** Gangveg/gangareal/gågate
- SVG** Annan veggrunn - grøntareal
- SK** Kai
- SPA** Parkering

Grønstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)

- GTV** Turveg
- GF** Friområde

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)

- VHS** Hamneområde i sjø

Omsynsoner (PBL2008 §12-6)

- H320** Faresone - Flomfare
- H140** Sikringsone - Friskt

Føresegningsområde (PBL2008 §12-7)

- #1** Føresegningsområde


Juridiske linjer og punkt PBL2008

- Planen si avgrensning
- Faresonegrense
- Formålsgrense
- Sikringsonegrense
- Føresegningsgrense
- Byggjeggrense
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Målelinje/avstandslinje
- Avkjørsel
- Påskrift feltnavn

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

**Kartopplysningar**

Kjelde for basiskart: Geovekst  
 Dato for basiskart: 27.11.2017  
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89  
 Høgdegrunnlag: NN 2000



**AREALPLAN ETTER PBL AV 2008**  
**Fosnavåg hamn - Ytre deponi**

Nasjonal arealplan-ID  
**201616**  
 Plantype:  
**Detalreguleringsplan**  
 Forslagsstillar:  
**Herøy kommune**

**SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA**

Saksnr i saksbehandlingssystem:  
**2015/1763**

Kunngjeringsdato for planvedtak:	Behandlingsorgan	Møtesaksnr	Dato	Sign
Dato for siste revisjon av plankart: 14.12.2017				
<b>Planvedtak:</b>				
Endring av område BLK1,2,3,4			14.12.2017	ERLEVIK
Revidert etter offentlig ettersyn			24.11.2017	GB
Høring og offentlig ettersyn frå/til: 16.06.2017 - 15.08.2017	F-sak	99/17	06.06.2017	ERLEVIK
Kunngjering av oppstart av planarbeidet:	K-sak	195/15	10.12.2015	ERLEVIK

**PLANEN ER UTARBEIDED AV:**  
 Asplan Viak

# DETALJREGULERING FOSNAVÅGEN YTRE HAMN

## FØRESEGNER

Arkivsaksnummer:

PlanID: 201616 :

Dato for siste revisjon av føresegnene : 12.01.2018

Dato for godkjenning av (vedtaksorgan) : <dato>

Føresegnene gjeld for området som på plankart datert 14.12.2017 er vist med reguleringsgrense.

## § 1 FØREMÅL FOR PLANOMRÅDET

### Bygninger og anlegg

Bustader – konsentrert

Sentrumsføremål

Avløpsanlegg

### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg

Fortau

Gangveg

Annan veggrunn – grøntareal

Kai

Parkering

### Grønstruktur

Friområde

Turveg

Nærleikeplassar

### Bruk og vern av sjø og vassdrag

Hamneområde i sjø

### Føresegnsområde

#1 - Offentleg tilgjengeleg gangveg

#2 – Deponi forureina massar

#3 – Deponi reine massar

#4 – Område som ikkje skal bebyggast

### Omsynssone

H140\_Frisikt

H320\_Flaumsone.



## § 2 FELLESEGNER

Alle tiltak i planområdet skal ha haldbare løysingar tilpassa staden og utført med estetisk og funksjonell kvalitet.

I samband med første søknad om rammeløyve i kvart av områda BBB1, BS1, BS2 og BS3, skal det liggje føre ein illustrasjonsplan for heile det aktuelle området. Illustrasjonsplanen skal syne korleis det aktuelle tiltaket kan gå inn i ei god samla løysing.

Med søknad om rammeløyve skal det følge dokumentasjon som beskriv utforming og materialbruk for planlagde bygningstiltak med målsette planer, snitt og fasadar, 3D visualisering eller modell. Plan for renovasjonsløysing skal gå fram av søknaden. Saman med søknad om rammeløyve skal det følge utomhusplan i målestokk 1:200. Planane skal syne plassering av bygningar, kotehøgde ved inngangar, eksisterande og framtidig terreng, slukplassering, grøntanlegg, areal for uteopphald/uteaktivitetar, bil- og sykkelparkering, høgder, plassering og utforming av murar, trapper og ramper.

Tiltak i planområdet skal ivareta plassar til parkering for bilar og sykklar jf. gjeldande norm i kommunen. Minimum 5 % av parkeringsplassane skal være HC-parkering. HC-plassane skal avsetjast ved inngang.

I planområdet som heilskap skal det pr. bueining vere minimum 25 m<sup>2</sup> avsett til leikeplassar.

Det skal etablerast nærleikeplassar på minimum 200 m<sup>2</sup> i maks gangavstand på 50 meter frå inngang til bustadar. Leikeplassar skal ha minimum 50% sol ved vårjamdøgn kl. 15, vere skjerma for vind og ligge utanfor gul støysone Lden<55db. Areal skal vere skjerma for trafikkfare. Plassen skal innehalde sandleikeplass og minimum 3 leikeapparat tilpassa barn frå 0-6 år. Det skal også etablerast noko fast dekke og sitteplassar. Dette skal vere vist i illustrasjonsplan. Plankartet viser lokalisering av nærleikeplassar.

MUA skal vere 25 m<sup>2</sup> per bueining. Leikeareal kjem i tillegg. Opphaldsareala skal vere solrike, støyskerma og tilrettelagt for opphald. Terrassar som ikkje er overbygde kan reknast med i MUA».

Ved planlegging og gjennomføring av tiltak skal det sikrast god tilgjenge for alle. Det skal gå fram av søknad korleis universell utforming er ivareteke.

MD sine gjeldande retningslinjer for støy i arealplanlegging skal leggjast til grunn for anleggsperiode og driftsperiode.

Jf. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sin rettleiar «Havnivåstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunal planlegging» frå sept. 2016, samt krav i TEK10, skal areal og funksjonar i sikringsklasse F1, ligge over stormflonivå kt +2,4 og areal og funksjonar i sikringsklasse F2 ligge over stormflonivå kt +2,6 relativt til NN2000. I tillegg skal bølgepåverknad bereknast og resultat summerast med stormflotala. Summen vert det gjeldande kravet for reguleringsplanområdet. Dokumentasjon på berekning av bølgepåverknad skal leggjast ved søknad om rammeløyve.

Geo-/miljøteknisk prosjektering skal vere ferdig før igangsettingsløyve kan gis. Av rapport for prosjektering skal det gå fram kva arbeid som treng særskilt oppfølging i bygge- og anleggsperioden.

Tiltak som grip inn i forureina masse krev løyve frå Fylkesmannen.

Alle tiltak i sjø krev løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter Plan- og bygningslova.

Med søknad om igangsettingsløyve skal følge plan for anleggsfase. Plana skal beskrive trafikkavvikling, massetransport, arbeidstider, trafikksikring for mjuke trafikantar, sikring av byggeplass, støytilhøve, vibrasjonar, reinhald og støvdemping. Vernetiltak og varslingsrutinar som skal være etablert før byggeaktivitet og anleggstrafikk kan settast i gang, skal gå fram av innsendt materiale.

Dersom det under anleggsarbeid eller anna verksemd i planområdet vert oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og kulturminnevernet ved Møre og Romsdal fylkeskommune varslast omgåande jamfør Lov om kulturminne § 8.

Dersom ein under arbeid i planområdet finn kulturminne under vatn, verna iht. Kml §14 eller 4, skal arbeidet straks stansast og Sjøfartsmuseet i Bergen varslast omgåande.

### **§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG**

Nye bygningar skal etablerast innafør byggegrenser på plankartet. Der byggegrense ikkje er vist gjeld føremålsgrense som byggegrense. Utnyttingsgrad vert rekna som % BYA i det enkelte føremålsområdet. Nye bygningar skal førast opp innafør dei høgdene som er sett på plankartet. Tekniske oppbygg som til dømes gjerder, piper, tak-hattar og heissjakter kan tillatast for inntil 10 % av takflata 1,5 m over viste byggehøgder.

#### **§ 3.1 Bustader - blokker**

*BBB1.* Maksimal gesims eller mønehøgde kt. +18,0. Det vert tillate inntil 4 bustadetasjar. Det kan byggast med flatt tak, mønetak og pulttak. Maksimal BYA er 60%. Parkeringsareal skal løysast på eiga tomt og reknast med i utnyttingsgrad dersom det vert nytta av uteareal til parkering. Det kan etablerast tett parkeringskjellar med golv på minimum kt.+1.5.

Det skal etablerast felles leikeplassar for alle bustadene i BBB1 jf. fellesføresegnene. Leikeplassar skal ha offentleg tilgjenge. Det skal etablerast offentleg tilgjengeleg passasje gjennom BBB1 mellom BLK1 og o\_SKV1, samt mellom BBB1, BLK2 og o\_SKV1. Passasjane skal etablerast som tilkomst til leikeplassar.

#### **§ 3.3 Sentrumsføremål**

*BS1.* Maksimal gesims eller mønehøgde kt. +16,0. Det kan byggast med flatt tak, mønetak og pulttak. Maksimal BYA er 70%. 1. etg. skal nyttast til næringsføremål. Øvrige etasjar kan nyttast til bustad og/eller kontor. Ved bustadetablering skal det etablerast leikeareal og MUA jf. krav i fellesføresegner. Leikeareal kan etablerast felles for BS1, BS2 og BS3. MUA kan etablerast som felles takhage/atrium.

*BS2.* Maksimal byggehøgde kt. +16,0. Det kan byggast med flatt tak, mønetak og pulttak. Maksimal BYA er 70%. Parkeringsareal skal ikkje reknast med i utnyttingsgrad. Parkeringskrav kan dekkjast på naboareal. 1. etg. nyttast til næringsføremål. Øvrige etasjar kan nyttast til bustad og/eller kontor. Ved bustadetablering skal det etablerast leikeareal og MUA jf. krav i

fellesføresegner. Leikeareal kan etablerast felles for BS1, BS2 og BS3. MUA kan etablerast som felles takhage.

BS3. Maksimal byggehøgde kt. +16,0. Det kan byggast med mønetak. Maksimal BYA er 85%. Parkeringsareal skal reknast med i utnyttingsgrad. Parkeringskrav kan dekkjast på naboareal. Området skal nyttast til næringsføresmål inkl. kontor og parkering.

### **§ 3.4 Avløpsanlegg**

BAV1. I området kan det etablerast avløpsanlegg. Det kan byggast med mønetak. Maksimal mønehøgde er 11 m.o.h. Maksimal BYA er 40%.

### **§ 3.5 Nærleikeplassar**

BLK1 og 2. Felles nærleikeplassar. BLK1 er felles for område BBB1. BLK 2 er felles for både BS1 og 2.

## **§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

### **§ 4.1 Køyreveg**

o\_SKV1. Køyrefelt 3,0 m, skulder 0,25 m. Vegen skal opparbeidast med fast dekke.

### **§ 4.2 Fortau**

o\_SF1, o\_SF2. Området er avsett til fortau med fast dekke. Fortau skal opparbeidast samstundes med køyrevegen som grensar til.

### **§ 4.3 Gangveg**

o\_SGG1, o\_SGG2. Området er avsett til gangveg med fast dekke. Gangvegen skal opparbeidast samstundes med areala som grensar til.

### **§ 4.4 Annan veggrunn - grøntareal**

o\_SVG. Området er avsett til snølagring. Etablering av teknisk infrastruktur er tillate.

### **§ 4.5 Kai**

o\_SK1. Området skal nyttast til etablering av offentleg kai. Kaia skal ha fast dekke og vere tilpassa og dimensjonert for aktuell næringsaktivitet. Det kan etablerast tiltak som tener kaia og hamna sitt føremål. Kaia skal ha jamn djupne på kote -10 LAT langs den delen av kaia som ligg innanfor føresegningsområde #2 i plankartet.

### **§ 4.6 Parkering**

o\_SPA1. Området skal nyttast til etablering av parkeringsplass.

## § 5 GRØNSTRUKTUR

### § 5.1 Friområde

*o\_GF1*. Offentleg friområde. Området skal dekkast til med vekstmassar som er naturlege for staden slik at ein får ei nytt naturområde. Tilkomst til sjøkant skal etablerast med god og klimatilpassa utforming på eigna punkt. Fyllingskant mot sjø skal stabiliserast med steinplastring der dette er naudsynt. Det skal nyttast fagkompetanse for utarbeiding av plan for utforming og vegetasjonsetablering av området.

### § 5.2 Turveg

*o\_GTV1*. Offentleg turveg. Turvegen skal vere universelt utforma med stabilt dekke eigna for rullestol og barnevogn, plassering av benkar, belysning m.m. Turvegen skal planleggast i samband med område *o\_GF1*. Plassering justerast mot område *o\_GF1*.

## §6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

### § 6.1 Hamneområde i sjø

*o\_VHS1*. Området kan nyttast av båtar til kai i kortare og lengre periodar. Fortøyingsliner og liknande er tillate. Innanfor føresegningsområde #2 skal det ikkje vere grunnare en kote -10 LAT

## § 7 FØRESEGNSOMRÅDE

#1 - Offentleg tilgjengeleg gangveg på bakkenivå. Kan byggast over.

#2 – Deponi. I føresegningsområdet vert det tillate etablering av massedeponi. Forureina massar må deponerast innom sjeteen.

Vilkår for utforming, etablering, drift og overvaking av strandkantdeponiet vert fastsett etter søknad til Miljødirektoratet ved Fylkesmannen, innafor dei fysiske rammene reguleringsplanen gir.

#3 – Deponi. I føresegningsområdet vert det tillate etablering av deponi for reine massar.

Vilkår for utforming, etablering, drift og overvaking av strandkantdeponiet vert fastsett etter søknad til Miljødirektoratet ved Fylkesmannen, innafor dei fysiske rammene reguleringsplanen gir.

#4 – Område som ikkje skal bebyggast.

## § 8 OMSYNSSONER

*H140\_Fri sikt*. Området er bandlagt til sone for fri sikt. Installasjonar, vegetasjon, gjerde eller liknande skal ikkje ha høgde meir enn 50 cm over vegens plan.

*H320\_Flaumsone*. Område omfatta av fare for stormflo. Reglar knytt til dette er tekne med i dei felles føresegnene.

## **§9 REKKEFØLGEFØRESEGNER**

### **§ 9.1**

Tette- og stabiliseringsdekke på toppen av deponerte massar skal etablerast umiddelbart etter ferdig deponering etter teknisk plan utarbeidd av Kystverket.

### **§ 9.2**

Bustader og andre byggeområde kan ikkje takast i bruk før deponiet er ferdig oppfylt og tildekt etter godkjend teknisk plan.

### **§ 9.3**

Uteareal og leikeplassar skal vere ferdig opparbeidd i samsvar med reglane i §2 før det kan gis bruksløyve for bustadane dei høyrer saman med.

### **§ 9.4**

Før utbygging i BBB1 og BS1 tek til, skal det utarbeidast berekningar av trafikkbelastninga dei utbygde områda vil gi – vurdert opp mot kapasitet og sikkerheitstilhøve på tilgrensande vegnett.

### **§ 9.5**

Før utbygging i BBB1 og BS1 tek til, må krysset mellom fylkesveg 20 og tilkomstvegen til planområdet utbetrast, og det må opparbeidast veg-/fortausløyving for mjuke trafikantar langs tilkomstvegen frå fylkesvegen. Kryssutbetring skal, når det gjeld utforming og sikt, vere i samsvar med vegnormalen N100.



Herøy Kommune

Planomtale med KU\_detaljregulering deponi ytre hamn Fosnavåg

Utgåve: 2  
19.01.2018

DOKUMENTINFORMASJON

---

Oppdragsgivar: Herøy Kommune  
Rapporttittel: Planomtale\_detaljregulering ytre hamn Fosnavåg  
Utgave/dato: 2/ 19.01.2018  
Filnamn: Planomtale\_detaljregulering ytre hamn Fosnavåg.docx  
Arkiv ID  
Oppdrag: 606432-01–Detaljregulering deponi i Fosnavåg hamn  
Oppdragsleder: Yngvild Meinseth  
Avdeling: Landskap  
Fag: Reguleringsplan  
Skrevet av: Yngvild Meinseth  
Kvalitetskontroll: Nils Husabø  
Asplan Viak AS [www.asplanviak.no](http://www.asplanviak.no)

Revisjon 2. utgåve: Erlend S. Vikestrand, Herøy kommune.

---

## FORORD

Asplan Viak AS har vore engasjerte av Herøy kommune for utarbeiding av detaljreguleringsplan med KU for massedeponi i ytre hamn i Fosnavåg. Erlend Vikestrand og Jarl Martin Møller har vore kommunen sine kontaktpersonar for oppdraget. Frå Asplan Viak har Yngvild Meinseth, Alf Idar Småge, Birgit Katrine Rustad, Leif Egil Friestad, Kjell Arne Valvik, Sigurd Kjeldstrup og Gina Berge delteke i arbeidet.

Yngvild Meinseth har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Molde, 18.05.2017

Yngvild Meinseth

Oppdragsleiar

Nils Husabø

Kvalitetssikrar

Revidert versjon (2. utgåve) av Erlend S. Vikestrand, Herøy kommune

Fosnavåg, 19.01.2018



# 1 INNHALD

1	Innhald .....	3
2	Innleiing.....	5
2.1	Bakgrunn.....	5
2.2	Eigedomar i planområdet .....	6
2.3	Vedlegg til reguleringsplanen .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.4	Analyse av risiko- og sårbarheit .....	6
2.5	Gjeldande arealplaner .....	7
2.6	Andre relevante planer/føringar/strategiar .....	8
3	Planområdet.....	10
3.1	Staden .....	10
3.2	Dagens arealbruk.....	11
3.3	Staden sin karakter .....	12
3.4	Kulturminne og kulturmiljø .....	12
3.5	Naturverdiar .....	13
3.6	Rekreasjonsverdi .....	13
3.7	Universell tilgjenge .....	13
3.8	Trafikktilhøve.....	13
3.9	Støy .....	13
3.10	Lukt.....	13
3.11	Grunntilhøve .....	13
3.12	Annan risiko eller sårbarheit .....	14
4	Samråds- og medverknadsprosess .....	15
5	Merknader til varsel om oppstart .....	16
6	SkILDING av planforslaget.....	19
6.1	Planlagt arealbruk .....	19
6.2	Reguleringsføremål, jf. pbl.....	19
6.3	Busetnaden sin plassering og høgde .....	19
6.4	Leik og opphald ute.....	20
6.5	Sjøsida .....	20


6.6	Trafikk .....	20
6.7	Kai.....	21
6.8	Deponi .....	21
7	Verknader av planforslaget.....	22
8	Oppsummering.....	24
9	Kjelder.....	25

## 2 INNLEIING

### 2.1 Bakgrunn

#### 2.1.1 Føremålet med planen

Føremålet med reguleringsplanarbeidet er primært å legge til rette for deponering av massar frå mudring av indre Fosnavåg hamn. Hamna er for grunn slik den er i dag og Kystverket har utarbeidd forprosjekt for utdjuピング til kt -8,3. Massane som skal fjernast er planlagt varig lagra i strandkantdeponi i ytre hamn (denne detaljreguleringsplanen) samt i strandkantdeponi sør i Fosnavåg indre hamn (eigen detaljreguleringsplan).




Figur 2-1 Utdjuptionsområde og indre og ytre deponi (Illustrasjon frå Kystverket sitt forprosjekt)

#### 2.1.2 Forslagsstillar, plankonsulent

Forslagsstillar er Herøy kommune. Plankonsulent for detaljregulering er Asplan Viak AS. Kystverket, NGI, Rambøll AS, Multiconsult AS og Asplan Viak AS har utarbeidd temavurderingar som vert nytta i reguleringsplanarbeidet.

## 2.2 Eigedomar i planområdet



Figur 2-2 Eigedomar i planområdet – plangrense varsel om oppstart

## 2.3 Dokument til detaljreguleringsplanen

- Detaljreguleringsplankart
- Reguleringsføresegner
- Analyse av risiko og sårbarheit. ROS.
- Innkomne merknader
- Vedteke planprogram
- Konsekvensutgreiing
- Grunnundersøkingar sjø. 417849 – RIG-RAP-001. Multiconsult 2016
- Miljøgeologiske undersøkingar. 417849 – RIGm-RAP-001. Multiconsult 2016

## 2.4 Analyse av risiko- og sårbarheit

*For heile analysen sjå vedlegg.*


Eksisterande kai og busetnad i planområda ligg noko lågt i høve til tidevassflaum. Tiltak bør vurderast. Nytt terreng og ny busetnad må etablerast på anbefalt nivå jf. DSB sine tabellar. Planområdet er vindutsett. Konstruksjonar og område for opphald ute må tilpassast tilhøva. Ein bør i vidare planlegging/utbygging søkje å betre tilhøva for sårbare fugleartar. Vasskvaliteten i hamnebassenget er dårleg og bør utbetrast. Kaiene i planområda vert endra/borte. Bruksmessige konsekvensar og utforming av nye kaier må avklarast med brukarar/grunneigarar. Det må leggst til rette for tilgjenge for utrykkingskøyrety fram til båtar som ligg ved kai. Vass- og avløpsleidningar gjennom hamnebassenget må leggst om i anleggsperioden. Delar av hamna vert avstengd og prega av anleggsarbeid i lengre periodar i samband med mudring og deponering. Konsekvensar må avklarast med interessentar på førehand. Sjøbotnen i planområda er påvist forureina. Det vil bli støy frå anleggsarbeidet og kanskje også frå anleggsbåtar til kai om natta. Det er bustader tett på hamna. Plan for arbeidet må utarbeidast i samsvar med gjeldande regelverk og formidlast. Det vil vere

betydeleg risiko for spreieing av forureina partiklar i anleggsperioden. Det må utførast risikovurdering med utgangspunkt i vald framgangsmåte og planleggast tiltak. Avløpsanlegget i vestre del av planområdet har sjenerande lukt. Planen vil føre til trafikkauke til- og frå planområdet. Det er dårlege siktilhøve mellom lgesundvegen i planområdet og Fv20.

## 2.5 Gjeldande arealplaner

### 2.5.1 Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen vart godkjent i kommunestyret 30.10.2014 (planID 201250). Planen syner planområdet som framtidig sentrumsføremål.




Figur 2-3 kommuneplanen sin arealdel

### 2.5.2 Grunnlag for konsekvensutgreiing

Planarbeida er vurderte til å ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing jf. forskrifta §2, bokstav d) og f). Planprogram har vore på høyring og er vedteke.

### 2.5.3 Gjeldande reguleringsplan

Detaljregulering ID-201289 for Sjøsidea eigedom grensar til og ligg delvis inne i planområdet. Gjeldande plan syner bygningar som sentrumsføremål og areala mot sjø som kai. Resten av planområdet er uregulert.



Figur 2-4 Vedtekte reguleringsplaner i området

## 2.6 Andre relevante planer/føringar/strategiar

### 2.6.1 Kommunedelplan for fiskerihamner i Herøy

Plana peiker på at Fosnavåg bør vidareutviklast som ligge- og servicehamn for små og mellomstore båtar. Eit vesentleg tilhøve er behovet for utdjuing av indre hamn.

### 2.6.2 Nasjonal transportplan

Utbetringa av hamna i Fosnavåg ligg inne i NTP 2014-2023. På bakgrunn av dette har Kystverket utarbeidd forprosjekt for utdjuing av indre hamn med mudring og deponering av massar.

### 2.6.3 Vedtak i saka

Herøy kommunestyre vedtok å starte reguleringsarbeid for planområdet for å legge til rette for etablering av deponi 10.12.2015, sak 195/15. Planprogrammet vart endeleg vedteke 29.08.2016.

### 2.6.4 Stadanalyse Fosnavåg -2007

Stadanalysen for Fosnavåg vert sett på som eit sentralt grunnlagsdokument.

### **2.6.5 Arkitektkonkurranse for Fosnavåg – 2015**

Herøy kommune lyste ut parallelloppdrag til tre arkitektgrupper for Fosnavåg i 2015. Bakgrunnen var ønske om gode idear for som grunnlag for framtidig arealbruk og utvikling i kommunesenteret. Tema som er aktuelle i dag er "Solparken" og ny vidaregåande skule.

## 3 PLANOMRÅDET

### 3.1 Staden



Figur 3-1 Fosnavåg

Planområdet ligg nord for Fosnavåg sentrum, sentralt i Herøy kommune. Fosnavåg er kommunesenteret i Herøy. Planområdet er om lag 45 daa og ligg vest for innseglinga til hamna.



Figur 3-2 Planområde i Fosnavåg ytre hamn



## 3.2 Dagens arealbruk



Figur 3-3 Båt til kai i ytre hamn



Figur 3-4 Frå «nyfyllinga» mot Nerlandsøya og Remøya



Figur 3-5 Mot bygningar kring hamna



Figur 3-6 Mot Igesundvegen



Figur 3-7 Planområdet sett mot Fosnavåg. Avløpsanlegg til venstre.

Areala kring ytre hamn er i dag nytta til industri-, lager- og kontorbygg knytt til fiskerinæringa. Lengst vest i planområdet ligg eit kommunalt avløpsreinsanlegg (raudt bygg på figur 3-7). Områda er elles prega av utfylte steinmassar. Relativt store båtar nyttar kaiene som liggehamn.

### 3.3 Staden sin karakter

Industribygga er ikkje lenger i aktiv drift. Området er ikkje særleg strukturert anna enn dei føringane hamnebassenget gir. Bygningane kan ikkje seiast å ha særleg estetisk verdi.

Relativt store båtar nyttar kaiene som liggehamn. Områda kring ytre hamn er fragmenterte og prega av nyare steinutfyllingar. Det er likevel ei hamn og representerer difor kjernen i Fosnavåg sin identitet.

Området er tilnærma flatt med unntak av dei nyaste og yste steinutfyllingane som ligg som haugar. Areala er sentrumsnære og har flott utsikt mot Holmefjorden og vidare ut mot storhavet i vest. Eksponert for ver og vind.

### 3.4 Kulturminne og kulturmiljø

For ytre hamn finn ein ikkje samansette kulturmiljøverdiar med same tyngde som i indre hamn, sjølv om det også her ligg bygningar og kaier med historie knytt til fiskeria og Fosnavåg sin identitet.

### 3.5 Naturverdiar

Landareala i ytre planområde er utfylte, nakne flater med få naturverdiar. For hamna er det naturleg å anta at botnfauna er naturleg artsrik og mangfaldig, men det er ikkje utført undersøkingar. Hamna har vore aktivt brukt av fiskefartøy.

### 3.6 Rekreasjonsverdi

Områda har ikkje særleg rekreasjonsverdi slik dei ligg i dag, då steinfyllingane og strandsona er vanskelege å ferdast i. Området har mange naturgitte kvalitetar som kan utnyttast med betre tilrettelegging. Her er den tiltenkte promenaden sentral. Havutsikt og nærleik til sjø er sentralt her.

### 3.7 Universell tilgjenge

Området er ikkje universelt tilgjengeleg anna enn på køyrevegen i dag, men er relativt flatt og godt eigna for betre tilrettelegging.

### 3.8 Trafikktilhøve

Det er lite trafikk til og frå området i dag. Det er dårlege sikttilhøve mellom Igesundvegen i planområdet og Fv20.

### 3.9 Støy

Det er lite støy frå området i dag. Båtar til kai over natta har moglegheit til å ta ut landstraum. Båtar som beveger seg inn og ut gjennom «kanalen» støyer noko over grenseverdiane for bustader nær leden. Det er utført støyfagleg utgreiing som syner at det ikkje er støy i planområdet. Rapporten syner vidare at ei eventuell dobling av skipstrafikken ikkje vil gi støyproblem i planområdet. Støyrapporten ligg vedlagt saka.

### 3.10 Lukt

Avløpsanlegget (silanlegg) i vestre del av planområdet spreier sjenerande lukt i omgjevnaden i periodar.

### 3.11 Grunntilhøve

Det er utført geotekniske- og miljøtekniske undersøkingar (Bl.a. 417849-RIG-RAP-001 og 417849-RIGm-RAP-001. Multiconsult 2016).

Prøvene syner sand med mykje skjelrestar ned til 4-5 m under havbotn-nivå. Eit borpunkt syner siltig sandig leire i 5-7m djupne og leirig silt med skjelrestar i 7-8m djupne. Bergoverflata varierer mellom kote -5,4 og -37,2.

Innhaldet av tungmetall er lågt i alle prøver (T1 og T2). Nikkel er påvist i T3 i ein prøve. TBT er påvist i T5 i 2 prøver, T4 i ein prøve og T4 i ein prøve. Overflatesedimenta består av lysfarga sand, utan særleg innhald av silt eller organisk karbon. Påviste forureiningar kan primært knytast til finstoffandelen, som her utgjør ein liten del av sedimenta sitt totale volum.

### **3.12 Annan risiko eller sårbarheit**

#### *Havnivåstigning og stormflo*

Planområdet er vurdert som sårbart for havnivåstigning og stormflo. Eksisterande kaier og bygningar ser ut til å ligge noko lågare enn tilrådinga frå Direktoratet for sikkerheit og beredskap (DSB). I tillegg vil ein i dette området få påverknad frå vind og bølger.

## **4 SAMRÅDS- OG MEDVERKNADSPROSESS**

### **4.1.1 Varsel om oppstart**

I samsvar med §12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova vart det varsla oppstart av planarbeid og høyring av planprogram den 05.02.2016. Frist for innsending av merknader var 21.03.2016.

### **4.1.2 Planprogram**

Føremålet med planprogrammet var å avklare kva problemstillingar som er vesentlege i høve til miljø, naturressursar og samfunn, og kva tema som ville krevje ytterlegare kartlegging og utgreiing.

Planprogrammet beskriv konsekvensutgreiing for naturmangfald, landskap, forureining, beredskap ogulukkerisiko, trafikktryggleik i anleggsperiode, havnivåstigning, stormflo, omsyn til barn og unge, trafikk og parkering og grunntilhøve. Manøvreringstilhøve i hamna skal også undersøkast. I tillegg er kulturmiljø vurdert.

### **4.1.3 Anna medverknad**

Det vart halde ope informasjonsmøte om reguleringsplanarbeidet og Kystverket sitt forprosjekt 11.10.2016. Kommunen har møtt grunneigarar for avklaringar i høve til deira eigedomar.

## 5 MERKNADER TIL VARSEL OM OPPSTART

### 5.1.1 Fylkesmannen i Møre og Romsdal

#### *Merknad*

KU bør belyse forureiningsfaren under sjølve tiltaket, særlig med tanke på luktproblematikken. Sedimenta som skal mudrast inneheld mykje organisk materiale som kan gi luktplager. Mudring /deponi i sjø krev særskilt løyve etter forureiningsforskrifta. Geotekniske tilhøve bør avklarast i løpet av reguleringsplanprosessen. Kan området bli utsatt for ras og utglidingar? Er sjøbotnen der deponiet skal ligge forureina? Muddermassane må truleg av-vatnast på ein eller annen måte. Korleis skal dette gjerast? Fylkesmannen føreset at det vert gjennomført ein meir grundig ROS-analyse for planområdet.

#### *Svar*

Lukt vil vere eit tema for KU-vurdering. Kystverket vil utarbeide prosjektplan for tiltaket og søke om løyve etter forureiningsforskrifta. Det er utført grunnboring og utarbeidd geotekniske rapportar for dei planlagde deponiområda. Resultata frå desse vert summerte opp i KU og planomtale. Det er utført miljøundersøkingar for planområdet. Temaet vert diskutert i plansaka. Kystverket vil legge fram plan for gjennomføring av tiltaket. Det vil bli gjennomført ein meir omfattande ROS-analyse for planområdet enn Fylkesmannens sjekklister.

### 5.1.2 Møre og Romsdal Fylkeskommune

#### *Merknad*

Har på nåverande tidspunkt ingen spesielle merknader til oppstart av planarbeidet, men saknar at planprogrammet gjer meir greie for kva som skal utgreiast gjennom planarbeid/KU.

#### *Svar*

Ok.

### 5.1.3 Bergen sjøfartsmuseum

#### *Merknad*

Museet kjenner ikkje til kulturminner i ved innseglinga til Fosnavågen. Ingen merknader til varsel om oppstart. Museet gjer merksam på varslingsplikt ved funn av skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminner, jf. Kulturminneloven.

#### *Svar*

Ok.

### 5.1.4 Fiskeridirektoratet

#### *Merknad*

Fiskeridirektoratet vurderer det som nødvendig at det i samband med utfylling i sjø og mudring vert utført vurderingar opp mot Fosnavåg Pelagic som hentar sjøvann i området. Det må være ein klar føresetnad at eksisterande næringsverksemd ikkje vert negativt rørt av tiltaket. Det vert føreset at det vert nytta siltskjørt/siltgardin eller tilsvarande under utfylling av masse i sjø for å redusere spreing av partiklar. Utfylling av masse bør primært skje på hausten og tidleg vinter. Det må visast særleg aktsemd ved mudring i og lagring av forureina sediment. Fiskeridirektoratet kjenner ikkje til andre spesielle fiskeri- og havbruksinteresser

enn Fosnavåg Pelagic som kan bli skadelidande av tiltaket. Fiskeridirektoratet har ingen ytterlegare merknader til forslaget.

*Svar*

Mudringa og deponeringa sitt influensområde vil bli vurdert. Nemnde tilhøve vert vurderte i plansaka, og vert skildra meir inngåande i Kystverket si detaljplanlegging av tiltaket.

### **5.1.5 Kystverket i Midt-Norge**

*Merknad*

Prosjektet med utdjuplingsarbeid i indre hamnebasseng i Fosnavågen er fremma i Nasjonal transportplan på bakgrunn av Fosnavågen sin status som aktiv fiskerihamn. Størrelse på planområdet må avklarast i høve til massevolum som skal deponerast. Aktuelt til vurdering i KU er marinarkeologi, geoteknikk, miljøundersøkingar, lukt, straum, bølger og stormflo (klimapåverknad), påkjøringsfare skip, endra manøvreringstilhøve som følge av ny «strandlinje», om ny kai er egna, verknader av tap av eksisterande, skjerma kai? Korleis vil auka bruk av indre hamnebasseng med større båtar verke inn på farbarheit og konsekvensar for innseglingssløpet kontra småbåtar/fritidsbåar langs innseglinga. Analyser frå arkitektkonkurransen for Fosnavåg sentrum, samt tidligare planer ser ut til å være i konflikt med føreståande plan om utfylling. Behovet for økt djupne i indre hamnebasseng verker å vere i utakt med visjonane for utvikling av Fosnavåg hamn. KU bør beskrive om tiltaka samsvarar/ikkje samsvarar med gjeldande planar og visjonar for dei to planlagde deponiområda.

*Svar*

Marinarkeologi er kvittert ut jf. tilbakemelding frå Bergen sjøfartsmuseum. Dei fleste andre nemnde punkt vil i stor grad verte avklart gjennom Kystverket si eiga prosjektering.

Planarbeidet vil beskrive korleis tiltaket samsvarar med gjeldande planer.

### **5.1.6 NVE**

*Merknad*

Ved utfylling i sjø må det utførast geoteknisk vurdering av områdestabilitet og grunnforhold slik at ikkje tiltaket medfører risiko for utglidingar eller setningssskadar.

*Svar*

Grunnundersøkingar er utført.

### **5.1.7 Statens vegvesen**

*Merknad*

Ingen merknad

*Svar*

Ok.

### **5.1.8 Fosnavåg rederipark**

*Merknad*

Fosnavåg rederipark er nabo til planområdet, ønskjer planane velkomne og har til hensikt å tilpasse seg planane om utvikling i Fosnavåg sentrum på beste måte. Det vert føresett at naboar ikkje vert påført skade/ubehag ved at «giftig» masse vert plassert framføre naboeigedommar. Tilhøve som dårleg lukt eller annan miljøskade vil gjere det utrivelig for

firma som allereie er etablerte i området, både i anleggsfase og ferdig situasjon. Planområdet må sikrast både mot storbåra og mot etablert land (kaiene). Planområdet må planerast ferdig og påførast tilfredsstillande toppdekke over deponimassane.

Planområdet må ferdigstillast i alle endar, både mot sjø og etablert landområde før entreprenørane forlet området slik at området ikkje blir liggande som eit aude, uferdig areal slik som til dømes på Leinene og delvis på Kvalsund.

#### *Svar*

Det må skillast mellom anleggsfase og ferdig utfylt deponi. I anleggsfase må ein del midlertidige ulemper som lukt og støy påreknast. Detaljreguleringsplanen vil stille krav om etablering av stabilt og tett toppdekke. Om etablering av utbyggingsklart toppdekke vil bli mogleg eller om ein må pele til fjell, vil truleg bli vanskeleg å svare på før setningsfasen for dei deponerte massane er ferdig.



## 6 SKILDING AV PLANFORSLAGET

### 6.1 Planlagt arealbruk

Innafor planområdet skal det etablerast deponi for forureina massar frå indre Fosnavåg hamn. Massane kjem frå Kystverket si mudring for utdjuping av hamna frå kt.-6 til kt -8,3. Deponiet skal avgrensast med steinsjettee og spuntvegg som etter ferdig deponering av massar vil fungere som kai for næringsverksemdene i området. Deponiet vert stabilisert på toppen med fiberduk, geonett og forsterkingslag.

### 6.2 Reguleringsføremål, jf. pbl

#### Bygningar og anlegg

Bustader – konsentrert  
Sentrumsføremål  
Avløpsanlegg

#### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg  
Fortau  
Gangveg  
Annan veggrunn – grøntareal  
Kai  
Parkering

#### Grønstruktur

Friområde  
Turveg

#### Bruk og vern av sjø og vassdrag

Hamneområde i sjø

#### Føresegningsområde

#1 – Offentleg tilgjengeleg gangveg  
#2 – Deponi  
#3 – Deponi reine massar  
#4 – Område som ikkje skal bebyggast

#### Omsynssone

H140\_Frisikt  
H320\_Flaumsone

### 6.3 Busetnaden sin plassering og høgde

Det er foreløpig ikkje lagt konkrete planer for nye bygningar i reguleringsplanområdet ut over skissestadiet, men det er ønskjeleg å regulere for mulegheiter framover. Dette gjeld særskilt for område BBB1. Eksisterande bygningar i områda for sentrumsføremål (BS) er planlagt behalde og evt. bygd på/transformert.

#### BBB1

Som byggegrense frå sjø er nytta 20 m, då dette er rettleiande i kommuneplanens arealdel.

Området er vurdert som sentrumsnært, attraktivt og eigna for universell tilrettelegging. Det er difor opna for 4 etasjar i område BBB1, slik at det her vert mogleg å etablere eit godt bustadtilbod for fleire. BYA er sett til 60%.

### **BS1-3**

Det er fortrinnsvis ønskjeleg å nytte den bygningsmassen som finst i området i dag. For den tidlegare klippfiskfabrikken i BS1 er det aktuelt å bygge på ein etasje over dagens nivå. BS2, som i dag mellom anna er lager og tomme produksjonslokale i tillegg til å huse Rederiparken, er venta å bli aktuell for ny utvikling med meir aktivitet generelt i området. Heile BS2 er gitt same høgderamme som dei høgaste bygga i bygningskomplekset i dag. Område S i vedteke reguleringsplan for Sjøside Eigedom, er ei sentral tomt i dag og er vente å bli enda meir aktuell framover. Denne er gitt utvidingsmoglegheiter i BS3.

## **6.4 Leik og opphald ute**

Det er sett krav til planlegging, godkjenning og etablering av leikeplassar og anna uteareal. Det vil vere særskilt viktig å finne dei gode stadane for opphald ute då planområdet er verutsett. Bakkenivået i planområdet må truleg generelt hevast ein del, evt. skjermast mot stormflo og bølgepåverknad på anna vis.

Område #4 skal ikkje bebyggast då det er eit fint område for uteopphald.

To leikeplassar er sett av i plankartet, med tilhøyrande føresegner. BLK1 skal sikre leikearealet for bustadområdet BBB1, medan BLK2 skal sikre leikeareal for BS 1 og 2.

## **6.5 Sjøside**

Det er planlagt ein offentleg turveg mellom bustader og sjø vest for BBB1. Dette er eit flott område med utsikt over fjorden. Det er i dag i hovudsak fylling i området. Glimt av holmane under stikk fram. Dei utfylte massane er erosjonsprega og det er verhardtd på denne sida. Det vil vere behov for ytterlegare erosjonssikring/plastring langs sjøkanten heile vegen då massane som ligg der vert vaska ut. Stien ligg sentrumsnært og bustadært og vil truleg bli populær. Den er godt eigna for universell tilrettelegging og bør ha benkar, god belysning og dekke som kan nyttast med barnevogn, rullestol/rullator.

## **6.6 Trafikk**

### **6.6.1 Trafikkmengde**

Det er ikkje berekna trafikkaue til/frå planområdet då ein enda ikkje har talet på bustader eller berekningsgrunnlag ut frå BRA for ulike aktivitetar, men det er klart at planområdet vil generere vesentleg trafikkaue av både køyrande og mjuke trafikantar ferdig utbygd.

### **6.6.2 Tilkomst**

Hovudtilkomst er i første omgang tenkt frå lgesundvegen. På sikt vil det vere aktuelt å betre tilgjenge til området frå sentrum ved å etablere o\_SKV1 kring BS3.

### **6.6.3 Parkering**

Det er opna for ulike parkeringsløyisingar i delområda. Dekning skal følgje kommunen sin norm.

For BBB1 er ambisjonen å etablere parkeringskjellar.

BS1 har stort areal og det kan finnast plass til eiga parkering.

BS2 er vanskelegare og er difor gitt moglegheit til å nytte parkeringshuset like aust for planområdet eller andre nærliggande område til å oppfylle kravet.

For BS3 og S i gjeldande plan for Sjøside Eigedom vil o\_SPA1 ver godt eigna til P-areal. o\_SPA1 er likevel vist som offentleg for å sikre fleksibilitet i bruken for ulike interessentar.

## **6.7 Kai**

Det er opna for ny kai på utsida av fyllingssjeteen i nordaust. Deponiet fjernar dei eksisterande kaiene i området og det er behov for å erstatte desse. Området er noko verutsett, men det er sær seldan tilhøva er slik at ein ikkje kan liggje til kai her.

## **6.8 Deponi**

Deponiet vil strekkje seg over fleire føremålsområde og er difor vist i reguleringsplanen med eige føresegnområde. Det vil i praksis vere snakk om to ulik deponi. Kystverket sitt i #2 og Herøy kommune sitt i #3. Deponiet i #3 vil berre innehalde reine massar. Alle detaljplanar kring deponia vil gå fram av søknad til Miljødirektoratet ved Fylkesmannen, innafor dei fysiske rammene reguleringsplanen gir.

## 7 VERKNADER AV PLANFORSLAGET

Vedlagt planforslaget følger ei konsekvensutgreiing (KU). Det følgjande kapittelet tek føre seg ei kort oppsummering av tema og funn i konsekvensutgreiinga.

### 7.1.1 Naturmangfald

Landareala i ytre planområde er utfylte, nakne flater med få naturverdiar. For hamna er det naturleg å anta at botnfauna er naturleg artsrik og mangfaldig. Hamna vert fylt opp av deponimassar og botnfaunaen som finst i dette området vert borte. Dei store, nakne fyllingsflatene som ligg i planområdet i dag er planlagt utvikla med nye bygningar, vegsystem og grøntareal.

Eventuelle negative konsekvensar i dei tilgrensande sjøområda som følge av mudring eller utfylling vert vurdert til å vere meir avgrensa og lokal (rask sedimentering). Risiko for spreieing av forureining som følge av mudring/utfylling vert difor vurdert som låg.

### 7.1.2 Landskapsbilde

Det er ein tradisjon for att-fylling av bukter og vikar i Fosnavåg sidan dette har gått føre seg i generasjonar. Likevel rører slike endringar i stor grad ved dei lokale kjerneverdiene i landskapet. Møtet mellom sjø og land er her frå naturens side forma med variasjon og i småskala målestokk. Attfylling av hamna vil vere i utakt med dei naturgitte føresetnadene og redusere opplevingsverdien av landskapsrommet.

Anna utvikling i planområdet vil aktivere flater som i dag står fram som uferdige har negativ opplevingsverdi i eit elles stor slått landskap.

### 7.1.3 Kulturmiljø

Det er ikkje påvist særskilte kulturminne i planområdet, men å fylla att hamnerom vert rekna som særskilt negativt for det heilskaplege kystkulturmiljøet i Fosnavåg.

### 7.1.4 Trafikksikkerheit

Nye bustadområde og forretningsaktivitet vil gi betydeleg trafikkauke til og frå planområdet. Det er dårlege siktilhøve frå lgesundvegen inn mot Fv20. Fortau manglar. Fv20 er tilkomstveg til Nerlandsøya.

### 7.1.5 Havnivåstigning og stormflo

Nye tiltak vert føreset etablert i samsvar med gjeldande krav og vil difor vere sikra. Eldre kaier og bygningar ligg til dels på noko lågt nivå. Her kan det oppstå skade. Området er vindutsett og det er viktig å sjø bølgebelaasting som følge av vind saman med dei anbefalte stormflotala.

### 7.1.6 Konsekvensar for barn og unge

Planområdet er ikkje tilrettelagt for barn i dag og delar av området er farleg og ikkje eigna for opphald. Transformasjon til bumiljø med uteromskvalitetar vil betre tilhøva for barn og unge.

### **7.1.7 Samfunnskonsekvensar**

Reguleringsplana vil opne for utvikling i eit strategisk viktig område for kommunen då det ikkje lenger er ledig areal for utvikling i Fosnavåg. Dette området vil såleis kunne gje gode utviklingsmoglegheiter i Fosnavåg.

### **7.1.8 Grunntilhøve**

Dei utfylte landareala i planområdet er planlagt utvikla med infrastruktur og nærings- og bustadbygg. Laster på grunnen vil kunne medføre setningar dersom fyllingane er ustabile, men det er truleg mogleg å pele til fjell. Massar til deponi i #2 skal plasserast innafor føremålsområdet og avgrensast mot innseglinga med steinsjete. For deponi i #3 vil det truleg vere meir aktuelt å avgrense med spunt. Dagens ytre hamn vert fylt heilt igjen. Det er ein føresetnad at steinmoloen vert etablert stabilt slik at ein ikkje får utgliding eller setningar. Geotekniske undersøkingar konkluderer med at dette er kan løysast. Moloen vil bli etablert først, slik at massar frå mudring kan fyllast i bassenget bak moloen. Planlagd tiltak vil ikkje påverke grunntilhøva (stabilitet og miljøtilstand) i ytre hamn i særleg grad.

### **7.1.9 Støy**

For båtar som overnattar og nytter hjelpemotor vil dette vere ei belastning på omgjevnaden, men dei har i dette området moglegheit til å nytte landstraum. Det vil vere ein anleggsfase med ulike støytilhøve. Det første som skal skje er etablering av steinsjete som avgrensing for deponi #2. Dette arbeidet vil truleg føre til noko meir trafikk til og frå området. Det er sett krav om utarbeiding av plan for anleggsfase. All støyande aktivitet, både i anlegg- og driftsfase skal halde seg til gjeldande krav.

### **7.1.10 Støv, lukt**

Dei forureina massene inneheld mykje organisk materiale som truleg vil gi ein luktproblematikk under arbeidet, både ved mudring og deponering. Det vil og kunne bli eit problem med svevestøv etter kvart som massane tørker ut i deponiet.

### **7.1.11 Trafikksikkerheit**

Gjeld mudring og deponering. Arbeidet med mudring og deponering er planlagt utført frå båt og vil ikkje i særleg grad påverke trafikken på land. Det vil bli noko transport av anleggsutstyr på bil i samband med prosjektet.

## 8 OPPSUMMERING

Grunntilhøva er undersøkte for sjø, og steinsjete kan etablerast. Massar kan fyllast bak utan fare for utgliding.

Støy i anleggsfase har potensiale til å verte eit problem og må takast omsyn til.

Lukt kan truleg bli eit problem i anleggsfasen. Prøvene som er tekne opp frå indre hamn luktar ikkje godt. Dette kan det bli utfordrande å gjere noko med. Det kan også bli støv frå dei flyktige massane ein tek opp om desse tørkar ut utan tildekking. Desse tilhøva talar for at ein bør søkje å gjere deponeringsprosessen for dei aktuelle massane så kort som råd slik at tildekking kan ta til.

Trafikksikkerheit vert ikkje vurdert som ei vesentleg problemstilling i anleggsfase då transport og aktivitet for ein stor del vil gå føre seg på sjø.

Botnen i hamna har naturlig artsrik flora og fauna. Dette vil verte borte, men deponeringsfasen vil truleg ikkje vere så problematisk med tanke på spreiding av partiklar då ein her har mykje sand som søkk til botnen relativt raskt.

Verdien av opne hamnebasseng vert sett som høg i samband med vurdering landskap og kulturmiljø. Verknaden av attfylling vert difor vesentleg negativ. Samstundes vert det i utgangspunktet vurdert som positivt å etablere nye bygningar og ny aktivitet i planområdet.

Nye tiltak i planområda vil måtte tilpasse seg krava som gjeld for havnivåstigning og stormflo. Dette vil truleg kunne løysast. Eksisterande busetnad ligg noko lågt og vil kunne bli skada i ekstremisituasjonar.

Samfunnskonsekvensen av attraktivt sentrumsnært utviklingsareal vil vere positiv.

## 9 KJELDER

Skriftlege og digitale kjelder nytta i analysen:

- Miljødirektoratet, <http://miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>
- Gislink, <http://www.gislink.no/kart/index.html?Viewer=GisLink>
- SVV, <http://www.vegvesen.no/Fag/Teknologi/Nasjonal+vegdatbank>
- NGU. <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>
- Riksantikvaren, Kulturminnesøk - <http://www.kulturminnesok.no/>
- VannMiljø, Miljødirektoratet. <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>
- Miljøgeologiske undersøkelser, 417849-RIGm-RAP-001, Multiconsult.
- Geoteknisk datarapport, 417849-RIG-RAP-001, Multiconsult.
- M-rap-001-Kartlegging av forurenset sjøbunn i Fosnavåg – 24-09-2013 Rambøll.
- M-rap-001-MTGU Fosnavåg-11-5-2015. Rambøll
- M-rap-002-Tiltaksplan mot forurenset sjøbunn i Fosnavåg – Herøy kommune-6-12-2013. Rambøll.
- 417849-RIGm-RAP-001. Miljøgeologiske undersøkelser. Multiconsult 2016.
- 417849-RIG-RAP-001. Geoteknisk datarapport. Multiconsult 2016.
- NGI Rapport. Fosnavåg fiskerihavn. 20100182-00-2-R. 13.10.2010.
- Støyvurdering Multiconsult. 415161/01.



WTV

Vår dato  
15.08.2017  
Dykkar dato  
15.06.2017

Vår ref.  
2016/722/KABJ/421.4  
Dykkar ref.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2015/1763	
1 / AUG. 2017	

**Herøy kommune**  
**Detaljregulering - reguleringsplan for Fosnavåg hamn - Ytre hamn gnr35  
bnr31 m.fl.**  
**Offentleg ettersyn - Motsegn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Generelt**

Føremålet med reguleringsplanarbeidet er primært å legge til rette for deponering av massar frå mudring av indre Fosnavåg hamn. Massane som skal fjernast er planlagt varig lagra i strandkantdeponi i ytre hamn (denne reguleringsplanen) samt i strandkantdeponi sør i Fosnavåg indre hamn (eigen detaljreguleringsplan). Planområdet er om lag 45 dekar og er etter gjeldande kommuneplan sett av til sentrumsføremål.

Plankartet viser at planområdet på land skal nyttast til konsentrerte bustader, sentrumsføremål avløpsanlegg, div. samferdsleanlegg/teknisk infrastruktur og grønstruktur. Det er ikkje lagt konkrete planer for korleis reguleringsplanområdet skal utformast utover skissestadiet, særleg når det gjeld område BBB1 (konsentrerte bustader). Fylkesmannen meiner generelt at ein flatereguleringsplan ikkje er avklarande i høve til kor leikeplassar skal plasserast og korleis ein eventuelt kan plassere enkeltbygg for å redusere støyulempar for bustadane ein skal etablere i området. Vi tilrår difor at denne planen blir endra til områdereguleringsplan med krav om detaljreguleringsplan enten samla for heile området eller i fleire detaljreguleringsplanar.

Fylkesmannen viser til forsøk med samordning av statlege motsegner som starta opp i vårt fylke 1. april 2015. Prosjektet er utvida til å gjelde ut 2017. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremmer motsegn på vegne av Statens vegvesen.

**Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgande punkt:**

**Statens vegvesen:**

Det må gjennom planframlegget innarbeidast rekkefølgjekrav om utbetring av krysset fylkesveg 20 og tilkomstvegen til planområdet og opparbeiding veg-/fortausløyising for



mjuke trafikantar langs tilkomstvegen frå fylkesvegen. Dette må gjennomførast før utbygging i BBB1 og BS1 tek til. Kryssutbetringa må i høve til utforming og sikt baserast på krav nedfelt i vegnormalen N100.

#### Fylkesmannen:

- Som grunnlag for detaljregulering av bustadområdet må det ligge føre ei støyfagleg utgreiing som viser framtidig støytilhøve. Ein slik støyrapport skal stipulere framtidig støytilhøve og gi grunnlag for å stille krav til nødvendige støyreduserande tiltak som sikrar at bustader ikkje blir liggande i gul og raud støysone.
- Vi har motsegn mot planframlegget fram til eigna leikeareal er sikra gjennom plankart og føresegner.

#### Natur- og miljøvern

##### Forureining

Det er ikkje utført undersøkingar med omsyn til forureining på land. Området som er sett av til bustadar kan vere forureina og dette må undersøkast nærare før området takast i bruk. Dette er spesielt viktig der det etablerast leikeplassar og anna uteareal. Krav til dette bør fastsettast i rekkefølgeføresegnene.

Under § 2 Felles føresegner står det at tiltak som grip inn i forureina masse krev løyve frå Fylkesmannen. Her bør det skiljast mellom tiltak som grip inn i forureina masser på land, jf. forureiningsforskrifta kapittel 2, der kommunen er myndigheit, og tiltak i forureina sjøbotn der Fylkesmannen er forureiningsmyndigheit.

##### Landskapstilpassing

Planframlegget skisserer ei omfattande utbygging med etter måten store bygningar. Det må difor lagast illustrasjonar som frå ulike perspektiv viser kva visuelle verknader utbygginga vil medføre. Dette er nødvendig for både ulike offentlege mynde og innbyggjarane skal kunne ha høve til å ta stilling til planframlegget. (Utbygginga sin struktur og utforming).

##### Støy

Vi kan ikkje sjå at konsekvensutgreiinga gjer greie for støytilhøva for det nye bustadområdet med høve til nærleiken til hamna med båt-trafikk inn og ut og båtar som overnattar og nyttar hjelpemotor. Som grunnlag for detaljregulering av bustadområdet må det ligge føre ei støyfagleg utgreiing som viser framtidig støytilhøve. Ein slik støyrapport skal stipulere framtidig støytilhøve og gi grunnlag for å stille krav til nødvendige støyreduserande tiltak som sikrar at bustader ikkje blir liggande i gul og raud støysone. Vi har motsegn mot planframlegget til støyrapport ligg føre.

#### Samfunnstryggleik

Føresegna sett koter for golvhøgder på bygningar i tryggleiksklasse F1 og F2, og legg opp til at bølgepåverknad skal bereknast seinare ved søknad om rammeløyve. All risiko skal avklarast på tidlegast mogleg nivå, og Fylkesmannen meiner at bølgepåverknad skal fastsettast i føresegna.

### Barn og unge

Planframlegget set krav til planlegging, godkjenning og etablering av leikeplassar og anna uteareal. Føresegnene er også konkrete i høve til krav som skal stillast til nærleikeplassane. Det må likevel avklarast gjennom plankartet kvar leikeplassane skal ligge dersom dette planframlegget skal vere juridisk bindande som detaljreguleringsplan.

Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova. Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging frå Miljøverndepartementet gir rammer for planarbeidet på dette området. Vi viser også til Fylkesmannens satsing «Betre oppvekst» som mellom anna set eit særleg fokus på barn og unge sine interesser i arealplanlegginga.

I den vidare planprosessen vil vi særleg leggje vekt på at:

- Eigna areal til leikeareal må vere sikra i plankart og føresegner.
- Nye bustadområde skal ha minimum 50 m<sup>2</sup>/bueining til leikeplass og andre friområde.
- Innan 50 m frå alle bueiningar skal det vere ein nærleikeplass på minimum 200 m<sup>2</sup>.
- Opparbeiding av leikeareal må vere sikra gjennom rekkefølge- og funksjonskrav i føresegnene som t.d:
  - Leikeareal skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk
  - Nærleikeplass skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat

Vi har **motsegn** mot planframlegget fram til eigna leikeareal er sikra gjennom plankart og føresegner.

### Konklusjon

Det er reist motsegn til planen både frå Fylkesmannen og Statens vegvesen. Dersom kommunen endrar planen til å bli ein områdereguleringsplan med krav til detaljregulering, vil motsegnene frå Fylkesmannen kunne løysast gjennom detaljregulering. Motsegna til Statens vegvesen kan imøtekomast ved å endre føresegnene i tråd med planen.

Med helsing

Lodve Solholm (e.f.)  
fylkesmann

Jon Ivar Eikeland  
fagsjef – plansamordning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### Fagsaksbehandlar

Forureining: Anne Melbø, tlf. 71258515  
Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf. 71258489

**Kopi:**

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Kystverket Midt-Norge	Postboks 1502	6025	Ålesund
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2015/1763	15.06.2017	78004/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	17.08.2017

## Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for massedeponi gbnr 35/31 i Fosnavåg - fråsegn til offentleg ettersyn - vilkår for eigengodkjenning

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader

### MERKNADER TIL PLANOMTALE MED KU

#### Planfaglege merknader

Vi viser til brev 08.03.16 der vi etterlyste konkrete opplysingar om kva som skal utgreiast. Vi viser også til utfyllande brev 28.06.2017. Etter det vi kan sjå er det vedtekte planprogrammet det same som var sendt til høyring i februar 2016. Det er ikkje gjort endringar. Det med andre ord få rammer for kva konsekvensutgreiingane skal vise, utover ei heilt generell temaliste i kapitel 2.3. Det er med andre ord vanskeleg å evaluere KU opp mot konkrete krav i planprogrammet.

Planomtalen som er på høyring er kalla «Planomtale med KU-detaljeregulering deponi ytre hamn Fosnavåg». I planomtalen gjer ein i kapitel sju ei oppsummering av konsekvensutgreiinga. Her bør ein vise til den vedlagte konsekvensutgreiinga for å synleggjere korleis dokumenta heng saman. Slik planomtale og konsekvensutgreiing ligg føre no, er det mykje som tyder på at det er to separate dokument. Her må ryddast noko for å få dei til å høyre tydeleg saman. Det er mellom anna nokre punkt i konsekvensutgreiinga som er gjentakning frå planomtalen. Sjå også merknader til planforslaget.

### MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

#### Planfaglege merknader / barn og unge

I planomtalen er kapitel 2.3 kalla «Vedlegg til reguleringsplan». Her er feil bruk av omgrep. Plankart og føresegner kan ikkje vere vedlegg til plan; det er desse som er planen. Fleire av punkta er også element i konsekvensutgreiinga, men er lista opp på same nivå som denne.

Vi ønsker oss også ei grundigare utdjuing kring punkt 2.6.4 og 2.6.5 i planomtalen (trykkfeil; 2.6.1 i dokumentet). Ein bør sette lys på kva desse momenta gis slags føringar for reguleringa. Vi saknar i tillegg at kommunen sin sentrumsvisjon blir nemt og at ein problematiserer korleis ein ønsker å knytte nytt område saman med eksisterande sentrum.

I kapitel tre er planområdet beskrive, her stiller vi spørsmålstegn ved fleire punkt, mellom anna under 3.5 naturverdiar der ein skriv at: «...naturleg å anta at botnfauna er naturleg artsrik og mangfaldig». Kva er kunnskapsgrunnlaget? Finst det undersøkingar? Viss ikkje så er dette undersøkingar ein burde tinga gjennom planprogrammet.

Samstundes står det under 2.6 rekreasjonsverdi at «området har mange naturgitte kvalitetar..», men vi kan ikkje sjå at dei naturgitte kvalitetane er spesifisert.

I kapitel fire er det ikkje rett det som står under 4.1.2. Der er ingen konkrete tingingar, metodeskildring eller opplysingar og kunnskap eller kunnskapsbehov i planprogrammet slik vi har fått det. Her viser vi igjen til våre tidlegare merknader til varsel om oppstart.

I plankart og føresegner må teiknforklaringane og opplistinga av planføremaal vise det same. Det gjer det lettare og forstå og finne fram i dokumenta. I § 2 felles føresegner må ein vere konsekvent i bruken av omgrep, der er nemnt både utomhusplan og illustrasjonsplan. Vi går ut frå at det er det same plankravet det er snakk om og ber om at ein bruker same begrep i alle paragrafar og dokument.

I tillegg til kva ein utomhusplan skal vise, må ein avgrense kravet eintydig til kva areal han skal gjelde. Her er ikkje krav om samla uteomhusplan, verken for kvart føremål eller for delareal. Det betyr i juridisk forstand at det er opna for utbygging gjennom enkeltsøknader. Utomhusplanen vil ut frå dette ikkje vere tilstrekkeleg for å sikre omsyna ein skal ta. Sjå også § 9.3 i føresegna.

Det må leggst inn eit krav om sol/skyggeanalyse for leikeareala i uteomhusplanen. I § 2, femte ledd må ein gjere om på føresegna. Slik det står no, er det ikkje noko absolutt krav til privat uteareal utanom leikeareala. Det er tilsvarande heller ikkje noko krav om at storleiken på leikearealet skal følge talet på bustader. På dette punktet vil vi ha motsegn dersom planen ikkje blir endra.

Område #4 på plankartet er referert til som eit fint område for uteopphald. Er dette tilfelle og ein ønsker dette som uteområde, bør ein regulere til friområde /leik.

### **Tettstadutvikling**

Det er gjennomført både ei stadanalyse, arkitektkonkurranse og ein sentrumsvisjon er undervegs. Planforslaget må sjåast i samanheng med desse dokumenta, då dei er sentrale. Til dømes viser stadanalysen til ei vandrerute, der ein mellom anna legg vekt på vandring langs sjøen og viktigheita av gløtt ut mot «havet». Dette bør ein ta omsyn til. I sentrumsvisjonen nemner ein også vatn som eit viktig element i sentrum. Slik denne planen ligg føre, fjernar ein alle de små vikene og dei naturlege landskapsformasjonane som er med og gir særpreget og småskala overgang mellom land og sjø. Dette bør drøftast og grunngis.

### **Konklusjon**

Det må gjerast tydeleg i planføresegnene at det er krav til privat uteareal i tillegg til felles leikeareal. Kravet til storleik på leikeplassar må vere relatert til talet på bueningar. Planen kan eigengodkjennast dersom desse vilkåra blir innfridd.

Vi har elles nokre merknader av planfagleg karakter som bør takast til følge før endeleg vedtak.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann  
rådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir*

Fagsaksbehandlar

Tettstadutvikling: Tettstadkoordinator Arne Dag Gjerde, tlf. 71 28 03 49

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal

Kystverket Midt-Norge

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 07.07.2017 08:55:19

Til: Lisbeth Moltu Espeseth

Tittel: Ingen merknad til detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn - Ytre hamn - GBnr 35/31 mfl - Herøy kommune

---

**Fra:** Systad Terje [<mailto:tes@nve.no>]

**Sendt:** 6. juli 2017 15:20

**Til:** postmottak

**Emne:** Ingen merknad til detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn - Ytre hamn - GBnr 35/31 mfl - Herøy kommune

NVE har ingen merknad til detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn.

Med helsing

**Terje Systad**

Overingeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Arealplan, Region vest

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Telefon: 22 95 95 59

E-post: [tes@nve.no](mailto:tes@nve.no)

Web: [www.nve.no](http://www.nve.no)





KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

WV

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
16.06.2017	

Deres ref.:  
2015/1763

Vår ref.:  
2016/384-10

Arkiv nr.:  
413.2

Saksbehandler:  
Oddbjørn Sæther

Dato:  
09.08.2017

## Høringsuttalelse - Detaljreguleringsplan for Fosnavåg sentrum og ytre hamn - gnr 35 bnr 31 mfl i Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Visert til kommunens oversending 15.06.2017.

*Etter formannskapsvedtak 06.06.2017 sak 99 er planforslaget med tilhørende konsekvensvurdering lagt ut til offentlig ettersyn og høring.*

*Planområdet omfatter sjø og landareal i vestre del av sentrum og næringsområdet vest for sentrum, mot Holmefjorden.*

*Hensikten med planen er etablering av sjøvannsdeponi for mudringsmasser i forbindelse med utdyping/mudring av rene og urene masser i indre havnebasseng. Videre til planlagt etterbruk av arealet til utbyggingsområde samt offentlig kai i front mot nordvest.*

### Kystverket har følgende merknader

Nordre del av deponeringsområdet er framstilt utenfor kaiområdet og i manøverarealet inn mot den regulerte kaien. Vi oppfatter dette til å gjelde skråningsutslag for en innenforliggende sjete for massedeponiet.

For at planen skal være entydig/bestemmende anbefaler vi at det tas inn en bestemmelse for o\_SK1 og o\_VHS1 som sier hvilke dybde det skal være langs den nye kaifronten. Iflg sjøkart starter dybdene ved -10m LAT midt på planlagt kai og blir dypere vestover. Det bør tilstrebes lik dybde i hele lengden før retningsbruddet på kaien. Bestemmelsen må da ha innhold som sier at utfylling kan skje utenfor kaifront men ikke høyere opp fra sjøbunn enn at (x)-meter LAT oppnås ved planlagt kaifrontlinje.

Det kan her neppe påregnes framtidig utdyping i ytterskråningen av vernesjeteen for deponiet, noe som i så fall også bør framgå som bestemmelse.

Både ytre og indre del av Fosnavågen har vært havneområde siste 100 åra. Støy og/eller lukt fra havn og etablert næring er således ikke ukjent og skal være ivarettatt ved nybygging langs havneløpet.

Støy i anleggsperioden ved utdyping/mudring, frakt på sjø og/eller land samt etablering av vernesjete vil komme i tillegg. Luktproblematikk i forhold til masser som skal tas opp avhenger av metode. Detaljer vedrørende forannevnte må framgå av senere søknader om tiltak etter ulike lover. Tilsvarende vil gjelde eventuell stengning av farvann med tilhørende merking og kunngjøring.

### Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket  
Postboks 1502  
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)

For besøksadresse se [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson



Omlagging og nyetablering av kjente/ukjente avløp må også gjennomføres for å hindre nye tilsig/ny forurensning av indre havnebasseng.

I kap 4.7.3 i konsekvensutredningen som omfatter både indre og ytre havn blir det benyttet et kortere, men bredere dimensjonerende fartøy (Hunter).

#### 4.7.3 Konsekvens

##### *Indre hamn*

Indre hamn vert djupare, men det vert noko mindre areal att til manøvrering i hamna. Kystverket nyttar i sitt forprosjekt dimensjonerande båt (Smaragd) med lengde 67m og breidde 15,8m. Smaragd stikk 7,8m djupt. Kystverket har ikkje funne det nødvendig å køyre simulering av tiltaket. Herøy kommune nyttar ein mindre båt som dimensjonerande (Hunter). Denne båten er 45 m lang og 11m brei.

Etter vurdering frå kystskipper er tilbakemeldinga at båtar på storleik med Hunter ikkje vil ha problem med å manøvrere i Fosnavåg hamn. Det er ein føresetnad at ein har kontroll på tilhøve som kan påverke manøvreringa før ein går inn. Det gjeld mellom anna kva båtar som allereie ligg i hamna, vind og flo/fjøre. Det vil også framleis vere mogleg å legge til kai på 33/84 (like aust for deponi og spuntkai), men truleg kan det vere aktuelt å inngå samarbeid om å nytte den nye spuntkaien når den er etablert.

LITEN POSITIV KONSEKVENNS (+)

Videre en uttalelse fra kystskipper om at båtar av denne størrelse (L45xB11m) ikke vil ha problem med å manøvrere i havnebassenget etter at det er etablert et deponeringsområde i indre havnebasseng.

Dersom dette fartøyet skal være dimensjonerende for indre havn, savner vi opplysninger i utredningen om båtens dypgående ved last og hvorvidt behovet for mudringsdybde er i tråd med dimensjonerende fartøy.

Jfr også siste setning i KU kap 5.3 samla vurdering

Dimensjonerande farty vil greitt kunne manøvrere i hamna også etter etablering av deponi om tilhøva elles ligg til rette (Hamna er ikkje fylt opp av andre båtar o.l.).

Ellers ikke avgjørende merknader.

Med hilsen

Harald Tronstad  
regiondirektør

Oddbjørn Sæther  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og uten signaturer*

Eksterne kopimottakere:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE

Postboks 275  
6099 Fosnavåg

## **MERKNAD TIL DETALJREGULERINGSPLAN**

Som eier av hele hovedetasjen på gateplan på Sjøside Sameie har vi noen synspunkt på planen.

1.Vedrørende parkeringsplassen SPA1 så bør den legges helt inn til bygget. Dette pga av at kunder får kjøre nærmest mulig inngangsdøra. Ser det som lite sannsynlig at det blir bygd noe på kaia.

2.Det bør vere 2 innkjørsler til parkeringsplassen,se vedlegg. Dette for at kunder skal få komme seg enkelt inn og ut.

3.Vi har varemottak i dag å nordenden av bygget og ber om at veien som er tenkt forbi ivaretek et fortsatt funksjonelt mottak for butikken. Det er biler opp til 18 meter som leverer varer til butikken.

Meny er hovedleietaker og selger matvarer. Vil be om at prosessen med flytting av skitmassen blir håndtert på smidigste og beste måte vedrørende lukt. Det sier seg selv at viss vi skulle få noe av denne lukten i Meny butikken så vil det få store følger for butikkens omsetning. Dette vil selvfølgelig også gjelde øvrige leietakere i bygget, Vinmonopolet,Pernilles Clinique og Trendy Frisør.

**JON ROBERT MOEN**

*Jon R. Moen*

**Moen Eiendom AS**

Postboks 275

6099 Fosnavåg

Bygninger og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)

- Busteder - leilinger
- Sentrumsområde
- Anleggsanlegg

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)

- Kaystevig
- Fotballe
- Gangveg/gangfareveg
- Anlegg vegbane - grenselinje
- Kall
- Parkering

Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)

- Trening
- Fornnåde

Bruk og vern av sjo og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)

- Hammormsids lopp

Omsynsoner (PBL2008 §12-6)


- Faresone - flombåre
- Sluringsone - friskt

Føresognsområde (PBL2008 §12-7)

- Føresognsområde

Jurdiske linjer og punkt PBL2008

- Planen i anngrensing
- Faresonsgrense
- Fornnådegrense
- Sluringssonsgrense
- Føresognsgrense
- Byggingrense
- Fraktsløyfe
- Avkjørsel
- Påkjørt feltlinje



Disse kartene er utarbeidet med støtte fra Statens kartvesen

Kartprosjekt: 1000  
 Kartskala: 1:1000  
 Dato for beregning: 27.05.2017  
 Koordinatssystem: UTM zone 12 E 1999

AREALPLAN ETTER PBL AV 2008

Planlagt  
 Føresognsområde  
 Saksbehandling etter plan- og bygningsslova  
 Saknr: 14/2017

Kommisjonen for planarbeid  
 Dato for siste endring av planarbeid  
 Planarbeid

Høyde og sluttning  
 Kartprosjekt: 1000  
 PLANEN I ANNGRENSING

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 18.08.2017 08:44:22

Til: Lisbeth Moltu Espeseth

Tittel: Planforslag til offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Fosnavåg Hamn, Ytre deponi. g.nr 35/31 m.fl

---

**Fra:** Paul Harald Leinebø [<mailto:paul@phlseagold.no>]

**Sendt:** 17. august 2017 15:32

**Til:** postmottak

**Emne:** Vedr. Planforslag til offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Fosnavåg Hamn, Ytre deponi. g.nr35, bnr 31 m.fl

Att: Utviklingsavdelinga

Viser til mottekne dokument i saka for vidare handsaming. ( 99/17 Formannskapet)

Ser at merknad frå Fosnavåg Rederipark AS er teke med og kommentert. Vi håper at ulempene med lukt og støy i anleggsfasa ikkje vert så store at vi ikkje kan nytte våre lokaler på ein tilfredstillande måte.

Så har vi eit spørsmål til eigeforholda av grunnen vest for vår eigedom.

I dag fekk vi opplyst at heile område BAV1, BBB1, BS1, BS2 og BS3 fortsatt vert privateigd. Altså at Herøy Kommune kun skal eige GF1 ,SP1, SK1 og tilhøyrande kaianlegg, bil- og gangveger.

I såfall er det ei offentlig utbygging for eksisterande eigara av området rundt oss. Er dette korrekt?

Vi trudde at ei så stor utfylling med ny kaifronter og landområder vart erverva til Herøy Kommune eller det offentlege og seinare seld ut til private og utbygd i.h.t plan.

Særleg då saka vert framstillt som utviding av Fosnavåg By.

Nye bygg i område BS2 og BS3 som ligg nært inntil vår eigedom rett framfor oss vil fort ha betydning for våre interesser.

Så vårt spørsmål til Herøy Kommune er kven vil eige og kunne disponere areala som vert regulerte vest for Fosnavåg Rederipark AS sin eigedom.

For Fosnavåg Rederipark AS

Paul Harald Leinebø

Kind regards,

Paul Harald Leinebø

**PHLSEAGOLD / LEINEBRIS**

Pb.23, N-6099 Fosnavaag, Norway

Phone (+47)70080600

Fax (+47)70080601

Mobil (+47)90937999

E-mail: [paul@phlseagold.no](mailto:paul@phlseagold.no)

Web: [www.phlseagold.no](http://www.phlseagold.no)





## *Eggesbø Eiendom AS*

6092 FOSNAVÅG

Tlf 70088232  
Fax 70089655

Keiser Wilhelmst. 23  
6003 ÅLESUND

Tlf 70122040  
Fax 70122041  
E-mail [p-m-e@online.no](mailto:p-m-e@online.no)

Foretaksnr.

979910533

07/08/2017

Herøy kommune, Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

### **VEDR. INNSPEL TIL DETALJREGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN – YTRE HAMN**

Vi viser til Detaljreguleringsplan for Fosnavåg Hamn – Ytre Hamn. Som eier av Gnr 34, bnr. 489 og 513 kan Eggesbø Eiendom bli berørt av de foreslåtte tiltakene. Eiendommene er utleiet til Måløy Havneservice som driver produksjon og salg av is til fiskeflåten, salg av bunkers til fiske- og fritidsflåten samt distribusjon av oljeprodukter med egen tankbil til lokal industri og private.

Så vidt vi forstår basert på telefonsamtale med Erlend Sporstøl Vikestrand samt vedlagte arealplan vil den planlagte utfyllingen ikke direkte berøre kaiene som ligger på vår eiendom. I henhold til arealplanen vil fyllingen bli så langt mot vest at begge de to kaiene våre vil kunne benyttes som tidligere. Basert på denne forutsetningen har vi ingen innvendinger til foreslåtte tiltakene. Vi vil imidlertid presisere at vil er helt avhengig av kaiene for å kunne levere is og bunkers til kundene samt innforsyne anlegget med oljeprodukter fra tankbåt. Den lokale kyst- og sjarkflåten er også avhengig av å kunne ta is på anlegget for å kunne drive fiskeri i nærområdet.

Med vennlig hilsen  
for Eggesbø Eiendom AS

Per Magne Eggesbø  
Daglig leder

**Bygninger og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)**

- Bader - Bekker
- Samfunnsrom
- Avløpsnett

**Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)**

- Køyeveg
- Forstu
- Gangveg/gangveipåstige
- Annen veggrunn - grøntareal
- Kall
- Parkering

**Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)**

- Turveg
- Frøntåte

**Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)**

- Havnemråde i sjø

**Omsynsoner (PBL2008 §12-6)**

- Feresone - Fjernåte
- Skingsjore - Frest

**Føresegningsområde (PBL2008 §12-7)**


- Føresegningsområde

**Juridiske linjer og punkt PBL2008**

- Planen til avgrensning
- Føresegningsgrense
- Formålsgrense
- Skingsjingsgrense
- Føresegningsgrense
- Byggingrense
- Frestklynne
- Avløpsnett
- Påkjøpt lov innvitt

Bakgrunnen er i tillegg med svart grøllage

Kartprosjektinformasjon  
 Kjøpde for kartsett: 22.05.2017  
 Dato for last ned: UTM zone 32 / Euro89  
 Koordinatystem: UTM zone 32 / Euro89



AREALPLAN ETTER PBL AV 2008

Havnemråde

Saksbehandling etter plan- og bygningslova

Kommisjonen for planarbeid  
 Planarbeid

Høyning og offentlig ettersyn forfall:  
 Kommisjonen for planarbeid  
 PLANEN ER UTARBEIDET AV:

## Samanstilling av innspel til planforslag – Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn - Ytre hamn.

<p><b>Møre og Romsdal Fylkeskommune:</b></p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Feil bruk av omgrep i planomtale når det gjeld kva som er definert som sjølve planen og kva som er vedlegg til planen.</li><li>2. Varslar motsegn dersom det ikkje vert vist tydelegare i føresegnene at det er krav til privat uteareal, i tillegg til felles leikeareal. Kravet til storleik på leikeplassar må vere relatert til talet på bueningar.</li><li>3. Påpeikar at det må utførast sol/ skuggeanalyse for leikeareala. Leikeareala må ha minimum 50% sollys kl 15.00 ved vårjamndøgn.</li></ol>	<p><b>Svar:</b></p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Omgrepa er retta opp i. Kart og føresegner er sjølve planen, og ikkje vedlegg til planen.</li><li>2. Etter dialog med FK er føresegnene endra i §2 ledd 5-7. Her er det skilt meir tydeleg mellom felles leikeareal og privat uteopphaldsareal (MUA). Det er no sett spesifikt krav om minst 25 m<sup>2</sup> leikeareal per buening, med eit minimum areal på 200 m<sup>2</sup> leikeplass totalt sett. I tillegg skal det vere minst 25 m<sup>2</sup> privat uteopphaldsareal per buening. Motsegner skal varslast i samband med høyring av planforslaget.</li><li>3. Dette er sikra i føresegna §2, samt § 9.3. Det er elles ikkje teikna inn bygningsmasser i plankartet, noko som gjer det lite hensiktsmessig å utføre sol/ skuggeanalyser på dette stadiet.</li></ol>
<p><b>Fylkesmannen i Møre og Romsdal:</b></p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Har motsegn fram til eigna leikeareal er sikra gjennom plankart og føresegn.</li><li>2. Det må gjerast ei støyfagleg vurdering med støyrapport for bustadområdet med uteareal. Evt. må der stillast krav til støyreducerande tiltak.</li><li>3. Det må i tillegg lagast illustrasjonsplanar som visualiserer verknadene planforslaget vil medføre.</li><li>4. Bølgjepåverknad skal bereknast og sikkerheitsklasser skal fastsetjast i føresegner.</li></ol>	<p><b>Svar:</b></p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Motsegna er trekt då både plankart og føresegner er endra på ein slik måte at dei imøtekjem krava frå Fylkesmannen. Leikeareal er teikna inn i plankartet med tilhøyrande føresegner.</li><li>2. Støyfagleg rapport er framlagt og godkjend av Fylkesmannen. Rapporten viser at det ikkje er støyverdiar for planområdet som fører til at tiltak må iverksettast.</li><li>3. Illustrasjonsplanar er lite hensiktsmessig på stadiet ein er på no, då ein ikkje veit kva bygg som skal opp i planområdet. Dette vert ein flateplan, med relativt få detaljar.</li><li>4. Ein har valt å sette sikkerheitsklassene til grunn for reguleringsplanen, saman med krav</li></ol>

	om ytterlegare berekningar før rammeløyve vert gitt.
<p><b>Statens Vegvesen:</b></p> <p>Motsegn til følgjande punkt er innarbeidd i planforslaget: Rekkefølgjekrav om utarbeiding av krysset Fv20 – Igesundvegen og sikker veg for mjuke trafikantar langs tilkomstvegen til bustadområdet. Dette må vere gjennomført før utbygging i BBB1 og BS1 tek til. Kryssutbetringa må i høve til utforming og sikt baserast på krav i vegnormal N100.</p>	<p>Føresegnene er justerte i forhold til å imøtekomme motsegna. §.9.5 i føresegnene: <i>“Krysset Igesundvegen - Fv 20, samt tilkomstvegen til planområdet (del av Igesundvegen) skal utbetrast før utbygging av BBB1 og BS1 kan ta til. Kryssutbetringa og tilkomstvegen skal gjerast i forhold til krava som er nedfelt i vegnormalen N100”.</i></p> <p>Føresegna er trekt i brev av 19.01.2018.</p>
<p><b>Moen Eigedom AS v/ Jon R. Moen</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ønskjer at parkeringsplassen SPA1 vert strekt austover inn til bygget som husar mellom andre <i>Meny</i> butikken.</li> <li>2. Ønskjer at parkeringsplassen SPA1 har to inn/utkøyrslar.</li> <li>3. Ber om at varemottaket dei har i dag vert sikra framleis funksjonalitet etter at vegen SKV1 er etablert nord for dette varemottaket.</li> <li>4. Ber om at prosessen med deponering av forureina masse ikkje fører til sjenerande lukt, då dette vil ha stor påverknad for butikkar og bedrifter i bygget.</li> </ol>	<p><b>Svar:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. SPA1 vert behalde som planforslaget syner. Når det er sagt er det slik at formålet <i>“Sentrumsformål” (BS1-3)</i> også omfattar parkeringsareal. Det er difor ikkje slik at dette formålet gjer det umogleg å nytte det omtalte området til parkering, samanhengjande med SPA1. Dette må behandlast ved seinare byggjesak.</li> <li>2. Førespurnaden om to inn/utkøyrslar er teken til følgje og innarbeidd i plankartet.</li> <li>3. Varemottaket skal vere sikra med 6m avstand mellom kant på lasterampe og gangveg mot SKV1. Tilkomsten til lasterampa vert oppretthalden slik den er i dag.</li> <li>4. Luktproblematikk må ein pårekne under <b>anleggsfasen</b> av prosjektet. Kystverket har gitt innspel på at grada av lukt er vanskeleg å seie noko om før ein faktisk er i gang med prosjektet.</li> </ol>
<p><b>Fosnavåg Rederipark AS</b></p> <p>Spør om kven som vert eigarar av nytt opparbeidd areal, om dette skal vere i privat eige eller offentleg? Presiserer at eventuelle nye bygg på områda BS2 og BS3 vil ligge nært inn til eigedomen til Rederiparken og</p>	<p><b>Svar:</b></p> <p>Reguleringsplanen endrar ikkje sjølve eigedomsgrensene. Områda BBB1 og BS1-3 er eksisterande landareal, her vert ikkje eigedomsforholda påverka i samheng med reguleringsplanen. Nytt landareal over tenkt</p>



<p>følgjeleg påverke denne og Rederiparken sine interesser. Kven står som eigar av arealet regulert vest for Fosnavåg Rederipark AS?</p>	<p>deponi vert for det meste sett av til offentlig parkeringsplass (o_SPA1). Inste delen av dagens ytre hamn er sett av til Sentrumsformål (BS1) i planen. Eigedomsgrensar vert ikkje avgjort i reguleringsplanen, men det er vanleg å vidareføre eigedomslinjer frå land vidare over nytt utfylt landareal.</p>
<p><b>Eggesbø Eigedom AS</b> Viser til kontakt med sakshandsamar pr. telefon og presiserer i brev med innspel deira behov for dagens kai tilknytt is- og bunkersanlegg ytst i innseglinga til Fosnavåg hamn.</p>	<p><b>Svar:</b> Som forklart i telefonsamtale vil deponiet i ytre hamn ikkje råke ved denne kaia. Ein må kunne pårekne auka trafikk gjennom innseglinga i forbindelse med anleggsperiode.</p>
<p><b>Kystverket</b> Rår til at ein tek inn bestemmelsar for kai (o_SK1) og hamneområde i sjø (VHS) som seier noko om kva djupne som skal vere langs den nye kaifronten, dette for å gjere planen meir eintydig. Det bør vere lik djupne langs heile kaifronten, då ein ikkje kan rekne med framtidig utdjuping når det er etablert ein fyllingsfront under kaia.</p>	<p><b>Svar:</b> § 4.5 og § 6.1 i føresegnene er endra noko for å ta innspelet til følgje. Her er det lagt inn krav om ei minstedjupne på den aktuelle delen av kaia på -10 meter (LAT) for å sikre tilstrekkeleg djupne. Innspelet er dermed å sjå som teke til følgje.</p>



Herøy Kommune

Detaljregulering ytre hamn Fosnavåg. Risiko- og sårbarheit.

Utgåve: 1

Dato: 18.05.2017

## DOKUMENTINFORMASJON

---

Oppdragsgjevar:	Herøy Kommune
Rapporttittel:	Detaljregulering ytre hamn Fosnavåg. Risiko- og sårbarheit.
Utgåve/dato:	1/ 18.05.2017
Filnamn:	Risiko- og sårbarheit. Analyse.docx
Arkiv ID	
Oppdrag:	606432-01–Detaljregulering deponier i Fosnavåg havn
Oppdragsleder:	Yngvild Meinseth
Avdeling:	Samferdsel
Fag	Reguleringsplan
Skrevet av:	Yngvild Meinseth
Kvalitetskontroll:	Nils Husabø
Asplan Viak AS	<a href="http://www.asplanviak.no">www.asplanviak.no</a>

---

## FORORD

Asplan Viak har vore engasjert av Herøy kommune for å utarbeide ROS-analyse for Detaljreguleringsplan for ytre hamn Fosnavåg, Herøy. Planområdet ligg yst ved innseglinga til Fosnavågen. Yngvild Meinseth har vore kontaktperson for oppdraget. Alf Idar Småge, Leif Egil Friestad, Birgit Kathrine Rustad, Kjell Arne Valvik og Sigurd Kjeldstrup har delteke i oppdraget. Kontaktar i Herøy kommune har vore Erlend Sporstøl Vikestrand og Jarl Martin Møller. Vurderingane er delvis baserte på kunnskap om området gjennom synfaringar samt temautreiingar i samband med planprosessen.

Molde, 18.05.2017

Yngvild Meinseth

Oppdragsleiar

Nils Husabø

Kvalitetssikrar

**INNHALDSFORTEGNELSE**

Bakgrunn.....	4
Analyseobjektet.....	4
Metode .....	5
Uønskete hendinger og tiltak.....	7
Oppsummering.....	12
Kjelder.....	13

## BAKGRUNN


I følge plan- og bygningslova § 4-3 skal myndighetene ved utarbeiding av planer for utbygging sjå til at analyse for risiko- og sårbarheit vert gjennomført for planområdet. Analysen skal syne risiko- og sårbarheit-tilhøve som er viktige for om arealet er egna for føremålet, og eventuelle endringar i slike tilhøve som følge av planlagt utbygging. Denne ROS-analysen skal ivareta dette kravet.

For nærare detaljar om planområdet og planlagt arealbruk vert det vist til planomtalen.

## ANALYSEOBJEKTET

Kystverket og Herøy kommune har planar for mudring av hamna i Fosnavåg for å betre manøvrerings- og miljøtilhøva. Hamna har i dag seglingsdjupne på kt. -6. Seglingsdjupna er planlagt auka til kt. -8,3. Samstundes er det ønskeleg å miljømudre den sterkt forureina hamna. Utslepp frå bedriftene kring hamna har sedimentert seg på botnen og etter kvart danna eit betydeleg lag med forureina masse med til dels høgt organisk innhald. Massane er planlagt plasserte i to deponi, eitt inst i hamna i sør (eigen detaljreguleringsplan) og eitt i ytre hamn ved innløpet til Fosnavågen (denne detaljreguleringsplanen).

Deponiet i ytre hamn skal avgrensast med steinsjete (molo) og fyllast opp med deponimassar. Området kring deponiet er på sikt planlagt utvikla til bustadføremål samt sentrumsføremål (næring og bustad).



Figur 0-1 Planområdet i ytre hamn og utdjuingsområdet (mudringsområdet).

## METODE

Analysen er gjennomført med utgangspunkt i sjekklister frå DSB sin rettleiar, ROS i arealplanlegginga. Analysen er basert på føreliggjande forslag til reguleringsplan og tilhøyrande temarapportar samt Kystverket sitt forprosjekt for utdjuing av Fosnavåg hamn. I risikovurderingane er det teke utgangspunkt i gjeldande krav.

Moglege uønskete hendingar er sorterte i hendingar som kan påverke planområdet sin funksjon, utforming m.m. (konsekvensar for planen), og hendingar som direkte kan påverke omgivnaden (konsekvensar av planen). Tilhøve som er med i sjekklister, men ikkje er til stades i planområdet eller i planen, er kvittert ut i kolonnen «Aktuelt» og berre unntaksvis kommentert.

Vurdering av **sannsyn** for uønskete hendingar er delt i:

1. Lite sannsynleg – hendinga er ikkje kjend frå tilsvarande situasjonar/tilhøve, men det er ein teoretisk sjanse

2. Mindre sannsynleg – kan skje (ikkje usannsynleg)

3. Sannsynleg – kan skje av og til; periodisk hending

4. Svært sannsynleg – kan skje regelmessig; tilhøvet er kontinuerleg til stades

Kriterier for vurdering av **konsekvensar** for uønskete hendingar:

	Personskade	Miljøskade	Skade på eigedom, forsyning mm
1. Ubetydeleg	<i>Ingen alvorleg skade</i>	<i>Ingen alvorleg skade</i>	<i>Systembrot er uvesentleg</i>
2. Mindre alvorleg	<i>Få/små skadar</i>	<i>Ikkje varig skade</i>	<i>Systembrot kan føre til skade dersom reservesystem ikkje finst</i>
3. Alvorleg	<i>Behandlingskrevjande skader</i>	<i>Midlertidig/behandlingskrevjande skade</i>	<i>System vert sett ut av drift over lengre tid; alvorleg skade på eigedom</i>
4. Svært alvorleg	<i>Personskade som medfører død eller varig handikap; mange skadde</i>	<i>Langvarig miljøskade</i>	<i>System vert sett varig ut av drift; uoppretteleg skade på eigedom</i>

**Tabell 1. Prinsipp for samla risikovurdering som funksjon av sannsyn og konsekvens**

<b>Konsekvens:</b>	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
<b>Sannsyn:</b>				
4. Svært sannsynleg				
3. Sannsynleg				
2. Mindre sannsynleg				
1. Lite sannsynleg				

- Hendingar i raude felt: *Tiltak nødvendig*
- Hendingar i gule felt: *Tiltak skal vurderast ut frå kostnad jf. nytte*
- Hendingar i grøne felt: *«Billege» tiltak skal gjennomførast*
- Tiltak som reduserer sannsyn skal vurderast først. Om dette ikkje gir effekt eller er mulig, skal tiltak som reduserer konsekvensane vurderast.



## UØNSKTE HENDINGAR OG TILTAK

Tabell 2. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og mulige tiltak

Hending/situasjon	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
<b>Natur- og miljøtilhøve</b>					
<i>Ras/skred/flom/grunntilhøve: Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko for:</i>					
1. Masseras/-skred	Nei				
2. Snø-/isras	Nei				
3. Flomras	Nei				
4. Elveflaum	Nei				
5. Tidevassflaum	Ja	4	2		Aktuelt i høve til bygningar og terreng. Kaier ligg om lag på kt. 2. Bølgje-påverknad kan forsterke problemet. Nytt terreng og ny busetnad må etablerast på anbefalt nivå jf. DSB sine tabellar.
6. Ustabile grunntilhøve	Ja	4	2		Midlertidig på deponiflata til setningsperiode er avslutta. Framleis usikkert om deponiflata blir eigna som byggegrunn utan peling.
7. Radongass	Nei				
<i>Ver-, vindeksponering. Er området:</i>					
8. Vindutsett	Ja	4	2		Må takast omsyn til ved planlegging av terrengnivå, areal for opphald ute og konstruksjonar generelt.
9. Særleg nedbørutsett	Nei				Ikkje spesielt
<b>Natur- og kulturområde</b>					
10. Sårbar flora	Nei				
11. Sårbar fauna/fisk	Ja	3	3		Artane fiskemåke og ærfugl er observerte i Fosnavåg (nær trua). Svartbak, skjærpipelærke og gråtrost er også observert (ansvarsartar).

12. Verneområde	Nei				
13. Vassdragsområde	Nei				
14. Fornminne (afk)	Nei				
15. Kulturminne/-miljø	Nei				
<b>Menneskeskapte tilhøve</b>					
<i>Strategiske område og funksjonar. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for:</i>					
16. Veg, bru, knutepunkt	Nei				
17. Hamn, kai-anlegg	Ja	4	3		Kaiene i planområda vert endra/borte.
18. Sjukehus/-heim, kyrke	Nei				
19. Brann/politi/sivilforsvar	Ja	2	4		Det må leggest til rette for tilgjenge for utrykkingskjørety fram til nye kaier/ny busetnad.
20. Kraftforsyning	Ja	3	2		Det vil vere naturleg å vurdere tilrettelegging for landstraum for båtar i samband med etablering av ny kai.
21. Vassforsyning	Ja	4	2		Vassleidning til Fosnavaag Pelagic må leggest midlertidig om i anleggsperiode.
22. Avløpsnett	Ja	4	2		Det må etablerast nytt anlegg for delar av planområdet
23. Forsvarsområde	Nei				
24. Tilfluktsrom	Nei				
25. Område for idrett/lek	Nei				
26. Park, rekreasjonsområde	Ja	4	1		Hamna og mange av kaiene i sentrum kan reknast som rekreasjonsområde.
27. Vassområde for friluftsliv	Ja	4	2		Fritidsbåtar ligg til kai i Fosnavåg. Hamna kan i periodar verte stengd under mudringa. Hamnemiljøet kan verte prega av anleggsperioden.

<i>Forureiningskjelder: Vert planområdet rørt av:</i>					
28. Akutt forureining	Ja	4	2		Regelmessige lukthendingar frå avløpsanlegg/silanlegg vest i planområdet.
29. Permanent forureining	Nei				
30. Støv og støy; industri	Nei				
31. Støy; trafikk	Ja	4	1		Støy frå båtar
32. Støy; andre kjelder	Nei				
33. Forureina grunn	?				Ukjent
34. Forureining i sjø	Ja	4	3		Sjøbotnen i planområdet er påvist forureina.
35. Høgspenlinje	Nei				
36. Risikofylt industri mm (kjemikaliar/eksplosivar, olje/gass, radioaktivitet)	Nei				
37. Avfallsbehandling	Nei				
<i>Medfører planen/tiltaket:</i>					
38. Fare for akutt forureining	Ja	2	3		Ved uhell i anleggsfase eller uønskte hendingar/lekkasjar frå ferdig deponi.
39. Støy og støv frå trafikk	Ja	4	2		Det vil vere støy frå farty i anleggsperioden. Det vil også truleg vere støy frå lastebilar med steinmassar til molo.
40. Støy og støv frå andre kjelder	Ja	2	2		Dersom deponimassane tørkar ut utan tildekking kan det bli støvproblem.
41. Forureining i sjø	Ja?	4	2		Det vil vere risiko for uhell knytt til mudring-deponering.
42. Risikofylt industri mm (kjemikaliar/eksplosivar og liknande.)	Nei				
<i>Transport. Er det risiko for:</i>					

43. Ulykke med farleg gods	Nei				
44. Forstyrning for flytrafikk	Nei				
45. Vær/føre reduserer tilgjenge til området	Nei				
<i>Trafikksikkerheit</i>					
46. Ulykke i av-/påkjørslar	Ja	2	4		Planen vil føre til trafikkauke til- og frå planområdet. Det er dårlege siktilhøve mellom Igesundvegen i planområdet og Fv20.
47. Ulykke med gåande/syklende	Ja	2	4		Planen vil føre til trafikkauke til- og frå planområdet. Det er dårlege siktilhøve mellom Igesundvegen i planområdet og Fv20.
48. Ulykke ved anleggsgjennomføring	Ja	2	3		Risiko må førehandsvurderast. Det må takast omsyn til at anleggsarbeidet går føre seg tett på/i publikumsområde.
49. Andre ulykkepunkt	Nei				
<i>Andre tilhøve</i>					
50. Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	Nei				
51. Er det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken	Nei				
52. Regulerte vassmagasin med særskilt fare for usikker is, endringar i vasstand m.m.	Nei				
53. Naturlege terrengformasjoner som utgjer <i>særskilt</i> fare (stup, etc.)	Nei				
54. Gruver, opne sjakter, steintipper etc.	Nei				
55. Spesielle tilhøve ved utbygging/	Ja	4	2		Mudring, deponering og andre tiltak må tilpassast

gjennomføring					anna aktivitet i området.
---------------	--	--	--	--	---------------------------

## OPPSUMMERING

**Tabell 3. Oppsummering**

Konsekvens: Sannsyn:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
4. Svært sannsynleg	26, 31	5, 6, 8, 21, 22, 27, 28, 39, 41, 55	17, 34	
3. Sannsynleg		20	11	
2. Mindre sannsynleg		40	38, 48	19, 46, 47
1. Lite sannsynleg				

Hendingar/situasjonar som er vurdert å være sannsynlege til svært sannsynlege og/eller ha alvorlege til svært alvorlege konsekvensar, krev tiltak jf. tabell 1. Område med slikt risikonivå vert her kommentert nærmare.

### Natur- og miljøtilhøve

Eksisterande kai og busetnad i planområda ligg noko lågt i høve til tidevassflaum. Tiltak bør vurderast. Nytt terreng og ny busetnad må etablerast på anbefalt nivå jf. DSB sine tabellar.

Planområdet er vindutsett. Konstruksjonar og område for opphald ute må tilpassast tilhøva.

Ein bør i vidare planlegging/utbygging søkje å betre tilhøva for sårbare fugleartar.

Vasskvaliteten i hamnebassenget er dårleg og bør utbetrast.

### Menneskeskapte tilhøve

Kaiene i planområda vert endra/borte. Bruksmessige konsekvensar og utforming av nye kaier må avklarast med brukarar/grunneigarar.

Det må leggest til rette for tilgjenge for utrykkingskøyrety fram til båtar som ligg ved kai.

Vass- og avløpsleidningar gjennom hamnebassenget må leggest om i anleggsperioden.

Delar av hamna vert avstengd og prega av anleggsarbeid i lengre periodar i samband med mudring og deponering. Konsekvensar må avklarast med interessentar på førehand.

Sjøbotnen i planområda er påvist forureina.

Regelmessige lukthendingar frå silanlegg vest i planområdet.

Det vil bli støy frå anleggsarbeidet og kanskje også frå anleggsbåtar til kai om natta. Det er bustader tett på hamna. Plan for arbeidet må utarbeidast i samsvar med gjeldande regelverk og formidlast.

Det vil vere betydeleg risiko for spreiding av forureina partiklar i anleggsperioden. Det må utførast risikovurdering med utgangspunkt i vald framgangsmåte og planleggast tiltak.

Planen vil føre til trafikkauke til- og frå planområdet. Det er dårlege siktilhøve mellom lgesundvegen i planområdet og Fv20.

## KJELDER

Skriftlege og digitale kjelder nytta i analysen:

- Miljødirektoratet, <http://miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>
- Gislink, <http://www.gislink.no/kart/index.html?Viewer=GisLink>
- SVV, <http://www.vegvesen.no/Fag/Teknologi/Nasjonal+vegdatbank>
- NGU, <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>
- Riksantikvaren, Kulturminnesøk - <http://www.kulturminnesok.no/>
- VannMiljø, Miljødirektoratet. <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>
- Miljøgeologiske undersøkelser, 417849-RIGm-RAP-001, Multiconsult.
- Geoteknisk datarapport, 417849-RIG-RAP-001, Multiconsult.
- M-rap-001-Kartlegging av forurenset sjøbunn i Fosnavåg – 24-09-2013. Rambøll.
- M-rap-001-MTGU Fosnavåg-11-5-2015. Rambøll
- M-rap-002-Tiltaksplan mot forurenset sjøbunn i Fosnavåg – Herøy kommune-6-12-2013. Rambøll.
- 417849-RIGm-RAP-001. Miljøgeologiske undersøkelser. Multiconsult 2016.
- 417849-RIG-RAP-001. Geoteknisk datarapport. Multiconsult 2016.
- NGI Rapport. Fosnavåg fiskerihavn. 20100182-00-2-R. 13.10.2010.



Herøy Kommune

Konsekvensutgreiing deponi Fosnavåg

Utgåve: 1

Dato: 18.05.2017



## DOKUMENTINFORMASJON

---

Oppdragsgivar:	Herøy Kommune
Rapporttittel:	Konsekvensutgreiing deponi Fosnavåg
Utgåve/dato:	1/ 18.05.2017
Filnamn:	Konsekvensutgreiing deponi Fosnavåg.docx
Arkiv ID	
Oppdrag:	606432-01–Detaljregulering deponi i Fosnavåg hamn
Oppdragsleder:	Yngvild Meinseth
Avdeling:	Landskap
Fag	Reguleringsplan
Skrevet av:	Yngvild Meinseth
Kvalitetskontroll:	Nils Husabø
Asplan Viak AS	<a href="http://www.asplanviak.no">www.asplanviak.no</a>

---

## FORORD

Asplan Viak AS har vore engasjerte av Herøy kommune for utarbeiding av detaljreguleringsplan med KU for massedeponi i indre hamn i Fosnavåg. Erlend Vikestrand og Jarl Martin Møller har vore kommunen sine kontaktpersonar for oppdraget. Frå Asplan Viak har Yngvild Meinseth, Alf Idar Småge, Leif Egil Friestad, Birgit Kathrine Rustad, Kjell Arne Valvik og Sigurd Kjeldstrup delteke i arbeidet.

Yngvild Meinseth har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Molde, 18.05.2017

Yngvild Meinseth

Oppdragsleiar

Nils Husabø

Kvalitetssikrar

## INNHALD

1	Samandrag.....	4
2	Innleiing.....	5
2.1	Føremål og bakgrunn .....	5
2.2	Planområda.....	5
2.3	Lovgrunnlag og planprogram.....	6
2.4	Planstatus .....	6
2.5	Alternativ til vurdering.....	9
2.6	Metodikk.....	9
2.7	Vurderte tema .....	11
3	KU - anleggsfase.....	12
3.1	Grunntilhøve .....	12
3.2	Støy .....	14
3.3	Støv, lukt.....	17
3.1	Trafikksikkerheit .....	18
4	KU – varig situasjon .....	20
4.1	Naturmangfald.....	20
4.2	Landskap .....	22
4.3	Kulturmiljø .....	25
4.4	Skred .....	27
4.5	Trafikksikkerheit .....	30
4.6	Havnivåstigning og stormflo .....	31
4.7	Manøvreringstilhøve i hamn og innløp.....	34
4.8	Konsekvensar for barn og unge .....	35
5	Samla vurdering av konsekvensar.....	36
5.1	Anleggsfase .....	36
5.2	Varig situasjon.....	37
5.3	Kommentar – samla vurdering .....	38
6	Referansar og grunnlagsdata .....	39

# 1 SAMANDRAG

Det er sett i gang detaljregulering av to planområde i Fosnavåg. Føremålet med planarbeidet er primært å legge til rette for deponering av mudringsmassar frå indre hamn. Massane skal fjernast frå sjøbotnen for å auke seglingsdjupna frå -6m til -8,3m. Samstundes vil ein gjennomføre ei miljømudring av den forureina hamna. Massane er tenkt plasserte i to deponi som vert regulerte i to ulike detaljreguleringsplanar. Den eine reguleringsplana vil innehalde føremålsområde som opnar for etablering av deponi heilt sør i indre hamn og den andre reguleringsplana vil gi plass til nytt deponi i eksisterande hamnelomme ved innløpet til Fosnavågen.


Føreliggande datagrunnlag for konsekvensutgreiinga er Kystverket sin forprosjektrapport for mudring og deponering, grunnundersøkingar og miljøteknisk undersøking av massar som er planlagt flytta samt grunntilhøve i hamna. Dessutan er nytta: Rapport frå skredvurdering, synfaring, tilgjengelege databasar, kommunale planar, lokale ressurspersonar.

Gjennomføring av tiltaket inneber risiko for spreining av forureining i anleggsfase. Støy i anleggsfase må også takast omsyn til. Verdier som vert varig påverka av tiltaka er primært knytt til forureining, landskap og kulturmiljø.

## 2 INNLEIING

### 2.1 Føremål og bakgrunn

Fosnavåg hamn er ei aktiv fiskerihamn med for lita djupne. Dette skaper problem for både lokal flåte og andre farty som skal levere eller nytte hamna på annan måte. Dersom hamna fortsatt skal vere levande og framtidsretta må den utdjupast. Kystverket har laga forprosjekt for korleis ei slik utdjuping kan gjennomførast. Føremålet med reguleringsplanarbeidet er å legge til rette for etablering av strandkantdeponi for lagring av mudringsmassar frå hamna. Ein stor del av massane er forureina. Mudringa vil difor også vere ei miljøopprydding av indre hamn.




Figur 2-1 Utdjupingsområde og indre og ytre deponi (frå Kystverket sitt forprosjekt)

### 2.2 Planområda

Det er sett i gang reguleringsplanarbeid for to ulike planområde jf. figur 2.2.

Særleg for områda i ytre hamn er det i tillegg til deponiføremålet interessant for Herøy kommune å sjå på utvikling av eit større areal. Reguleringsplangrensa er difor strekt rundt eit område som naturleg formar seg av terrenget og som vil innehalde fleire arealbrukstema.

Denne utgreiinga beskriv konsekvensar for begge reguleringsplanområda.



Figur 2-2 Planområda jf. varsel om oppstart

## 2.3 Lovgrunnlag og planprogram

Planarbeida er vurderte til å ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og fell inn under vilkåra for konsekvensutreiing jf. forskrifta §2, bokstav d) og f).

Planprogram har vore på høyring og er vedteke for begge planområda.

## 2.4 Planstatus


### *Indre hamn*

Området som skal regulerast omfattar del av gjeldande (område)reguleringsplan for Fosnavåg hamn, godkjent 26.03.2015 (planID 1515\_2012\_63).



Figur 2-3 Gjeldande reguleringsplan


Kommuneplana sin arealdel. Kommuneplana vart godkjent i kommunestyret 30.10.2014 (planID 201250).




Figur 2-4 Kommuneplana sin arealdel.

#### Ytre hamn

Området som skal regulerast omfattar del av gjeldande reguleringsplan for Sjøside Eigedom AS, godkjent 28.11.2013 (planID 201289). Store delar av planområdet er i kommuneplana sin arealdel lagt ut til sentrumsføremål.



Figur 2-5 Eksisterende reguleringsplaner i området



Figur 2-6 Kommuneplana sin arealdel



## 2.5 Alternativ til vurdering

I samanlikning med 0-alternativet (dagens situasjon) skal det vurderast eitt tiltaksalternativ.

### 2.5.1 Alternativ 0

#### *Indre hamn*

Naturleg hamn i eit intimt landskapsrom omkransa av Tverrfjellet og Hornseten. Trongt hamnebasseng med seglingsdjupne 6 meter. Kring indre hamn finn ein næringsbygningar/bedrifter frå ulike tidsaldrar og med ulik funksjon knytt til båt og fiskeri. Nokre er aktive, men mange har avslutta drifte. Aktiv drift gjennom lang tidsperiode og dårleg nedbryting har ført til at sjøbotnen i heile indre hamn er sterkt forureina av miljøgifter og organisk materiale. Området er omfatta av nyleg vedteke reguleringsplan for sentrum og det som i dag er bygd areal er vist som framtidig næringsareal.

#### *Ytre hamn*

Ytre hamn ligg ved innseglinga til Fosnavågen omkransa av eldre næringsbygg knytt til fiskeria. Flatene kring hamna er danna av masse som er utfyllt i fleire omgangar. Området ligg sentrumsnært og er planlagt utvikla som sentrumsareal i kommuneplana sin arealdel.

### 2.5.2 Alternativ1

#### *Indre hamn*

